

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK IX. 33.



Mylnor og kvernar i Noreg

Etter uppteljingar i 1927—29.

I. bolken: Talet på bruk, eigedomstilhøva, mylnehus og kvernhus, hopelag med andre verksemder, verdeuppgåvor, drivkraft, drivverk og hestekraft.

(*Moulins en Norvège. D'après recensements dans les années 1927—29.*

I. Nombre des moulins, les différentes classes des propriétaires, etc., bâtiments, combinaisons avec agriculture, scieries, etc., données de valeur, force motrice, machines motrices et force de cheval.)

Utgjevar er

Statens Kornforretning.



OSLO

I KOMMISJON HJÅ H. ASCHEHOUG & CO.

1934

Norges Offisielle Statistikk, rekke VIII.
(Statistique Officielle de la Norvège, Série VIII.)

Rekke VIII.

Trykt 1932:

- Nr. 174. Sundhetstilstanden og medisinalforholdene 1929. (*Rapport sur l'état sanitaire et médical.*)
— 175. Det civile veterinærvesen 1930. (*Service vétérinaire civil*)
— 176. Rekruttering 1927. (*Recrutement*)
— 177. Norges jernbaner 1930—1931. (*Chemins de fer norvégiens*)
— 178. Norges industri 1930. (*Statistique industrielle de la Norvège*)
— 179. Meieribruk i Norge i 1930. (*L'industrie laitière de la Norvège en 1930*)
— 180. Norges skibsart 1930. (*Navigation*)
— 181. Den Norske Statskasses finanser 1913/14—1932/33. (*Finances de l'État*)
— 182. Folketellingen 1. desember 1930. I. Folkemengde og areal i Rikets forskjellige deler. Beboerde øyer. Hussamlinger på landet. (*Recensement du 1er décembre 1930. I. Population et superficie des divisions administratives, etc.*)
— 183. Sjømannstrygden 1929. Fisketrygden 1929. (*Assurances de l'État contre les accidents des marins. Assurances de l'État contre les accidents des marins pêcheurs*)
— 184. Norges telegrafvesen 1930—1931. (*Télégraphes et téléphones de l'État*)
— 185. Norges kommunale finanser 1929—1930. (*Finances des communes*)
— 186. Kommunevalgene 1931. (*Élections en 1931 pour les conseils communaux et municipaux*)
— 187. Norges postvesen 1931. (*Statistique postale*)
— 188. Jordbruksstillingen 20 juni 1929. Fjerde hefte. Oversikt. (*Recensement du 20 juin 1929. Aperçu général*)
— 189. Industriarbeidertrygden. Ulykkestrygden 1929. (*Assurances de l'État contre les accidents du travail*)
— 190. Kriminalstatistikk 1929 og 1930. (*Statistique de la criminalité pour les années 1929 et 1930*)
— 191. Undersøkelse om enkelte bankforhold pr. 31/7 1931. (*Recherches concernant les banques privées par actions et les caisses d'épargne par le 31ème juillet 1931*)
— 192. Folketellingen 1 desember 1930. II. Trossamfund. (Hjemmehørende folke-mengde.) (*Recensement du 1 décembre 1930: II. Population de droit classée par culte*)
— 193. Norges bergverksdrift 1931. (*Mines et usines*)
— 194. Landbruksareal og husdyrhold 1932. Representativ telling. (*Superficies agricoles et élevage du bétail de l'année 1932. Recensement représentatif*)
— 195. Norges civile, geistlige, rettslige og militære inndeling 1 juli 1932. (*Les divisions civiles, ecclésiastiques, judiciaires et militaires du royaume de Norvège le 1er juillet 1932*)
— 196. Folketellingen 1 desember 1930. III. Folkemengden fordelt etter: 1) kjønn, alder og ekteskapelig stilling, 2) livsstilling og 3) fødested. — „Oslobefolknings“ utenfor Oslo. (*Recensement du 1er décembre 1930: III. Population répartie par 1) le sexe, l'âge et l'état civil, 2) profession et 3) lieu de naissance. — Population d'Oslo hors d'Oslo*)
— 197. Forsikringsselskaper 1931. (*Sociétés d'assurances*)
— 198. Syketrygden 1931. (*Assurance-maladie*)

Trykt 1933:

- Nr. 199. Norges fiskerier 1930. (*Grandes pêches maritimes*)
— 200. Norges Brandkasse 1929—1931. (*Statistique de l'office national d'assurance contre l'incendie*)



Mylnor og kvernar i Noreg

Etter uppteljingar i 1927—29.

I. bolken: Talet på bruka, eigedomstilhøva, mylnehus og kvernhus, hopelag med andre verksemder, verdeuppgåvor, drivkraft, drivverk og hestekraft.

(*Moulins en Norvège. D'après recensements dans les années 1927—29.*

I. Nombre des moulins, les différentes classes des propriétaires, etc., bâtiments, combinaisons avec agriculture, scieries, etc., données de valeur, force motrice, machines motrices et force de cheval.)

Utgjevar er
Statens Kornforretning.



OSLO
I KOMMISJON HJÅ H. ASCHEHOUG & CO.
1934

H a l d e n
E. Sems trykkeri 1934

Etter samråd med Landbruksdepartementet hev Statens Kornforretning teke på seg å gjeva ut eit verk um „Norske Mylnor og kvernar“. Den statistikken som vert lagt fram her, er eit serpent frå fyrste band i dette verket.

Revisjonschef Einar Normann hev skrive utgredinga um statistikken og hev like eins sett upp tabellane med hjelp frå nokre av tenestemennene i revisjonen.

Statens Kornforretning, Oslo i mai 1934.

Oskar JahnSEN.

Innhold.

	Sida
<i>Innleitung</i>	9
<i>Tekst til tabellane i første bolken</i>	13
I. Stutt historisk yversyn	13
II. Um dei ymse slag mylnor og kvernar	19
III. Landskapsdeilinga	31
IV. Det statistiske tilfanget	32
V. Talet på bruка i 1919 og i 1927—29	34
VI. Mylnor og kallkvernar gjengne frå og komne til i tida frå 1919 til 1927—29	45
VII. Eigedomstilhøva i 1927—29	53
VIII. Mylnehus og kvernhus i 1927—29	59
a. Bruk med og utan serskilt hus	59
b. Byggjevyrke	60
c. Hustalet på bruка og høgder på mylne- og kvernhusa	63
d. Yverbygd grunn	66
e. Alderen på husa	68
IX. Hopelag med andre verksemder i 1927—29	76
X. Verdeuppgåvor frå 1927—29	80
XI. Drivkraft i 1927—29	89
XII. Drivverk i 1927—29	94
XIII. Hestekraft i 1927—29	107
<i>Tabellar:</i>	121
1. Mylnor og kvernar i 1919 og i 1927—29 i kvar bygd og kvar by .	122
2. Samandrag av uppgåvone um mylnebruk og kvernbruk i 1919 og i 1927—29	164
3. Mylnor og kallkvernar gjengne frå og komne til i tida frå 1919 til 1927—29	166
4. Handelsmylnor i 1927—29	172
(a. Talet på bruка. Eigrarar. Mylnehus og kvernhus. b. Alderen på mylnehusa (og kvernhusa). Hopelag med andre verk- semder. Verdeuppgåvor. c. Drivkraft. Drivverk og hestekraft.)	

Vedlegg attarst: Kartogram.

Table des matières.

	Pages
<i>Introduction</i>	9
I. Aperçu historique	13
II. Les différentes espèces des moulins	19
III. La partition des districts	31
IV. Matériaux statistiques	32
V. Nombre des moulins en 1919 et 1927—29	34
VI. Moulins disparus et établis depuis les années 1919 à 1927—29 .	45
VII. Les différentes classes des propriétaires, etc., 1927—29 . .	53
VIII. Bâtiments de moulin 1927—29	59
a. Moulins avec et sans bâtiment particulier	59
b. Matériaux de construction	60
c. Nombre des bâtiments des moulins et leurs étages	63
d. Terrain couvert	66
e. Âge des bâtiments	68
IX. Combinaisons avec autres professions 1927—29	76
X. Données de valeur 1927—29	80
XI. Force motrice 1927—29	89
XII. Machines motrices 1927—29	94
XIII. Force de cheval 1927—29	107
<i>Tableaux:</i>	121
1. Moulins en 1919 et 1927—29, par communes	122
2. Résumé des données sur les moulins en 1919 et 1927—29 .	164
3. Moulins disparus et établis depuis les années 1919 à 1927—29 .	166
4. Moulins de commerce 1927—29	172
(a. Nombre des moulins. Propriétaires. Bâtiments des moulins.)	
(b. Âge des bâtiments. Combinaisons avec autres professions. Données de valeur.)	
(c. Force motrice, machines motrices et force de cheval.)	

5. Moulins vicinaux 1927—29.	
A. Résumé des données du pays total, des grands districts et des préfectures	178
(a. Nombre des moulins. Données sur les différentes classes des propriétaires, etc., et sur les bâtiments des moulins. b. Combinations avec autres professions. Données de valeur. Force motrice. c. Machines motrices et force de cheval.)	
B. Résumé des données des arrondissements	214
(a. Nombre des moulins. Données sur les différentes classes des propriétaires, etc., sur les bâtiments des moulins, valeur vénale, combinations avec autres professions et sur force motrice. b. Machines motrices et force de cheval.)	
6. Moulins de ferme 1927—29	242
(a. Nombre des moulins. Données sur les différentes classes des pro- priétaires, etc., et sur les bâtiments des moulins. b. Force motrice et machines motrices.)	

Tableau supplémentaire des moulins de ferme. Force de cheval cal-
culée pour le pays total et pour les grands districts

Annexe: Deux cartogrammes.

Innleiding.

I den fyrste loga um landsens kornforsyning, som vart vedteken på Stortinget i 1926 (lov om landets kornforsyning av 25. juni 1926, nr. 7), var det teke inn i den 8de paragrafen fyresegner um korntrygd for det korn som kornavlarane sjølv hadde avla og som dei mol og nytta i eige hushald. For slikt korn kunde det betalast ut til avlarane i korntrygd 4 øyre for kvart kg., å segja um kornet var høveleg til å mala mjøl eller grym av til folkemat. Korntrygd måtte likevel ikkje betalast for meir enn 200 kg. korn til manns i kvart hushaldet. I andre lekken i same paragrafen var det fastsett at kornavlarane berre kunde få korntrygd når dei la fram vitnemål (malekort) um at kornet var male på ei mylna som var godkjend av Landbruksdepartementet.

I grunngjevinga til denne paragrafen var det sagt ifrå at godkjenning kunde gjevest både til bygdamylnor (leigemalingsmylnor) og til gardskværnar, men likevel ikkje til grøypekvernar (fullferdige fabrikkkvernar som er til å flytja), når desse sistnemde vart nytta berre som *gardskværnar*.

Loga vart sett i verk frå 1. juli 1927 og med di departementet tykte det vilde vera rettast um alle tilskipingar som var turvande når loga tok til å verka, kunde koma i stand fyreåt, vart det teke avgjerdsla um å setja i gang ei mylnerekning soleis at alle som åtte mylnor og kværnar, og som ynskte det, so langt det let seg gjera, kunde få mylnone eller kværnane sine godkjende til den fastsette dagen. Det vart difor sendt skriv til ordførarane i bygdene um å taka upp ei slik rekning. Formannskapa skulde samstundes med at dei nemnde upp ein mann som kunde setjast til korntrygdkasserar (til å betala ut korntrygda), leggja på denne mannen å sanka ihop uppgåvor yver alle mylnor og kværnar som fanst i bygda, grøypekvernar nytta til gardskværnar undantekne. For kvar mylna eller kværn skulde det fyllast ut ei uppgåveskjema. Skjemone var ser-skilde for bygdamylnor og for gardskværnar. Og mylne- og kverneigarar som ynskte å få godkjenning for mylna eller kværna si til korntrygdmalings, laut segja frå um dette på skjema med same. Men uppgåvor skulde sendast inn um alle mylnor og kværnar (utanum grøypekvernar) endå um eigarane ikkje vilde ha dei godkjende til korntrygdmalings. Til rettleidning under arbeidet med å sanka ihop skjemone vart det sendt ei uppskrift

til kvar einskild bygd um talet på mylnor og kvernar som fanst i bygda i mai 1919 etter ei rekning som Rationeringsdirektoratet den gongen sette i verk og som provianteringsråda greidde med.

Det var tanken at dei uppgåvone som kom inn i samsvar med dette ålaget, skulde nyttast i ei melding til Stortinget um korntyrgda og um korleis ho var skipa til. Det synte seg likevel då ein fekk sjå igjenom skjemone at det der fanst mange forvitnelege upplysningar som vilde vera gode til å gjeva ei meir heilsleg utgreiding um mylnone og kvernane i landet enn det kunde gjerast i ei slik stortingsmelding. Men det vilde då vera turvande å få inn ymse tilleggsuppgåvor. Ei slik utgreiding vilde det og taka noko lengere tid å få i stand og det høvde elles heller ikkje å setja alt dette inn i ei stortingsmelding av di det der vilde fylla for mykje upp, og dessutan vilde det då ikkje vera lett å få tak i upplysningsane dersom det var nokon som kunde hava hug til å nyttta dei sidan. Landbruksdepartementet tok då det rådet berre å leggja fram for Stortinget ein stutt og fyrebils statistikk sett ihop av det tilfanget som var kome inn, og bad so um løyve til at dei pengane som var esla til statistikk og til utgreidingane elles i den nemnde stortingsmeldinga, kunde nyttast til å gjeva ut eit sjølvstendig verk um dei norske mylnone og kvernane i gamal og ny tid. Det som meir turvtest til å få verket ut, serskilt prentekostnader, skulde Statens Kornforretning taka på seg av di mykje av tilfanget, serskilt statistikken, hadde stort verd for verksemda i forretninga. Dette gjekk Stortinget med på.

I 1928 tok Stortinget ved ei ny log um landsens kornforsyning (lov om landets kornforsyning av 22. juni 1928). Denne loga tek burt den kornskipnaden som var gjeldande etter loga frå 1926 og set istaden eit monopol (ein einrett) for ei Statsforretning til å greida med innførsla, kjøp og sal av korn for heile landet. Denne nye loga vart sett i verk frå 1. juli 1929. Korntygdordninga er halde uppe etter denne tida og i samsvar med eit serskilt stortingsvedtak frå 24. april 1929, men det er gjort sume brigde. I hovudsak er det no berre bygdemylnone som kann mala korn som det skal svarast korntygd for, og korntyrgda vert betald som eit prisnedslag på det kornet mylna tek irnot og mel. I nokre bygder, mest på vestlandet, der det ikkje finst bygdemylnor og det difor enno er vanleg å nyttta eiga gardskvern til å mala matmjøl, vart det høve til å skipa „mynelag“ dei kallar. Innanfor det valdet der mynelaget råder, kann det malast korn på gardskvernane og betalast trygd for dette etter serskilde fyrsegner som Kornforretninga hev fastsett. Men i største luten av landet er no gardskvernane lagde ned når ein tek undan nokre som vert nyttta til å mala mais og malt.

Arbeidet med den mylne- og kverngranskingsa som er nemnt her framum vart etter at Kornforretninga kom i gang lagt til revisjonsverket der. Grunnlaget for statistikken er soleis — som nemnt framfor — dei uppgåvone som vart sanka ihop i den første korntygdtida (1/7 1927—

1/7 1929) og gjeld mylnor og kvernar som var i slik stand at dei kunde nyttast til kornmaling i denne tida. Nokon serskild dag innanfor denne tidabolken kann ikkje statistikkuppgåvone festast til. Alle mylnor og kvernar som vart nytta i desse åra, eller var i slik stand at dei kunde nyttast, er tekne med jamvel um dei var komne burt fyre 1. juli 1929. I mylnerekninga i 1927 og i dei seinare tilleggsuppgåvor var som sagt fyrr ikkje med gards-grøypekvernar. At upplysningar um desse kvernane vanta, var eit hol i statistikken og korntrygdkasserarane vart difor i 1929 bedne um å senda inn ei uppskrift yver desse og. Um grøypekvernar, og likeins um handelsmylnone, er soleis å segja at alle upplysningane er feste til året 1929, men maleuppgåvone gjeld for alle mylnor og kvernar året 1926.

Under granskinga av uppgåvone frå korntrygdkasserarane syntte det seg at nokre av uppgåvone var uheile og det var elles ikkje so heilt visst at alle kvernar var komne med i desse uppgåvor heller. Ein tykte då at det kunde vera godt um folk som var kjende i bygdene, såg igjenom uppgåvone, retta på desse dersom dei var lytfulle, og fyllte ut nye uppgåveskjemor dersom det fanst kvernar som ikkje var komne med fyrr. Det vart sendt skriv til jordstyra um dette med bøn um å taka på seg ei sovore gransking, og dei hev og greidd med det på ein måte som dei lyt hava stor takk for. Med deira hjelp fekk ein greida på umlag 2300 kvernar (800 grøypekvernar og 1500 andre gardskvernar) som det ikkje var kome melding frå fyrr. Jordstyra hev attåt dette sendt inn upplysningar um drivverket til kvernane og um steinslaga og dei hev gjeve tilleggsuppgåvor slik at ein og kan gjera statistikken frå 1919, som likeins hev synt seg å vera uheil frå mange bygder, so god og heilsleg som det no er råd å få han.

Som nemnt er statistikken arbeidd ut i revisjonen i Statens Kornforretning og er her teke jamsides med anna arbeid. Det hev då sjølv sagt ikkje vore til å koma frå at det hev teke heller lang tid å gjera alt fullferdig. Både ihopsankinga av tilleggsuppgåvone utsver landet som jordstyra laut greida med når dei hadde høve til det, og arbeidet med tilfanget her i kontoret i Oslo, hev kravt mykje tid. Det kann og nemnast at det fanst ikkje frå fyrr nokon heilsleg og systematisk mylne- og kvernstatistikk her i landet og ein var difor nøydd til å arbeida so å segja på berr botn.

Det som her er sagt gjeld statistikken som ein reknar for grunnlaget i heile utgreidinga. Denne vil koma i tri bolkar.

Fyrste bolken gjev upplysningar um talet på mylnor og kvernar i kvar einskild by og i kvar bygd i 1919 og 1927—1929. Det er her å merka at provianteringsråda sine uppgåvor frå 1919 ikkje hadde teke med grøypekvernar som vart nytta til gardskvernar, men berre grøypekvernar som var bygdakvernar. Denne bolken hev dessutan uppgåvor frå 1927—1929 yver eigedomstilhøvet, yver mylnehus og kvernhus, yver verda (gjeld berre

handelsmylnor og bygdamylnor), yver drivkraft, drivverk og hestekraft og yver hopelag med andre verksemder (gjeld likeins berre handelsmylnor og bygdamylnor).

Andre bolken vil segja frå etter uppgåvone frå 1927—1929 um turkor og maskinverket elles (reinskeverk, maleverk og siktør).

Tridje bolken vil greida ut um maletider, um betalinga for leigemaling, um mylnemannskap og løner til arbeidarane i 1926 og um malemengdene i same året.

Sidan vil koma noko med kvart og etter som det vert høve til det, ei mylne- og kvernsoga (truleg eit band) og ei utgreiding um kvernhusa i dei ymse landsbolkar, korleis dei er bygde og er innreidde. Det er og esla eit band til nokre stykke um kvernsteinbrytinga i gamal tid, um nemningar på dei tinga som finst i mylnor og kvernar, um ordtydingar og um kva stadnamna segjer um mylne- og kverntilhøva i eldre tider. Kann henda kjem det og ei stutt utgreiding um gamle eventyr, segner og skikkar som knyter seg serskilt til kvernhusa.

Med di flestalle mylnor og kvernar finst i dei strok i landet der nynorsken er teken til skrivemål, er det fastsett at utgreidinga skal prentast på dette målet, det vil då segja råma og truleg storparten av utgreidingane vert på nynorsk, men elles kann det vera at einskilde luter av verket vert skrive på det vanlege bokmålet og nokre stykke på serskilde målføre.

Statistikk yver mylnor og kvernar i Norig i 1919 og i 1927–29.

I. Stutt historisk yversyn.


Når ein tek undan vinden som menneskja frå dei eldste tider vi veit um, hev nytta til sigling, er fossekrafa den første naturkraft folk fann på å taka til arbeidshjelp åt seg, og det var til kornmaling dei tok denne krafa i bruk. Kornmalinga med vasskraft er soleis det eldste upptaket til industriell verksemd drive med mekanisk kraft.

Upphavleg vart kornet berre knasa i sund millom two steinar, og nokre naturfolk lagar enno i våre dagar til mjøl på denne måten. Sidan lærde dei seg å gjera handkvernar av two runde kvernsteinar og med hol („kvernauga“) i den øvste („roterande“ kvernar dei kallar). Dette slag handkvernar finst det endå ikkje so fåe av på gardane her i landet. Dei vert mest kalla grynkvernar eller saltkvernar av di folk hev havt dei til å mala salt eller bygg-gryn på.

I Romarriket og i Sudlanda elles hadde dei attåt handkvernar større kvernar som vart drivne med hestar eller uksar. Etter utgravingane i dei seinare åra ser det ut til at slike kvernar var dei vanlegaste i den klassiske tida, jamvel etter at vasskvernane vart kjende. Og kvernar drivne med hestekraft heldt dei fram med å nytta der vasskrafta vanta, t.d. i dei millomeuropeiske låglanda, alt til vindmylnone kom upp. Ja, slike hestekvernar er ikkje so lite i bruk endå i sume land. Det er og funne eit par her i landet og desse er tekne med i statistikken.

Etter latinske skrifter er det truleg at vasskvernar eller vassmylnor var kjende i Rom alt på Kristi tid og venteleg er dei komne dit fra orienten. Frå Rom eller frå landa kring Midhavet må kjennskapen til slike vassdrivne maleverk vera førd vidare og heilt upp til Norderlanda.

Men vi veit ikkje kva tid dei kom hit. Det ser elles ut til at det var fyre den tida dei eldste historiske sogone våre hev meldingar um.



Bil. 1.
Kornknasing hjå naturfolka.

Det finst i vårt mål two ord som både vert nytta um slike vassdrivne maleverk vi her talar um.

Det eine ordet er *kvern*, f. som er heilt norsk og teutonsk (eller germansk som dei og segjer) frå upphavet. Ordet heiter på gamalnorsk

kvern likesom i nynorsk, svensk *kvarn*, dansk *kvern*, gotisk *qairnus*, f. som tyder kvernstein, engelsk *quern* (angelsaksisk *cweorn*, f.) = handkvern. Dei gamaltyske orda *querna*, f. (lågtysk) og *quirn*, *quirna*, f. (høgtysk) tyder og handkvern (i millomtysk *kürn*, *kürne*, f.). I dei teutonske (germanske) landa der ordet *kvern* i notida vert nytta, tyder det: I dansk, hollandsk og engelsk handkvern, i norsk både handkvern og vasskvern og i svensk vert det bruka um alle slag både store og småe mylnor og kvernar. Dei segjer soleis i Sverike t.d. og valskvarnar um dei brukta vi her i landet kallar valsemylnor.


Bil. 2.
Handkvern frå Lismarka i Ringsaker.
(Sandvigske Samlinger, Lillehammer).



Det andre ordet vi hev er *mylna*, f. Det er ikkje norsk frå fyrsten, men kome til oss frå England (frå angelsaksisk). Upphavleg er det latinsk, ætta frå det millomalder-latinske ordet *molina*, f. som kjem av *mola*, f. (kvernstein) eit ord som språkleg heng i hop med vårt ord mala. Ordet *molina* vart sidan i latinske brev mest skrive *molendinum*, soleis og i nokre skriv som finst i det store samlarverket Diplomatarium Norvegicum.

Frå *molina* som på angelsaksisk mål heiter *mylen*, f. er ordet gjenge yver i dei norderlandske måla i forma *mylna*, f. (soleis i gamalnorsken og gamalsvensken, på gammaldansk mål heiter det *mylne*, sumtid og *mølne*). I millomnorsken vart ordet sume stader på aust- og sørlandet brigda til *mjuina*, f. eller og *mjuna*, f. Av denne brigdinga kjem til dømes namnet Mjøndalen, (ovanfor Drammen), upphavleg *Mjulnudalr*. På svensk og dansk mål heiter ordet no *mølla* (i svensken der det elles ikkje finst utan i nokre målføre, det svenske riksmålet nyttar berre ordet *kvarn*) eller *mølle* (dansk). I engelsken heiter det *mill*, i tysk *mühle*, f. (gamal høgtysk *muli*, *mulin*, f.), hollandsk *meulen* og fransk *moulin*.

Det hev vore sagt at ordet *mylna* var døydd ut i nynorske målføre, men dette er ikkje rett. I alle høve gjeld det berre um den sørste



Bil. 3.
Gamal handkvern frå Kvam i
Gudbrandsdalen
(Sandvigske Samlinger, Lillehammer).

Iuten av landet. I Trøndelag og i Nordland er ordet mylna framleis heilt ut eit livande ord. I Trøndelag vert det uttala *møln*, bunden form *mølna*, f. med tjukk l.

På norsk vert det som ein vil vita i målbruken gjort ei skiljing på det viset at ordet mylna vert nytta um dei store maleverk og ordet kvern um dei som er mindre, men ordet kvern gjeld ikkje som i flestalle andre land berre handkvernar. Denne måten å skilja millom dei ymse slag maleverk på, lyt ein tru er upphavleg her i landet. Den gongen ordet mylna kom inn i målet, truleg sist i vikingtida eller samstundes med kristendomen, fanst det i visso frå fyrr vasskvernar i landet og desse lyt ein tru hev vore av det slaget vi no kallar bekkekvernar eller kalkvernar. Etter den vanlege regelen at nye ord fylgjer med nye ting, må mylna då ha vore noko anna enn dei velkjende små vasskvernane.



Bil. 4.
Kalkvern på Breen i Opdal (Sør-Trøndelag). Bygd 1834.

I si bok „Den norske vasdragsrets historie indtil året 1800“ (Kristiania 1908) hev høgsterettsdomar U. A. Motzfeldt vore inne på dette spursmålet og han hev søkt å prova at bekkekverna som han meiner må vera mykje eldre enn mylna, longe var i bruk her i landet på den tida då mylna kom inn frå vesterlanda. Etter det han held fram, lyt skilnaden millom desse two kornmaleverka helst vera den, at kverna som er eit mindre verk, vart driven med kvernkall, men mylna med vasshjul. Kvernkalnen er i røynda ein liten turbin, den er greid og endetil å laga og fører gangen beinveges yver til yversteinen på kverna utan noko slag umveg. I mylna som hev vasshjul lyt gangen frå hjulet som hev vassbein ås, førast yver til kvernåsen som er loddbein, og det var då turvande å ha serskilte hjulverk (upphavleg med knottar eller tappar, no mest kamhjul) til yverføringa. Det var ikkje so endeframt å få dette til og ein kann skyna at ei slik oppfinning lyt vera frå ei tid seinare enn den då kalkverna kom i bruk.


Motzfeldt meiner og at kverna kann henda var upphavleg hjå teutonar og keltar. Men det er lite truleg. Ho lyst vera komen sørifrå likeins som mylna, men lenge fyrr, kan henda alt i folkevandringstida eller i romersk jarnalder. Som eit prov på dette kann det nemnast på den eine sida at

kvern i stadnamn finst samansett med *vin* f. (mark, jordstykke), og slike namnelagingar var det slutt med lang tid fyre vikingtida. På den andre sida lyst det merkast at nemningane på alle dei tinga i kallkverna som er av jarn (pik eller grunnpik, spennol, sigle) truleg frå upphavet er latinske ord. Motsett desse hev alle ting av Steinbekk i Tune (Østfold).
Bil. 5.
Gamal vasshjul-mylna (nedlagd)
på Steinbekk i Tune (Østfold).

inn eit billæte (6) av samme slag jarn (spennol og sigle), som enno er vanlege i kallkvernane her i landet. Etter latinske skrifter veit vi at det alt i romartida fanst kvernar, kann henda mylnor og, i landa kring Rin og Mosel.


Mylna synte seg med kvart å vera eit mykje betre maleverk for korn enn kallkverna av di vasshjulet gav meir kraft enn kvernkalen og dermed kunde driva både større steinar og sumtid fleire kvernar med same hjulet. I kallkverna laut kvar kvern ha ein kall.

At Motzfeldt må ha rett i det han segjer om skilnaden millom dei to slag maleverk vi her talar um, kann det soleis i visso ikkje vera tvil um. Det kann og nemnast at hans prov er i samsvar med målbruken i dei landsfolkane der både ordet kvern og mylna endå er livande i folkemålet. Frå Stjørdal i Trøndelag er det soleis meldt at dei i gamal tid skilde millom kvern og mylna heilt ut etter desse linone og gjer det enno. I gamle dagar då det berre fanst kornmaleverk drivne med vasskraft, er det sagt at dei der nyttja ordet kvern berre um kallkvernar, men eit bruk som hadde vasshjul til drivverk vart kalla „møln“ eller som dei og sa „ei rettele møln“.




Det kann etter dette ikkje vera grunn til å tru anna enn at vi her hev den gamle og rette skiljelina millom kvern og mylna.

Frå fyrsten av var det som nemnt berre tale um vatn til drivkraft. I fleire land i Nord- og Millomeuropa var det heller lite fossekraft som kunde nyttast, og i slike land er det truleg at dei heldt fram med handkvernar og hestekvernar langt upp i millomalderen, heilt til det vart funne upp eit nytt slag mylnor, som høvde for desse land. Det var *vindmylna*. Vi veit ikkje kva tid ho kom upp, men det er visst at vindmylnor fanst i Frankrike kring 1100. Det er elles sagt at dei skal vera nemnde i England alt på åttehundradtalet. I Danmark er den fyrste vindmylna nemnd på tolvhundradtalet. Det finst two slag av desse mylnor *stubb-mylnor* som er dei eldste (kalla so etter den stubben eller bukken dei er



Bil. 6.

Draggereidor i norske kallkværnar
a grotte, b spennol, c sigle.



Bil. 7.

Kvernjarn frå den romerske tida,
grave ut i Tyskland.

bygde upp på). Dei kan svingast (heile mylnehuset) etter vinden. Det andre slaget er dei *hollandske mylnone* der berre taket eller tornhatten er til å snu. Vindmylnor kom aldri noko sers i bruk her i landet. Dei freista med nokre på 16- og 17-hundratalet, men flestalle vart ikkje haldne uppe lenge, av di vasskvernar og vassmylnor som folk var vane med, var lettare og greidare både å byggja og å driva og truleg billegare og. Dei kom burt i fyrra hundradåret og no stend det berre att nokre restar soleis t.d. eit mylnehus i Stavanger.

Eimkraftmylnor (dampmylnor), kom upp i England alt i dei siste tiåra på 17 hundradtalet. Albion-mylna i London, bygd 1784, vert vanlegvis rekna som den eldste. Men her i Norig vart mylnor drivne med eimkraft ikkje bygde fyre 1840-åra. Det vart ikkje mange av desse heller. Vasskrafta var framleis den beste og billegaste.

Etter at det hundradåret vi no hev tok til, vart det noko annaleis. Elektrisitetten og eksplosjonskrafta kom då i bruk og det ser ut til at desse drivkraftene vert meir og meir nytta jamvel til kvernar og mylnor, med di dei er so greide å handsama og motorane so lette å flytja dit ein helst vil hava dei, serskilt gjeld dette elektrisitetten.

Dei gamle kvernar og mylnor hadde alle same slag maleverk — kvernar hoggne av naturstein. Det var berre drivverket som var ulikt, sume gonger og talet på kvernane. Frå ikring 1870 åra kom valsestolar i bruk. Valsestolen var funnen upp alt i 1821—22, men først i 1870-åra

hadde den vorte so fullkommen at den kunde nyttast i dei store mylnone. Desse hadde fyre den tida mest kvernar av fransk naturstein til finmalinga. Umlaginga av dei eldre mylnone til valsemylnor gjekk då snøgt, og her i landet kom valsestolar inn i nokre handelsmylnone alt i 1880-åra.

Våre gamle bygdamylnor som dreiv det dei kalla „bonde-maling“ (leigemaling for bønderne) hadde ikkje so stor kapitalmakt som handelsmylnone og dei kunde ikkje fylgja med i denne snøgge umvølinga. Dei vart difor liggjande noko etter på det tekniske umkvævet. Frå hundradårskeiftet på lag er likevel og bygdamylnone komne mykje etter og det er no ikkje so fåe av dei — mest på Austlandet

— som hev valsestolar og anna modernt mylneverk.

Samstundes med at valsestolar var i emning, vart og sikteverket umskapa. Istaden for sekskant- og trummel- (eller cylinder-) sikta kom frå 1850 centrifugalsikta og etter 1900 plansikta som er det nyaste og no det vanlegaste sikteverk i dei store handelsmylnone. Bygdamylnone nyttar enno mest centrifugalsiktor.

I dei mylnor og kvernar som nyttar steinkvernar hev det og vore ikkje so lite umskifting. Frå gammalt hadde vi her i landet kvernsteinar frå innanlandske steinbrot. Dei beste steinane kom frå Selbu i Sør-Trøndelag og av kvernsteinane herifrå vart jamvel mange sende til utlandet. Attåt Selbustein vart og sume stader nyttta lokale steinslag. I siste helvta av fyrr hundradåret kom utum desse nasjonale steinar i bruk innførte steinslag, engelske, tyske og franske steinar. I kring hundradårskeiftet eller kann henda noko fyrr vart det byrja med å *støypa* kvernsteinar og desse kvernsteinar som vanlegvis er laga av flint og smergel støypt i hop med ymse slag bindeemne, er no dei vanlegaste i mylnor og kvernbruks med meir tidhøvelegt maleverk.



Bil. 8.
Gamalt vindmylne-hus i Stavanger.

Den umskiftinga i maleverk som det her ovan er skrive um, gjeld helst mylnone. Dei små kalkvernane som er nemnde framum og som det hev vore ein gamal skikk her i landet å hava mesta på kvar gard, hev ikkje fylgd med i denne umbøtinga. Dei er trulegvis innreidde og vert drivne idag på same måten som dei hev vore det i hundradtals år. På desse kvernar vart i gamle dagar male alt det kornet som dei trøng på garden til folkemat. Men tida er gjengen ifrå dei. Folk hev teke til å kjøpa det mjølet dei treng frå handelsmylnone og dei gamle gardskvernane vert difor nedlagde.


Det hev likevel i nytida synt seg at det er turvande å ha kvernar på gardane til å mala korn til dyrefôr på — det gjeld då helst gardar som er noko større og som driv jordbruk etter tidhøvelege linor. Kvernar til dette vert laga til av ymse fabrikkar og selde frå fabrikken fullferdige til bruk. Kvernane er vanlegvis med støypesteinar og er til å flytja. Dei vert mest drivne med elektrisk kraft eller med eksplosjonsmotor. Det ålgjengde namnet på dei er *grøypekvernar*, men elles er dei moderne slaga av dei fullgode til å finmala korn til folkemat på og vanlegvis kann ein få kjøpt siktverk som er serskilt laga åt dei. Etter det ein kann sjå er slike kvernar komne upp etter det siste hundradårskiftet, i visso er det inga slik kvern nyttta her i landet no, som er eldre enn 1900.

II. Um dei ymse slag mylnor og kvernar.

Det er vanlegt i dagleg tale å skilja millom tri slag mylnor og kvernar etter maleverksemnda.


Desse er :

1. *Handelsmylnor*, som kjøper korn, mest frå utlandet og sel mjøl og andre mylnevaror. Handelsmalinga slik som ho no vert driven, er ikkje so gamal i landet. Det var i fystninga av fyrrre hundradåret (tida etter 1800) at dei tok til med denne verksemnda.
2. *Bygdamylnor* — eller leigemylnor (jamvel kalla bondemylnor). Desse mel korn som eigarane (bønderne) sender til mylna, og tek betaling for malinga. Leigemaling vart driven alt i millomalderen og det ser ut til at sume mylnor og kvernar alt då var bygde serskilt til slik maling. Betalinga fekk mylnarane i gamle dagar helst i korn (skatt eller toll), no mesta berre i pengar. Noko serskilt namn på desse mylnone hev dei truleg ikkje hatt frå gammalt. Det namnet dei no jamnast nyttar „bygdamylna“ (bygdemølle) er eit sers godt ord, men skriv seg fulla ikkje frå so lang tid attende. I byane



Bil. 9. Vaksdal mølle (handelsmylna).

kalla dei elles slike mylnor i eldre tid bondemøller og gjer det mykje enno. I Sverige ber dei namnet „*tullkvagnar*“ (etter den gamle betalinga tull = toll) og i Tyskland „*Kundenmühlen*“.




Bil. 10. Dal bygdamylna på Nes (Hedmark)


3. *Gardskvernar*. Desse kvernane høyrer gardane til og vert nytta til å mala det kornet som trengst til folkemat eller til dyrefôr på garden.

Skiljelinone millom desse slaga av mylnor og kvernar er ikke skarpe og det kann i einskilde høve vera vandt å segja um ei kvern t.d. er ei gardskvern eller ei bygdakvern som driv leigemaling. Mange gardskvernar mel ikkje so lite korn for andre enn eigarane, og det finst og bygdamylnor (og kvernar) som mel meir å eigarane enn til andre folk, serskilt gjeld dette um nokre små bygdakvernar på vestlandet. Der er det sume stader slik at flestalle gardane i grenda, som kverna tek imot maling frå, eig kverna ihop. Det vert då male ei heller lita kornmengd utanum det eigarane mel å seg sjølv.


På andre sida kann det i einstaka fall vera vandskar med å skilja millom bygdamylnor og handelsmylnor. Det vil då helst gjelda dei handelsmylnone som driv havremaling og maismaling.



Bil. 11.
Aldal bygdakvern i Samnanger (Hordaland).



Bil. 12.
Gardsmylna på Åsnes i Aurskog (Romerike).



Bil. 13.
Gardskvern (kallkvern) i Valle (Setesdal).

Det er likevel so at ein til statistikken lyt ha ei greid skiljing millom dei ymse slag mylnor og kvernar, og det er då gjenge etter den lina som styremaktene hev sett opp når det gjeld å halda bygdamylnone ut frå dei andre mylnone og kvernane. I den første korntrygdtida (åra 1927—29) då det vart fastsett (etter loga frå 25. juni 1926, 8. pgf.) at korntrygd til kornavlarane berre kunde betalast ut etter vitnemål um at kornet var male på ei mylne godkjend av Landbruksdepartementet, galdt det serskilte vilkor um godkjenning til bygdamylnor og til gardskvernar (berre bekkekvernar — grøypekvernar nyttar som gardskvernar kunde ikkje verta godkjende). Korntrygdkasserarane i kvar bygd sende inn melding på serskilde skjemor um dei mylnor og kvernar eigarane vilde ha godkjende og etter desse fråsegner vart då godkjenningane gjevne.

Statistikken er heilt ut grunnlagd på uppgåvor frå denne tida (1927—29) og det gjeld og skiljinga millom bygdamylnor på den eine sida og gardskvernar og handelsmylnor på den andre. Men det er gjort nokre småe brigde som vert nemnde her. Gards-grøypekvernar var det som sagt ikkje høve til å godkjenna til korntrygmaling. Dreiv dei noko lite leigemaling attåt, kunde dei likevel verta godtekne som bygdakvernar, og

godkjenning vart og gjeven for nokre slike kvernar. Frå 1929 då den nye kornloga tok til å gjelda, og det i samsvar med ho kom nye fyersegner um korntyrd (prisreduksjon for korn male på bygdamylor), vart slike grøypekvernar, som i røynda var gardskvernar, ikkje godtekne, men elles vart jamvel i den nye korntyrgtida godkjenninga halden uppe for



Bil. 14.
Gardskvern (kallkvern) på Krågedal i Høyland (Jæren). Sett frå tverveggen.



Bil. 15.
Gardskvern (kallkvern) på Krågedal i Høyland (Jæren) Sett frå langveggen

dei mylnor og kvernar (og millom desse då og nokre grøypekvernar) som var godtekne fyrr og som var rettelege bygdamylnor.

Desse millombils godkjende grøypekvernar som ein soleis rettast laut kalla gardskvernar og likeins nokre fåe andre kvernar som var godkjende på grunn av mistak, er ikkje tekne med no i statistikken yver bygdamylnor, men rekna til gardskvernane.

Skilet millom *bygdamylnor* og *handelsmylnor* er sett upp soleis at mylnone (og kvernane) er rekna til det eine eller det andre slaget etter det som ein kann sjå hev den største økonomiske vekt når ein gjeng



Bil. 16.
Gardskvern (kallkvern) i Selbu (Sør-Trøndelag).

etter maleuppgåvone frå 1926. Det er 14 mylnor som i 1927—29 var godkjende som bygdamylnor, men i statistikken er førde upp millom handelsmylnone. Nokre av desse brukta hev handelsmylna og bygdamylna i serskilde avbolka deilder i mylnehuset.


Likeins som i mange andre verksemder er det i kornmalinga eit sterkt drag mot sergreining (spesialisering) soleis at det no finst serskilte mylneverk og jamvel ofte serskilde bruk til å mala kvart einskilt kornslag. Fremst gjeld dette um handelsmylnone som lagar dei beste og mest fullkomne varone. Men vi finn att same draget hjå dei mest tidhøvelege bygdamylnone og. Det er ikkje so fåe av desse som i dei seinste åra attåt sammalekvernane hev rådd seg serskilde mylneverk t.d. til havregrynsmaling. Noko bruk som er esla til å mala berre *eitt* kornslag finn vi likevel ikkje millom bygdamylnone.

Gardskvernane hev derimot ikkje fylgt med på denne framgangsvegen, og vil truleg ikkje gjera det heller, med di dei no vert nytta mest berre til sammaling eller til å grøypa korn til dyrefôr.

Det er som sagt handelsmylnone som her hev vore i brodden og sergreininga er komen lengst hjå desse. Ein hev difor tykt det var rettast i tabelverket å skilja desse i flokkar etter kornslaga som dei mel mest av og som dei soleis hev serskilde maleverk til. Dette er og i samsvar med den vanlege målbruken.

Etter denne regelen er då handelsmylnone skilde i tri flokkar, som her vert nemnde:

- Bredkornmylnor.* I denne flokken kjem alle mylnor som mel dei tri kornslaga vi her i landet jamnast reknar til brødkorn, kveite, rug og




Bil. 17.
Bjølsen valsemølle i Oslo. (Brødkornmylna). Etter teikning.

bygg. Men flestalle av dei kan ikkje mala alle tri. Mestaparten mel berre eitt eller two slag brødkorn. Mange av dei hev dessutan maleverk til mais og ei jamvel havremylneverk.

- Havre- og rismylnor.* Desse er alle det ein kann kalla grynmynor. Det hev 'kje vore høve til å taka rismylnone serskilt av di det er berre two mylnor i landet som mel dette kornslaget og av dei berre ei som ikkje hev maleverk til anna korn. Den andre er samstundes havremylna. Nokre av havremylmone hev mais-mylneverk attåt.
- Maismylnor.* Mest alle desse hadde berre maleverk til maismaling. Det var ikkje meir enn two av mylnone som hadde verk esla til anna maling. Ei av desse hadde maskinor til byggmaling og ei til rugmaling.

Det er då her berre rekna med mylnone. Maiskvernane er alle berre til sammaling, og hev soleis ikkje noko sørgeint verk som er tillaga til å mala einskilde kornslag.



Bil. 18.
Tøsse mølle, Hosanger (Hordaland). Havremylna og rismylna.



Bil. 19.
Arendals valsemølle. (Maismylna).

Det som er sagt ovanfor gjeld alt skiljelinone imillom handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar. Det er denne skiljinga som hev mest å segja til dagleg og det er difor turvande at ho vert nytt i statistikken. Men på denne måten får ein ikkje greida på korleis mylnone og kvernane er tilskipa *teknisk*. Når ein talar t.d. um handelsmylnor og bygdamylnor viser desseorda berre korleis dei ulike mylneverka mel kornet, anten eige (innkjøpt) korn til sals eller framandt korn mot betaling for malinga, men vi får ikkje vita um mylna elles er stor eller lita, um ho hev valsestol (valsemylna) eller berre hev steinkvernar. Skal ein få dette fram, lyt ein leggja til grunn andre skiljelinor, og det er då gjenge fram på det viset at den tekniske skiljinga er sett opp innanfor hovudskiljinga i handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar.

Skiljelina millom mylna og kvern, som er nemnd fyrr, er teke som hovudskil. Det er vist framanfor at skilnaden upphavleg var den at mylna var driven med vasshjul og kverna med kvernakk. Alle kornmaleverk var då drivne med vatn. Når det gjeld slike vasskraftverk som er etter gamal gjerd, er denne skilnaden halden uppe no her i statistikken og. Men elles rekk ikkje den gamle skiljelina til når det gjeld alle dei nye slag mylnor og kvernar som er komne til i dei seinare åra. Av nye vasskraftverk hev vi fenge dei som vert drivne med turbin, og attåt vasskrafta eksplosjonskraft og elektrisk drivkraft.


Det som det galdt um var då å finna skiljelinor som var mest i samsvar med målbruken no. I det store og heile held folk i vanleg tale tolleg klårt ut frå kvarandre mylnor og kvernar, men nemningane er likevel ikkje so støde i alle einskilde fall. Det er naudsynt at statistikken lyt hava so greide reglar å gå etter som det er råd å få, og det vart då etter at heile tilfanget var fare igjenom, sett upp fylere segner som her nedan vist, um korleis skiljelina skulde dragast.

Hovudskiljinga er som sagt millom mylna og kvern. Her hev vi først dei gamle og dei nye vasskraftverka. Desse er rekna til mylnor eller til kvernbruks etter den regelen at bruk som hev serskilde mylnehus eller kvernhus og drivverk (kall, vasshjul, turbin) som upphavleg er esla *berre til mylne- eller kverndrift*, vert rekna til mylnor når *maleverket* er drive med vasshjul eller turbin, men er drivverket berre kall, vert bruket teke som kvernbruks. Dette er soleis i samsvar med gammal målbruk. Nye maleverk som vert drivne med eimkraft, elektrisitet eller med eksplosjonskraft, er tekne som mylnor når dei fyller det målet Landbruksdepartementet no jamnast set upp dersom nokon søker um lån til nye mylnor av „Møllefondet“, at mylna iminsto skal hava ei kvern, ei turka, og ein skale- og spissmaskin eller ei einfeld sikta. Fyller dei nye verka ikkje dette målet, vert dei rekna som kvernar. I Nordlanda er det endå ikkje vanleg å hava turkor på mylnone og her er difor dette kravet ikkje teke med. No finst det nokre maleverk som fulla er drivne med vasshjul eller turbin, men dei hev ikkje serskilt hus og sume hev ikkje drivverk esla

berre til maleverket heller. Desse er då berre rekna til mylnor um dei stettar dei krava som er nemnde ovanfor og som styremaktene held uppe dersom dei skal godtaka ei mylna som fullnøgjande. Det finst i landet eit par maleverk med valsestol og elles fullt mylneverk men som vert drivne med kvernkall (eller turbinkall). Desse er likevel tekne i hop med mylnone (som valsemylnor).

Etter dette er skiljinga, som vert nytta her i statistikken millom dei ymse slag maleverk, denne:


1. Som *valsemylnor* er tekne alle maleverk der det finst valsestol. Til valsestolar er rekna havrevalsar eller havregrynsklemmor. Driv-



Bil. 20.
Valsemylna (Stensby mølle, Eidsvoll).

verket hev her inkje å segja og heller ikkje um mylna stend i hus der det og vert drive anna verksemد (t. d. sagbruk).

2. Til „*andre mylnor*“ er rekna slike verk, som fulla ikkje er valsemylnor, men elles er i samsvar med dei krava som gjeld dersom eit bruk skal kallast mylna. Desse er: For *vasskraftverk* anten serskilt hus og med vasshjul eller turbin til drivverk eller dersom verket er knytt i hop med anna verksemđ lyt det iminsto hava fastbygd kvern, turka, og anten spisse- og skalemaskin eller sikta. For *andre verk* (med elektrisitet, eimkraft eller eksplosjonskraft til drivkraft) gjeld likeeins at dei lyt fylla målet til å godtakast som mylna etter mylnefondsreglane. I Nordland og Troms krevst likevel ikkje at turka skal vera innlagd.
3. Som *kalkvernar* er sette opp alle bruk med fastbygde kvernar og serskilde kvernhus der *kvernane* vert drivne med berre kvernkall eller



Bil. 21.
Anna mylne (Gråbrekk gamle bygdamylne i Stjørdal i Nord-Trøndelag).



Bil. 22.
Kalkvern (med turbinkall) i Å i Sør-Trøndelag.

turbinkall. Finst det valsestol og, vert bruket likevel rekna millom valsemylnone. Dersom det attåt kallen eller kallane vert nytta anna drivverk (vasshjul, turbin) vert bruket rekna som mylna dersom vasshjulet eller turbinen driv nokor av kvernane, men elles som kvern (um vasshjulet t. d.

som vanleg er i kvernhusa i Rogaland, driv ei turka). Finst det og skalemaskin eller sikta i kvernhuset attåt kverna og turka, vert bruket likevel rekna som kallkvernbruks.


Det ålgjengde ordet folk nyttar um dei gamle gardskvernane, er *kvernhus*. I røynda skulde det med dette vera meint berre sjølve huset, men det er vanleg um heile bruket og. På austlandet og noko i Trøndelag hev dei ordet *kallkvern* um slike kvernar og um sjølve bruket kallkvernbruks eller av-

styttta kallbruk (kallebruk). Ein kan sjå denne nemninga i gamle statistiske oppgåvor t.d. i „Amtmendenes femårsberetninger“.

I verket her er nyttta *kallkvern* um bruket og *kvernhus* berre um huset, kverna stend i.


4. Under *grøypekvernar* er rekna slike bruk som til maleverk hev kvernar berre til å flytja. Her vert då heller ikkje teke noko umsyn til drivverket eller um det er anna mylneverk attåt (turka, skalemaskin, sikta).

5. Til sist hev vi ein liten slump kvernar som ikkje høyrer under nokon av dei flokkane som er nemnde ovanfor og som ein då lyt taka serskilt som „*andre kvernar*“. Alle desse er fastbygd



Bil. 23.


J. Thomsons bygdakvern i Fister (Rogaland).
Grøypekvern i serskilt hus.



Bil. 24.

Grøypekvern frå Felleskjøpet i Oslo,
(läga på Gjøvik).

kvernar og oftast er dei sette inn i saghus, i verkstad eller på lave, men det finst ikkje so mykje annan reidskap attåt at dei fyller målet til å reknast for mylnor. Det er og nokre av deim som er i serskilde hus bygde berre for kverna eller kvernane.



Bil. 25.
Anna kvern (gardskvern med elektrisk drivkraft på Grundan i Verdal).

So heilt beine og einfelde er desse skiljelinone kann henda ikkje, men dei skulde etter det ein kann sjå svara nokolunde med målbruken.

Innanfor dei tri hovudflokkane som alle mylnor og kvernar i landet er skilde i etter maleverksem (handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar) og som er førde upp på serskilde tabellar er det då i kvar flokken skilt millom dei fem nemnde teknisk ulike slag maleverk.

III. Landskapsdeilinga.

Um talet på mylnor og kvernar i kvar einskild bygd og i kvar by i 1919 og i 1927—29 finst det fråsegn i lag med nokre serskilde hovuduppgåvor i 1. tabellen i tabellverket. Elles er alle taluppgåvor, som meir sergreint viser maleverket og andre tilhøve, berre prenta for landskap, fylke, landsfolkane og heile landet. Um handelsmylnone gjeld det at uppgåvone her er skilde ut i two flokkar, soleis at Austlandet, Upplandet og Sørland-

det kjem i den eine og Vestlandet, Trøndelag og Nordlanda i den andre. Dette er gjort av di meir sergreinte upplysninga um desse i sume fall kunde syna korleis tilhøvet var i ein skilde mylnor. Havregrynsmylnone er likevel skilde etter ei anna lina. Her er Rogalandsmynone greina ut som ein flokk, og mylnone i landet elles er slegne i hop i ein annan. Landskapa er i hovudsaka dei gamle futerika, som best svarar med dei deildene som hev vore frå gammalt her i landet.

Sume av futerika som ikkje syner dette so klårt er bytte i sund, men alle stader er dette gjort soleis at ein og kann få fram tala for futerika når ein slær i hop dei serskilde tal i landskapa, som det ein skilde futeriket er kløyvd sund i. T. d. er det i Nord-Trøndelag fylke skilt millom desse landskapa :

1. Stjørdal.
2. Skogn og Verdal.
3. Inderøy.
4. Namdal.

Dei two fyrstnemnde svarar med det ein kallar Stjør- og Verdal futerike, men legg ein i hop nr. 2 og 3 får ein det landskapet som i folke- målet no vanleg vert kalla Innherad.

Under landskapa er og tekne med dei byane som ligg innanfor landskapsvaldet. Soleis er Oslo rekna i hop med Aker, Bergen med Nordhordland, Trondheim med Strinda og Selbu o. s. b.

Landsbolkane svarar til bispedøma berre med den skilnaden at landsbolken *Vestlandet* femner um både dei two bispedøma Bjørgvin og Stavanger.

Alle namn er skrivne soleis som styremaktene hev fastsett at dei skal skrivast.

IV. Det statistiske tilfanget.

Som det fyrr er sagt er statistikken sett opp etter uppgåvor som korntrygdkasserarane sanka i hop i den første korntrygdtida (1927—1929). Desse uppgåvone hev so jordstýra sidan fare igjenom og retta, og dersom det fanst mylnor og kvernar som det ikkje var gjeve melding um fyrr, er det fyllt ut nye skjemor um desse.

Med di ein gjerne vilde vera fullviss på at alle mylnor og kvernar so langt det fanst råd var melde inn, vart det teke ut nokre bygder der det såg ut til at tala ikkje var fullt heilslege. I desse bygdene vart kornuppkjøparane bedne um å røkja etter på kvar gard i bygda um det fanst fleire kvernar enn dei ein visste um fyrr. Det var 17 bygder på ymse kantar av landet som var tekne ut og tvilsmålet galdt mest grøypekvernane som er vandast å få greida på. I dei nemnde 17 bygdene var det

etter jordstyra sine rekningar 253 kvernar i alt. Under etterrøkjinga som kornuppkjøparane gjorde frå gard til gard, vart det funne 266 kvernar. Skilnaden er soleis 13, som listone frå kornuppkjøparane viste fleire enn uppgåvone fyrr. Dette svarar til 5 pst. på lag. Men ein lyt då hugsa på at desse bygdene var valde ut nett for di ein tykte det var grunn til å tvila på um alle kvernane var melde inn.

I tabelverket attum er opplysningars gjevne um handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar i serskilde tabellar. Når det vert skrive handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar er dette for å gjera det stuttare istaden for å skriva heilt ut handelsmylnor og handelskvernar, bygdamylnor og bygdakvernar, gardskvernar og gardsmylnor. Flokkane er nemnde etter det slaget som det er mest av.

Tabellane i denne fyrste bolken av statistikken er desse:

1. tabellen som viser talet på dei ymse slag mylnor og kvernar i 1919 og i 1927—1929, serskilt for kvar bygd og kvar by i landet. Her er og teke med opplysningar um drivkrafa, um steinslaga i kvernane og um valsestolar som finst i bygdamylnor (og gardskvernar). I siste rubrikken på denne tabellen er heile talet på kvernar og valsestolar i bygda eller byen slege ihop med di ein på denne måten fær som eit mål på det som finst av maleverk utsver i bygdene og som kan nyttast til kornmalinga der. Valsestolane i dei handelsmylnor, som berre driv handelsmaling, er då ikkje tekne med.

Uppgåvone frå 1919 vert her prenta for fyrste gongen etter meldingane provianteringsråda sende inn i 1919. Dei viser tala i mai månad det nemnte året. Eit stutt samandrag er elles prenta fyrr i st. med. nr. 4 for 1923 (Proviainteringsdirektørens beretning XII for året 1921 sidone 16—18). Dei gamle oppgåvone som ikkje alle stader var heilslege er no retta og fylde ut etter tilleggsuppgåvor frå jordstyra. Proviainteringsråda hadde ikkje teke med grøypekvernar, nytta som gardskvernar, men berre slike kvernar når dei var bygdamylnor. Talet på grøypekvernar i 1919 er soleis ikkje kjent.

2. tabellen som gjev talet på mylnor og dei ymse slag kvernar i 1919 og i 1927—29 i dei tri hovudflokkane handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar.

3. tabellen som er sett upp etter fråsegner jordstyra hev gjeve um dei mylnor og kallkvernar som er gjengne frå i tida frå 1919 til 1927—29 eller som er nybygde i same tidabolken.

I 4. tabellen vert det teke til med utgreidinger serskilt um mylnor og kvernar i 1927—29. Denne tabellen gjeld handelsmylnone og viser talet på bruks, eigedomstilhøvet, um det finst serskilte mylnehus og storleiken på desse, byggjevirke og alder. Attåt dette hev tabellen opplysningar um hopelag millom mylnebruks og andre verksemder, um brandtrygdesummar og verdetakster og um drivkraft, drivverk og hestekraft.

5. tabellen gjev dei same opplysningane um bygdamylnone og attåt det som er nemnt under 4. tabellen er her teke med uppgåvor yver län på bruка.

6. tabellen melder frå um gardskvernane i 1927—1929. Her finst sjølvsgått ikkje so mange opplysningar som um handelsmylnor og bygdamylnor. Tabellen viser tal på bruка, eigedomstilhøvet, um det er serskilt kvernhus eller um kverna stend i hus til anna verksemnd, alderen på kvernhusa, drivkraft og drivverk.

Attåt desse tabellane er sett upp ein tilleggstabell, som viser hestekrafttalet i gardskvernane etter ei serskild utrekning som er gjort. Kraftala er likevel rekna ut berre for heile landet og for dei 6 landsboltkane.

Når det gjeld eit yrke so gammalt som kornmalinga, den eldste industrielle verksemnda i landet og med røter attende til den første tida sogone våre melder um, må ein ikkje undrast på at det i tabellane attåt dei vanlege uppgåvor som lyt vera i ei slik statistisk utgreiding, er teke med ymse fråsegnar som ein helst kan kalla folkeminne. Det gjeld serskilt uppgåvone um steinslaga som frå gammalt hev vore nytta til kvernsteinar i dei ulike landsboltkane og i nokon mun meldingane um drivverka og um alderen på kvernhusa. Likeeins gjeld det nokre av fråsegnene som kjem i andre heftet um turkor, reinskogreidor og maleverk og uppgåvone i siste heftet um betalingsmåten for leigemaling.

V. Talet på bruка i 1919 og i 1927—1929.

Det lyt segjast fyrst at ordet *bruk* her er teke som nemning på kvart einskilt verk anten dette so er ei stor valsemylna eller ei grøypekvern til å flytja.

I sume fall hev det elles ikkje vore so beintfram å slå fast um ein skulde rekna med berre *eitt* bruk eller med fleire. Når ein mann t.d. hev two gardskvernar i serskilde hus og med serskilde drivverk, då er desse sjølvsgått rekna som *two* bruk. Men er det two kvernar i *same* kvernhuset er dei rekna som *eitt* bruk endå um det er so at det er serskilde eigalar til kvar av desse two kvernane. Grøypekvernar som stend i mylnor er rekna som tilhørsela til desse og difor ikkje tekne serskilt. Um bygdkvernar (eller handelskvernar) med two grøypekvernar eller med grøypekvern i samband med anna kvern gjeld det at det heile er rekna som eitt bruk. Men dersom det på ein gard fanst two grøypekvernar nytta som *gardskvernar* er desse rekna som *two* bruk, av di dei jamnast ikkje vert drivne ihop som noko heilt, men vert nylta skiftevis. Som oftast

stend dei ikkje på same romet heller. Elles var det i 1927—29 berre 36 gardar i heile landet som hadde two grøypekvernar. Ingen hadde tri eller fleire. Nokre fåe hadde grøypekvern attåt anna gardskvern. Dei er sjølvsgåt og rekna som serskilde bruk.

Som det er vist i den fyrste tabellen i tabellverket var det i 1927—29 i heile landet i alt 10 926 eller burtimot elleve tusund bruk, mylnor og kvernar lagde i hop. I 1919 var talet 9 011, men då var ikkje *grøypekvernar* nytta til gardskvernar med. Skal ein samanlikna uppgåvone lyt ein difor draga ifrå talet på desse i 1927/29. Etter 6. tabellen fanst det i 1927/29 i alt 2 955 slike kvernar. Retta på denne måten fær ein då desse tal for dei two reknetidene:

	1919	1927/29
Handelsmylnor	36	63
Bygdamylnor	1025	1003
Gardskvernar	<u>7950</u>	<u>6905</u>
Ihoplagt	9011	7971

Som det var å venta syner det seg å vera nedgang og den fell mesta berre på dei gamle gardskvernane. Talet på bygdamylnor er og eit grand lægre i 1927/29 enn i 1919. Men handelsmylnor og -kvernar derimot var det 75 pst. fleire av i 1927/29 enn i 1919.

Likevel er talet på handelsmylnor her i landet sers lågt og mykje lægre etter måten enn det jamnast er i andre land.

I 4. tabellen er handelsmylnone skilde i tri flokkar etter dei kornslaga dei mel. Talet på bruk i kvar av desse flokkane var:

	I 1919	I 1927/29
1. Brødkornmylnor (som mel, kveite, rug og bygg)	16	17
2. Havremylnor og rismylnor	13	17
3. Maismylnor og -kvernar	<u>7</u>	<u>29</u>
I alt	36	63

Når vi på denne måten gjeng uppgåvone meir grant etter i saumane syner det seg at brødkornmylnone som elles kornmonopolet i mestaparten av den tidabolken det her er tala um hev hat si hand yver, er auka minst i tal, frå 16 i 1919 til 17 i 1927—29. Det er soleis kome til ei ny brødkornmylna (Nordkronen i Stavanger). Talet på maismylnor er stige mest og grunnen til dette er den at maisinnførsla i åra etter krigen hev gjenge upp so mykje, frå 68 000 tonn på lag i medeltal for dei two åra 1919 og 1920 til ikring 116 000 tonn i medeltal for 1927—1929. Til å mala denne mengda hev då felleskjøpa og andre som handlar med mais og fôrvaror rådd seg serskilde mylnor eller kver-

nar, mest grøypekvernar. Den største aukinga næst etter maismylnone hev havremylnone og millom dei serskilt mylnone på Jæren.

Ein lyt ansa på at den skiljinga som er gjort millom handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar ikkje viser heile talet på bruk som dreiv handelsmaling, leigemaling eller maling for eigarane. Millom bygdamylnone t.d. fanst det mange som hadde alle tri slag maling. Men dette kjem vi meir attende til seinare i 3dje bolken der det vert greidd ut um maleuppgåvone.

Ser ein på korleis mylnone og kvernane er skilde etter tekniske tilskipingar før ein desse tala etter rekninga i 1927/29:

Mylnor og kvernar i 1927--29	Handelsmylnor		Bygdamylor		Gardskvernar		I alt	
	Bruk	Pct.	Bruk	Pct.	Bruk	Pct.	Bruk	Pct.
Heile landet.								
Valsemylnor	44	69,8	183	18,3	3	0,0	230	2,1
Andre mylnor	1	1,6	309	30,8	30	0,3	340	3,1
Mylnor i alt	45	71,4	492	49,1	33	0,3	570	5,2
Kallkvernar	1	1,6	346	34,4	6587	66,8	6934	63,5
Grøypekvernar	15	23,8	87	8,7	2955	30,0	3057	28,0
Andre kvernar	2	3,2	78	7,8	285	2,9	365	3,3
Kvernar i alt	18	28,6	511	50,9	9827	99,7	10356	94,8
Mylnor og kvernar i alt .	63	100,0	1003	100,0	9860	100,0	10926	100,0

Av dei 10 926 bruk som fanst i landet i 1927/29 var soleis 10 356 kvernar og berre 570 mylnor, eller godt og vel 5 pct. av heile talet var mylnebruk. Av mylnone var 230 valsemylnor og 340 andre mylnor med berre steinkvernar til maleverk. Ser vi på procenttalet i dei tri hovudflokkane av mylnor og kvernar som vi reknar med, syner det seg at høgste procenttalet av både mylnor i alt og av valsemylnor, fanst millom handelsmylnone som venteleg var. Det minste tal mylnor hadde gardskvernane.

Elles fanst det mylnor og kvernar av alle slag i kvar einskild av dei tri hovudflokkane. Jamvel imillom gardsmylnone fanst det 3 valsemylnor. Ei av desse hadde havrevals. Ho brann elles upp i 1929. Dei two andre hadde vanlege valsestolar til brødkornmaling. Av dei sistnemnde hadde den eine two valsestolar og var upphavleg bygd til bygdamylna, men på rekningstida var ho berre nytta til gardsmaling og er sidan riven ned.

Av kallkvernar (bekkekvernar eller kvernhus) var det i 1927/29 enno att burtimot sju tusund og av dei nye gardskvernane som jamnast vert kalla grøypekvernar, var det noko yver tri tusund.

Frå 1919 har vi som sagt ovanfor ikkje tal som heilt kan jamnførast med desse — det gjeld då serskilt grøypekvernane — og vi kann heller ikkje av talet på mylnone i dette året skilja ut dei som var valsemylnor, men med dette etterhalde gjer ein her nedan eit uppset som viser so langt råd er kva slag mylnor og kvernar det då fanst i landet.

Mylnor og kvernar i 1919	Handelsmylnor		Bygdamylnor		Gardskvernar		I alt	
	Bruk	Pct.	Bruk	Pct.	Bruk	Pct.	Bruk	Pct.
Heile landet.								
Mylnor	33	91,7	508	49,5	28	0,4	569	6,3
Kallkvernar	—	—	399	39,0	7811	98,2	8210	91,1
Grøypekvernar	2	5,6	75	7,3	—	—	77	0,9
Andre kvernar	1	2,7	43	4,2	111	1,4	155	1,7
Kvernar i alt	3	8,3	517	50,5	7922	99,6	8442	93,7
Mylnor og kvernar i alt .	36	100,0	1025	100,0	7950	100,0	9011	100,0

Talet på mylnor hev halde seg noko so nær ved lag frå 1919 til 1927/29. Det var berre ei mylna meir i det siste enn i det fyrste året. Det er elles berre i handelsmylne- og gardskvernflokkane at mylnetalet er stige. Millom bygdamylnone er talet på dei som var rettelege mylnor gjenge noko ned.

Kjem vi so til kallkvernane eller bekkekvernane syner det seg at nedgangen i talet hev vore stor, frå 8210 i 1919 til 6934 i 1927—29. Det er soleis i desse 9—10 åra kome burt 1276 kvernhus, eit procenttal på millom 15 og 16, rekna etter talet i 1919. Og nedgangen hev halde fram sidan og. Med den farten det no gjeng vil det truleg ikkje vara so mange tiår til bekkekvernane er kvorvne heilt burt i mesteparten av landet, kann henda sume dalar og fjordstrokk på vestlandet undantekne. Dersom ein tek upp ei jamnføring med tida hundrad år attende kan ein rekna at talet no er på lag berre fjorddeparten av det det var då. Etter eit skyn på grunnlag av femårsmeldingane frå **amtmennnene** kann talet på kallkvernar ikking 1830 setjast til millom 20 000 og 30 000, nærmast det siste. Det er Vestlandet som no hev mestaparten av dei gamle gardskallkvernane. I flatbygdane på Austlandet og i Trøndelag er slike kvernar mange stader heilt ukjende. I dalane på Upplanda og på Sørlandet og likeins i Trøndelag og Nordlanda finst det fulla ein slump att, men dei stend mykjegodt unytta og mange av dei er i dei siste åra komne til nedfalls.

I tabellane nedanfor er dei ymse slag mylnor og kvernar i 1919 og 1927—29 sett opp etter landsbolkar. Til å gjera jamnføringa millom dei two reknertidene meir lytelaus, er gardsgrøypekvernar ikkje tekne med frå 1927/29 i den første tabellen og i den andre tabellen er dregne frå grøypekvernar som fanst millom handels- og bygdamylnone i 1919.

Handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar i 1919 og 1927—29	I 1919				I 1927—29			
	Handels-mylnor	Bygda-mylnor	Gards-kvernar	I alt	Handels-mylnor	Bygda-mylnor	Gards-kvernar	I alt
Landsbolkar.								
I. Austlandet	10	179	83	272	14	158	87	259
II. Upplanda	1	175	241	417	2	162	243	407
III. Sørlandet	3	148	1286	1437	7	122	1122	1251
IV. Vestlandet	19	263	4860	5142	34	256	4151	4441
V. Trøndelag	3	208	926	1137	6	245	800	1051
VI. Nordlanda	—	52	554	606	—	60	502	562
I alt . . .	36	1025	7950	9011	63	1003	6905	7971

Det er tydeleg at Vestlandet hev halde uppe den yvervekta det hev havt frå gammalt når det gjeld handelsmylnor. Dei er samla mykje ikring Bergen og Stavanger (med Sandnes). I Bergen og umlandet fanst det i 1927/29 i alt 10 slike bruk og av desse var 6 brødkornmylnor, yver tridjeparten av alle brødkornmylnor i landet. I og kring Stavanger var det 19 handelsmylnor og kvernar og av dei var 12 havregrynsmylnor som alle fanst i eller tett attmed Sandnes. Her låg soleis meir enn two tridjepartar av alle havremynor i landet og havregrynsmalinga er vorten som eit ser-skilt yrke i denne byen. Tabellen syner og at talet på bygdamylnor er gjenge ned i alle landsbolkar, Trøndelag og Nordlanda undantekne, der det er noko fleire no enn det var i 1919. Talet på gardskvernar av eldre slag, bekkekvernar og andre fastbygde kvernar, var lægre i 1927/29 enn i 1919 i alle landsbolkar utum Austlandet og upplanda, der talet er stige eit grand. Aukinga skriv seg frå at sume gardar hev fenge fastbygde steinkvernar med elektrisk drift innsette i uthusa istadenfor dei vanlege grøypekvernane.

Talet på rettelege *mylnor* er frå 1919 til 1927/29 gjenge ned på Austlandet, Upplanda og Sørlandet, men det er auka på Vestlandet, i Trøndelag og Nordlanda. Kallkvernar hev det vorte mindre av i alle landsbolkar og fallet er jamtyver millom 15 og 17 pst., når ein tek undan Austlandet og Nordlanda der tala berre er gjengne ned med 10—12 pst. Talet på andre fastbygde kvernar er vakse frå 155 i 1919 til 365 i 1927/29.

Mylnor og kvernar i 1919 og i 1927—29	I 1919				I 1927—29				
	Mylnor	Kall- kvernar	Andre kvernar	I alt	Mylnor	Kall- kvernar	Andre kvernar	Groype- kvernar	I alt
Landsbolkar.									
I. Austlandet . .	176	86	7	269	165	76	13	1150	1404
II. Upplanda . .	158	243	9	410	141	208	53	806	1208
III. Sørlandet . .	64	1330	33	1427	57	1122	59	266	1504
IV. Vestlandet . .	84	4989	49	5122	101	4195	122	210	4628
V. Trondelag . .	68	1003	45	1116	83	831	97	573	1584
VI. Nordlanda . .	19	559	12	590	23	502	21	52	598
I alt . .	569	8210	155	8934	570	6934	365	3057	10926


Om gardskvernane gjeld det at folk på Austlandet og noko på Upplanda og i Trøndelag mest hev tidhøvelege grøypekvernar som er laga serskilt til å mala eller grøypa korn til husdyr. På Vestlandet og noko på Sørlandet og i Nordlanda er gardskvernane som nemnt fyrr, jamnast gamle kallkvernar og desse var, i visso då dei vart bygde, helst esla til matmjølmalning. I den seinaste tida er dette likevel skipla noko med di mange av kallkvernane no vert nytta til det same som grøypekvernane. Men elles er det fulla so, at jamvel mange av grøypekvernane kann mala eit mjøl som er fullgodt til folkemat og fabrikkane sel ofte slike kvernar med påsett sikteapparat.

I 1. tabellen i tabellverket attum kann ein greidt sjå den skilnaden, som finst millom bygdene med dei ymse slag kvernar. Der det er mange kallkvernar er det fåe grøypekvernar og likeeins er det fåe og ikkje ei kallkvern ofte i dei bygdene som hev mange grøypekvernar.

I meldingar frå jordstyra på Austlandet er det jamnast sagt at kallkvernane i bygdene der kom burt i 1860—70 og 80 åra. Fyre den tida fanst det slike kvernar jamvel i strok der korn ikkje vart avla, t.d. i Vestfinnmarka og i bygdene kring Røros. Grunnen til dette er den, at folk i gamle dagar mest kjøpte korn og mol det på sine eigne kvernar; no kjøper dei mjølet frå handelsmannen, og kvernane er då sjølv sagt etter dette komne ut av bruk. Nokre fåe av dei som fanst i slike bygder utan eigen kornavl, hev likevel stade att til det siste. Soleis er det sagt at den siste kallkverna i Alta vart riven ned i krigstida. I Brekken ved Røros (eller Brekkebygda som bygda til dagleg vert kalla) stend det att ei slik kvern som endå i 1927/29 var i slik stand at ho kunde nyttast til maling.

Det er sume bygder som hev serskilt mange kvernar, og det er då helst der dei hev halde uppe den gamle skikken med eit kvernhus til kvar gard. Av bygder med yver 100 kvernhus fanst det i 1927/29 i alt 7 i landet, 4 i Sogn og Fjordane og 3 i Møre. Desse bygdene var:

Jølster	med 157 kvernhus
Volda "	149 "
Hjørundfjord "	145 "
Innvik "	145 "
Gloppen "	128 "
Norddal "	127 "
Davik "	107 "



Bil. 20.
Kvernhus (kalkkvernar) på Horr i Varhaug (Jæren).

Det er soleis berre i dei two futerika Sunnmøre og Fjordane (Sunnfjord og Nordfjord) at det finst bygder med meir enn 100 kalkkvernar i kvar bygd. Heile talet på kalkkvernar var i Fjordane 1192 og i Sunnmøre 1175, i saman for desse two futerika 2367, som er yver tridjeparten av heile landstalet. I dei andre fylka ser det ut til at det er nokre einskilde bygder som hev serskilt mange kalkkvernar. Gjeng ein nordanfrå kann ein taka ut desse bygdene:

Nordland: Vefsen med 73 kalkkvernar
Beiaren " 53 "

Inga anna bygd yver 33.

Sør-Trøndelag: Opdal " 56 "
Inga anna bygd meir enn 18.

Rogaland: Suldal med 95 "
Inga anna bygd meir enn 42.

<i>Vest-Agder:</i>	Bakke	"	73	kallkvernar
	Åseral	"	63	"
Inga anna bygd meir enn 48.				
<i>Aust-Agder:</i>	Valle	"	82	"
	Inga anna bygd yver 52.			
<i>Telemark:</i>	Vinje	"	45	"
	Rauland	"	38	"
Inga anna bygd yver 26.				
<i>Opland:</i>	Lom	"	33	"
	Heidal	"	30	"
	Lesja	"	30	"
Inga anna bygd yver 19.				

Grøypekverntalet kjem ikkje so høgt upp. Det meste som finst i nokor bygd er 68 i Eidsvoll (Akershus). Dei bygdene som hev 50 slike kvernar eller meir er desse:

Eidsvoll (Akershus)	68
Eidsberg (Østfold)	67
Fåberg (Opland)	65
Rakkestad (Østfold)	62
Trøgstad (Østfold)	55
Ullensaker (Akershus)	52

Det gjeld um grøypekvernane og, at dei er spreidde noko ujamnt utover, men likevel er ikkje skilnaden so stor som sagt um bekkekvernane.

Det kann vera grunn til å ansa meir grant på dei nordste mylnone og kvernane.

Dersom ein ser burt ifrå dei two grøypekvernane som staten (heren) eig i Finnmark, og som vert nytta berre til å mala innkjøpt korn (eiga maling), ligg nordgrensa for dei vanlege bygdamylnor og gardskvernar på ei lina som gjeng frå Lenvik yver Malangen og Balsfjord til Lyngen. Denne grenselina måtar godt i hop med grensa for kornavlen, soleis som jordbruksstatistikken syner ho. Nordanfor og austanum desse bygdane vart det t.d. i 1929 mesta ikkje avla korn og då trøngst det sjølvsagt heller ikkje kvernar til å mala det.

I serskilde deilder av den fyrste tabellen er det gjeve oppgåvor um drivkraft og um steinslaget i dei fastbygde steinkvernane. Dette vil ein ikkje segja meir um her no, av di ein kjem att til desse måla sidan.

Det same gjeld talet på valsesstolar og. Det vil koma meir heilslege oppgåvor um desse i andre bolken av denne statistikken.

I siste rubrikk i tabellen hev ein freista å setja ihop eit tal som kann vera som eit mål på den malemakta dei råder yver i dei ulike bygdene og i landskap, fylke og landsbolkar, når det gjeld norsk korn. Talet i

denne rubrikken er ein sum av tala i rubrikkane nr. 13 og 18—22 med tillegg av nokre fåe grøypekvernar som ikkje er sjølvstendige men stend som tilhøyrsla i andre bruk. Merknader um desse er settet til attmed kvar bygda eller byen der dei finst. Frå handelsmylnone er tekne med alle kvernar (grøypekvernar og), men ikkje valsestolane anna enn frå dei handelsmylnone som attåt handelsmalinga samstundes driv vanleg leigemaling. Rekna ut på denne måten fanst det i 1927—29 i landet 13 066 maleverk i alt. Til dette kjem so 825 valsestolar i handelsmylnor som berre dreiv handelsmaling. Heile talet på maleverk i landet vert soleis 13 891.

Når ein skal taka talet serskilt for kvar landsbolt er det berre den fyrst nemnde summen, 13 066, ein kann rekna med. Av denne fell på:

	<i>Kvernar og valsestolar</i>	
	Rette tal	Prosenttal
I. Austlandet	2130	16,3
II. Upplanda	1660	12,7
III. Sørlandet	1740	13,3
IV. Vestlandet	4983	38,2
V. Trøndelag	1910	14,6
VI. Nordlanda	643	4,9
I alt 13066		100,0

Noko sers godt mål på malemakta vert dette likevel ikkje. Som vi ser hev Vestlandet med dei mange men små kallkvernane det høgste talet. Det er likevel grunn til å tru at maledugleiken alt i alt er større i dei to landsboltane Austlandet og Upplanda som både hev færre, men meir tidhøvelege maleverk (mylnor og grøypekvernar).

I statistikktabellane er det ikkje gjort nokon sers skilnad millom mylnor og kvernbruksom finst i bygder og dei som finst i byar. Umframt 1. tabellen gjeld tala i andre tabellar ikkje dei einskilde bygdene eller byane, berre landskap, fylke eller landsbolt, og her er då byane tekne med i det landskapet som dei ligg i eller som er nærmast. Dette skulde vera det rettaste og. Dersom det t.d. finst bygdamylna i ein by er det sjølvsagt at ho lyt få korn til malinga frå umlandet, bygdene som ligg ikring byen. På sjølve byvaldet vil det vanlegvis berre vera heller liten kornavling som ikkje kan gjeva noko større arbeid til ei serskild leigemalingsmylna. Noko det same gjeld um handelsmylnone. Dei mel ikkje berre til byen men til ein heil landsbolt, og surne jamvel til fleire slike.

Likevel kann det vera å ynskja at det vert gjeve ei yversyn over kor mange mylnor og kvernbruksom vi hev serskilt i byar og bygder. Uppgåvane her nedan viser dette for både reknetidene:

Talet på mylnebruk og og kvernbruks i bygder og byar	Rette tal			Prosenttal		
	Bygder Bruk	Byar Bruk	I alt Bruk	Bygder %	Byar %	I alt %
1919.						
Handelsmylnor	19	17	36	52,8	47,2	100,0
Bygdamylnor	1002	23	1025	97,8	2,2	100,0
Gardskvernar	7950	—	7950	100,0	—	100,0
Alle bruk	8971	40	9011	99,6	0,4	100,0
1927—29.						
Handelsmylnor	32	31	63	50,8	49,2	100,0
Bygdamylnor	984	19	1003	98,1	1,9	100,0
Gardskvernar	9855	5	9860	99,9	0,1	100,0
Alle bruk	10871	55	10926	99,5	0,5	100,0

Av heile talet i 1927/29 var det i byane berre 55 bruk i alt av 10 926. Det vert 0,5 pst. Likevel er det ikkje so liten skilnad millom dei ulike slag mylnor og kvernar. Av handelsmylnone låg burtimot halvparten i byar, av bygdamylnor ikring 2 pst., og av gardskvernar, som og rimeleg er, ikkje so mykkje som 1 pro mille (vel 0,05 pst). Prosenttalet av mylne- og kvernbruks i byane var endå mindre i 1919, berre 0,4 pst. i alt. At det sidan hev vorte noko større, skriv seg mest frå at prosenten av handelsmylnor, er auka eit grand i byane, frå 47,2 i 1919 til 49,2 i 1927—29. Derimot er talet på bygdamylnor i byane gjenge ned både når ein reknar med sjølv talet på bruks og prosenttalet. Dei 5 gardskvernane som fanst på byvalda i 1927—29 er alle grøypekvernar som hører til på garadar innum bygrensa. Grøypekvernar nytta til gardskvernar var ikkje med i rekinga i 1919 og tala kann soleis når det gjeld gardskvernar ikkje jamførast heilt ut.

Av tabellen nedanfor kann vi sjå korleis tala vert når vi tek dei ulike slag mylnor og kvernar etter tekniske skiljelinor:

	1919			1927—1929		
	Bygder	Byar	Prosent i byane av heile talet	Bygder	Byar	Prosent i byane av heile talet
				Bruk	Bruk	%
Valsemylnor				197	33	14,3
Andre mylnor	535	34	6,0	337	3	0,9
Mylnor i alt	535	34	6,0	534	36	6,3
Kallkvernar	8209	1	0,0	6933	1	0,0
Grøypekvernar	74	3	(3,9)	3041	16	0,5
Andre kvernar	153	2	1,3	363	2	0,6
Kvernar i alt	8436	6	0,1	10337	19	0,2
Alle bruk	8971	40	0,4	10871	55	0,5

Av valsemylnone i landet ligg etter siste rekninga (frå 1927—29) 14 pst. på lag i byane og av „andre mylnor“ burtimot 1 pst. Av kvernane er talet i byane svært lite, mest av grøypekvernar (nytta til handelsmaling), men berre ei kalkkvern (av burtimot 7.000 i landet). I 1919 var og rekjkjefylgia av tala den same på lag. Prosenten av grøypekvernar er for dette året sett i klomber. Den kann ikkje jamførast med prosenttalet i 1927—29.

Allt i alt fanst i 1919 mylnor eller kvernar av eitkvart slag i 597 av dei 749 herad og byar, som landet var kløyvd i (etter stoda i 1929), 25 byar og 572 herad hadde mylna eller kvern på valdet sitt, 42 byar og 110 herad hadde inga.

I 1927—29 var talet på bygder og byar med mylnor eller kvernar auka til 634. Aukinga skriv seg fulla mest frå at grøypekvernar til gardsbruk då var komne med.

Av desse 634 kommunar var 29 byar og 605 bygder. 38 byar og 77 bygder hadde ikkje nokor mylna eller kvern då heller. Av desse 115 byar og bygder utan mylne- eller kvernbruks låg yver helvta eller 62 i Nordlanda (Finnmark, Troms og Nordland). Av kommunar som ikkje hadde noko slag maleverk korkje i 1919 eller i 1927—29 var det 102 (36 byar og 66 herad). Det er 13,6 pst. av alle kommunar (53,7 av byane, men berre 9,7 av bygdene). Av desse låg 57 (10 byar, 47 bygder) i Nordlanda og 45 (26 byar og 19 bygder) søranfor.


Det er sett opp her nedan kva talet er i dei ulike landsbolkane på kommunar som hev og ikkje hev maleverk:

	Kommunar med maleverk anten i 1919 eller i 1927—29 eller på både tider			Kommunar utan maleverk på nokor av desse tidene			Prosent kommunar utan maleverk i 1919 eller i 1927—29 %
	Byar	Bygder	I alt	Byar	Bygder	I alt	
I. Austlandet	10	98	108	10	4	14	11,5
II. Upplanda	3	63	66	1	2	3	4,4
III. Sørlandet	8	90	98	8	3	11	10,1
IV. Vestlandet	5	161	166	5	4	9	5,1
V. Trondelag	4	135	139	2	6	8	5,4
VI. Nordlanda*)	1	69	70	10	47	57	44,9
Heile landet	31	616	647	36	66	102	13,6
*) Dei einskilde fylke hev desse tala:							
Nordlanda	1	47	48	5	16	21	30,4
Troms	—	20	20	2	13	15	42,9
Finnmark	—	2	2	3	18	21	91,3

Dersom ein ikkje tek byane med, vert prosenttala noko jamnare, men linea elles mesta den same.

VI. Mylnor og kalkvernar gjengne frå og komne til i tida frå 1919 til 1927—29.

I 3. tabellen er det greidd ut um korleis det er gjenge til i tida frå 1919 til 1927—29 med dei mylnor og kalkvernar som fanst i landet i det fyrstnemnde året, og likeins er her sett opp talet på mylnor og kalkvernar som vart nybygde i same tiåret. Meldingar um gardskvernar og um bygdamylnor som i 1927—29 var komne heilt burt, hev ein fenge frå jordstyra. Um handelsmylnone og um bygdamylnor som var i drift i 1927—29 er fråsegner komne inn frå eigarane. Tabellen tek med berre uppgåvone um mylnor og um kalkvernar, ikkje um andre kvernar. Som sagt fyrr finst det frå 1919 ikkje uppgåvor um mestaparten av grøypekvernane og um „andre kvernar“ er og meldingane noko uheile. Dette gjeld då serskilt gardskvernane. Um grøypekvernar og „andre kvernar“, som var *handelskvernar eller bygdakvernar* finst det likevel heilslege uppgåvor og eit samandrag av desse er teke med her lenger nedanfor, men uppgåvone er ikkje prenta i tabellverket. Ser ein fyrst på *mylnone* syner det seg at det i 1929 var att 460 av 569 mylnor som fanst i 1919. I same tida vart nybygde 110 mylnor, soleis at endelykta vert 570 mylnor i bruk i 1927—29. Tala er i samsvar med dei som stend i dei andre tabellane. Det lyt merkast at mylnor, som er *bygde etter 1919* og er brunne fyre 1929 og likeins mylnor som fanst i 1919 men er brunne upp i dei two åra frå 1927 til 1929 som statistikken gjeld, men ikkje er uppattbygde i



Bil. 27.
Nedlagd kalkvern (gardskvern) i Degernes i Østfold.

denne tidabolken, likevel er tekne med i talet på mylnor i bruk 1927—29, dersom dei i det heile var brukande i noko av tida, men dei er då ikkje rekna med i talet på mylnor nedbrunne frå 1919 til 1927—29. Det vert soleis ikkje ei heilt klår lina i denne tabellen og dette kjem seg mest av at ein ikkje hev nokon viss dag som statistikken kann tidfestast til. Det som her er sagt gjeld elles berre 4 mylnor.

Likeins er i talet på kallkværnar tekne med alle kværnar som var brukande eit bil i 1927—29, men som er komne burt frametter i desse two åra. Serskilt i 1928 gjekk ikkje so fåe gamle kværnhus med i ras.

Mylnor og kværnar som er brunne upp eller er rivne med i skred eller flaum, men er bygde uppatt, er sjølv sagt rekna med både som nedbrunne eller nedrivne og som nybygde.

Tabellen nedanfor viser talet på *mylnor* som er gjengne frå og komne til i dei ymse landsfolkane i den nemnde tida frå 1919 til 1927—29.

Landsfolkar.	Rette tal						
	Mylnor i 1919	Av desse er i tida 1919 til 1927—29			Mylnor att i 1929	Ny- bygde 1919 til 1929	
		Brunne ned	Tekne av flaum, nedrivne	Ned- lagde			
I. Austlandet	176	9	2	21	144	21	165
II. Upplanda	158	11	6	15	126	15	141
III. Sørlandet	64	7	1	10	46	11	57
IV. Vestlandet	84	8	—	5	71	30	101
V. Trondelag	68	4	2	7	55	28	83
VI. Nordlanda	19	1	—	—	18	5	23
I alt heile landet . . .	569	40	11	58	460	110	570

Landsfolkar.	Samanlikningstal (%)						
	Mylnor i 1919	Av desse er i tida 1919 til 1927—29			Mylnor att i 1929	Ny- bygde i 1919 til 1929	
		Brunne ned	Tekne av flaum og nedrivne	Ned- lagde			
I. Austlandet	100,0	5,1	1,1	12,0	81,8	12,0	93,8
II. Upplanda	100,0	7,0	3,8	9,5	79,7	9,5	89,2
III. Sørlandet	100,0	10,9	1,6	15,6	71,9	17,2	89,1
IV. Vestlandet	100,0	9,5	—	6,0	84,5	35,7	120,2
V. Trondelag	100,0	5,9	2,9	10,3	80,9	41,2	122,1
VI. Nordlanda	100,0	5,3	—	—	94,7	26,3	121,0
I alt heile landet . . .	100,0	7,0	1,9	10,2	80,9	19,3	100,2

Vi kann her klårt sjå den store skilnaden det er millom dei tri fyrst-nemnde og dei tri andre landsfolkane. På Vestlandet i Trondelag og Nordlanda er det kome til so mange nye mylnor at talet i 1927—29 i

samanlikning med 1919 jamtyver er noko meir en 20 pst. høgare. I dei tri andre landsfolkane er det i kring 10 pst. lægre.

Av dei 569 mylnor som var i landet i 1919 er 40 brunne upp og 58 lagde ned. Teken av flaum er berre ei mylna, og i alt 10 er rivne ned eller laga um soleis at huset kunde nyttast til anna verksemnd, t.d. maskinverkstad eller lagerhus.

Det kann vera grunn til å sjå serskilt på den rubrikken som viser tala på mylnor som er brunne upp. Men her lyt ein då merka seg det som fyrr er nemnt at ikkje alle mylnebrandar i dei 10 åra er komne med i tabellen. Soleis er det i denne tida brunne upp tri mylnor som var bygde etter 1919. Den eine er uppattbygd, dei two andre ikkje. So er



Bil. 28.
Gamal kalkvern (gardskvern) i Lærdal i Sogn, nedlagd etter 1919.

det ei mylna, av dei vi hev greida på frå 1919, som brann i 1929, men sidan ikkje er bygd upp å nyo. Og til sist lyt ein nemna at det er tri mylnor (Lofos Mylna i Valdres, Stangelands Mylna på Jæren og Verdal Samvirkelags Mølle), som er brunne two gonger i same tida. Den eine av desse (Verdal Samvirkelags Mølle) brann første gong 1923, andre gongen i 1925, eit år etter at ho var uppattbygd. Sidan, men etter den tida som denne statistikken gjeld, er same mylna brunne tridje gongen (28. november 1930).

Det vert soleis 7 mylnebrandar i alt som ikkje er komne med i tabellen og alt i alt vert det då 47 brandar i mylnor ein lyt rekna med i dette 10-året. I tabellane er då ikkje tekne med mindre brandar, berre brandar då heile bruket eller mestaparten av det vart øydelagt.

Det er elles eit merkeleg drag at brandprosenten skil seg so mykje frå landsbolt til landsbolt. Han aukar jamt frå Austlandet til Sørlandet der mesta 11 pst. av mylnone brann ned i tiåret. Frå Sørlandet fell prosenttalet med kvart når ein fer nordover, til 5,3 i Nordlanda.

Det kan vera ynskjeleg å sjå talet på slike totalbrandar som hev vore i mylnor, skilt etter som dei var i handelsmylnor, bygdamylnor, gardsmylnor. Dette er vist i tabellen nedanfor. Prosenttalet er rekna ut etter medeltalet av *mylnor* i tida 1919 og 1927—29.

	Mylnor i 1919	Mylnor i 1927—29	Medeltal av 1919 1927—29	Mylnen- brandar	Prosenttal %
Handelsmylnor	33	45	39	10	25,6
Bygdamylnor	508	492	500	36	7,2
Gardsmylnor	28	33	31	1	3,2
I saman . . .	569	570	570	47	8,3
Rekna berre med handelsmylnor og bygdamylnor vert tala . .	541	537	539	46	8,5

Avg dei 9 brandane i handelsmylnor hev 2 vore i brødkornmylnor (Bakke Mølle og Kambo Mølle), 7 i havregrynsmylnor og 1 i maismylna. Tala er ikkje so store at ein kan segja dei gjev fullgodt prov. Men det ser likevel ut til at brandfåren er verst i dei største og mest tidhøvelege mylnone. Og i det heile syner det seg at mylnone er mykje utsette for



Bil. 29.
Nedlagd kalkvern (gardskvern) i Selbu (Sør-Trondelag).

lauseld. Det er elles ein ting ein lyt leggja vekt på når ein røkjer etter kva grunnen kann vera til den ulike brandprosenten, og det er kor lang tid mylnone er i gang. Handelsmylnone gjeng mesta heile året utan stans og nokre av dei jamvel både natt og dag, bygdamylnone hev størsteparten av malinga på sume årstider (sesongar), men på andre tider gjeng dei mest ender og då. Og gardsmylnone er sjølv sagt i drift berre ei kort tid av året. Og når ein so attåt tek umsyn til maskinane som er fleire og meir innfløkte i dei store mylnone er det klårt at det lettare kann koma varme laus i desse enn i dei mindre.

Vi tek dinæst *kallkvernane*. Korleis det er gjenge med dei frå 1919 til 1927—29 viser denne tabellen :

Landsbolkar.	Kall-kvernar i 1919	Av desse er i tida 1919 til 1927—29				Kall-kvernar att i 1929	Ny-bygde i tida 1919— 1929	Kall-kvernar i 1927—29
		Brunne ned	Tekne av flaum skred	Neddrivne el. tekne til anna verksemnd	Ned-lagde			
Rette tal :								
I. Austlandet	86	—	—	4	10	72	4	76
II. Upplanda	243	—	1	15	30	197	11	208
III. Sørlandet	1330	1	4	45	186	1094	28	1122
IV. Vestlandet	4989	3	20	195	747	4024	171	4195
V. Trøndelag	1003	3	—	66	163	771	60	831
VI. Nordlanda	559	—	2	15	67	475	27	502
Heile landet . . .	8210	7	27	340	1203	6633	301	6934
Samanlikningstal (%) :								
I. Austlandet	100,0	—	—	4,7	11,6	83,7	4,7	88,4
II. Upplanda	100,0	—	0,4	6,2	12,3	81,1	4,5	85,6
III. Sørlandet	100,0	0,1	0,3	3,4	14,0	82,2	2,1	84,3
IV. Vestlandet	100,0	0,1	0,4	3,9	15,0	80,6	3,4	84,0
V. Trøndelag	100,0	0,3	—	6,6	16,2	76,9	6,0	82,9
VI. Nordlanda	100,0	—	0,4	2,7	12,0	84,9	4,8	89,7
Heile landet . . .	100,0	0,1	0,3	4,1	14,7	80,8	3,6	84,4

Av 8210 kallkvernar som fanst i landet i 1919 er soleis 1577 i alt komne burt i tida til 1929, men samstundes er 301 nybygde, og nedgangen i talet vert etter dette 1276. Den største flokken av dei som er komne burt er beintfram nedlagde. Det gjeld um 1203 kvernar. Desse kvernhusa stend fulla flestalle av dei enno, men det kann vera eitkvart som vantar på at dei er brukande, mest er det sloket (vassrenna) eller kvernallen som er i ustand. Dei som er nedlagde vil truleg rotne upp med kvart. I medeltal 4 prosent av kvernane (i alt 340) er rivne ned eller so er kvernhuset teke til anna verksemnd. Når kvernhusa er rivne ned er det vanlegvis anten fordi timbret skulde nyttast til eit anna bygg eller mest var fulla grunnen den at det skulde setjast upp nytt kvernhus

på same kvernstødet istaden for det gamle, som var falleferdig. Fleste-parten av dei 301 nybygde kvernhusa i dette 10 året lyst ein helst sjå frå denne synsstaden.

Det er berre 7 kallkvernar som det er oppgjeve hev brunne ned. Det er kann so henda at talet er noko for lite av dei ein ikkje hev fenge full greida på alle brandane. Men det er i alle fall berre spørsmål um nokre fåe tilfelle som det gjeld og då helst kallkvernar som var gardskvernar. Av kallkvernar nytta som bygdamylnor er det 3 som er brunne ned og av gardskvernar 4. Reknar ein prosenttalet ut på same måten



Bil. 30.
Gamal nedlagd kallkvern (gardskvern) i Saltdal (Nordland).

som det er gjort for mylnone, før ein då at det er brunne ned 0,8 pst. av dei kallkvernar som er nytta til bygdamylnor og mindre enn 0,1 pst. av gardskallkvernane. Det er soleis eit mykje lægre prosenttal enn det som vi hadde å gjera med millom mylnone og styd uppunder dei meiningsane som der er lagde fram.

Vi kjem so til grøypekvernane og „andre kvernar“. Her finst det som sagt ikkje uppgåvor som gjeld gardskvernar, men berre um handelsmylnor og bygdamylnor. Uppgåvone nedanfor er rekna ut for heile landet. Sjå tabellen næste sida.

Det som det her er serskild grunn til å ansa på, er den store aukinga som hev vore i talet på slike kvernar til handelsmylnor og bygdamylnor i den tidabolken det her er tale um. Det er truleg at kvernar som desse, av di dei oftast er laga til elektrisk drift, er serskilt greide å nytta, helst der det ikkje vil løna seg å byggja større mylneverk.

	Kvernar i 1919	Av desse er i tida frå 1919 til 1929				Kvernar att i 1929	Kvernar komne til i tida 1919— 1929	Kvernar i 1929
		Brunne ned	Tekne av flaum eller skred	Nedrivne eller tekne til anna verksemid	Ned- lagde			
Grøypekvernar.								
Handelsmylnor	2	—	—	—	—	2	13	15
Bygdamylnor	75	3	—	—	47	25	62	87
I alt	77	3	—	—	47	27	75	102
Andre kvernar.								
Handelsmylnor	1	—	—	—	—	1	1	2
Bygdamylnor	43	(4) 3	—	1	14	25	53	78
I alt	44	(4) 3	—	1	14	26	54	80
Ihoplagt.								
Handelsmylnor	3	—	—	—	—	3	14	17
Bygdamylnor	118	(7) 6	—	1	61	50	115	165
Alt i alt	121	(7) 6	—	1	61	53	129	182

I tabellen ovanfor er kvernar som ikkje lenger vert drivne som bygdamylnor, men framleides vert nytta som gardskvernar, tekne som nedlagde, det vil då segja at dei er ikkje med i uppgåvone um bygdamylnor i 1927—29, men er sjølvsgårt rekna med millom gardskvernane. Dette gjeld um flestalle av dei 47 nedlagde grøypekvernane og jamvel um nokre av dei „andre kvernane“ og.



Bil. 31.
Gamal nedlagd kallkvern (gardskvern) i Kvæfjord (Troms fylke).

Talet som stend i klober i rubrikken „kvernar brunne ned i tida 1919—1929“, viser på same måten som det er sagt um mylnone framum, heile talet av brandar som hev vore millom „Andre kvernar“ (under bygdamylnor) i den tida det her er tale um. Av „Andre kvernar“ frå 1919 er det som ein ser brunne upp tri, (ei på Austlandet (Buskerud), ei på Sørlandet (Vest-Ågder) og ei på Vestlandet (Rogaland)) og attåt desse er det ei slik kvern på Sørlandet (Vest-Ågder) bygd etter 1919 som og er brunnen ned. I alt vert dette soleis 4 brandar i denne kvernflokkjen. Av grøypekvernbruk er det brunne 3 (ei på Vestlandet (Sogn og Fjordane), ei i Trøndelag (Sør-Trøndelag) og ei i Nordlanda (Troms)).

Rekna ut likeins som fyrr etter medeltalet av kvernane fær ein desse prosentane :

	Medeltal kvernar 1919—1927—29	Brandar i tida 1919—1929	Prosent brunne upp %
Grøypekvernar.			
Handelsmylnor og bygdamylnor i saman .	90	3	3,3
Berre bygdamylnor	81	3	3,7
„Andre kvernar“.			
Handelsmylnor og bygdamylnor i saman .	62	4	6,5
Berre bygdamylnor	61	4	6,6

Vi kann sjå at brandprosenten her er noko mindre enn millom mylnone, men mykje større enn den som kallkvernane viste.

Slær vi ihop alle brandar som hev vore i *handelsmylnor* og *bygdamylnor* i tiåret 1919—1929 fær vi denne tabellen, som viser talet i dei ulike landsbolkane :

	Alle brandar	Av desse var i mylnor, grøypekvernar og andre kvernar (kallkvernar soleis undantekne)	
		Tal	Prosent
I. Austlandet	11	11	6,5
II. Upplanda	12	12	7,9
III. Sørlandet	11	10	11,4
IV. Vestlandet	12	11	8,3
V. Trøndelag	8	7	6,0
VI. Nordlanda	2	2	6,3
Heile landet	56	53	7,7

Rekkjefylgia i prosentane er her den same som vist framum då det var tale berre um mylnone, berre med eit lite avvik i Nordlanda, som her viser eit grand høgare tal enn Trøndelag. Dette avviket er i visso berre eit hende og kjem seg frå at tala er so småe. Når prosenten er

rekna ut berre um mylnor, grøypekvernar og „andre kvernar“, soleis at kallkvernane som fanst i handels- og bygdamylneflokkane ikkje er tekne med, er dette gjort av di desse kvernar er so ujamt spreidde over landet og attpåtil er brandar i slike kvernar mykje meir sjeldsynte enn dei er i grøypekvernar og „andre kvernar“. Reknar ein prosenttalet ut etter den rubrikken der kallkvernane er tekne med, vil dette likevel ikkje gjera nokon skilnad i rekkjefylgja, men prosenttalet vert ikkje so lite lægre serskilt frå Sørlandet og nordetter.

VII. Eigedomstilhøva i 1927–29.

Frå 4. tabellen tek det til med serskilde opplysningar um dei mylnor og kvernar som fanst i landet i den første korntygdtida (åra 1927–29). I 4. tabellen er det gjeve uppgåvor um handelsmylnone, i 5. tabellen um



Bil. 32.
Sønsterud mølle i Åsnes (Soler), Bygdamylna. Eigar: Åsnes kommune.

bygdamylnone og i 6. tabellen um gardskvernane. I desse tabellane vert det først sagt frå um eigedomstilhøva. I upsetet nedanfor er greidd ut um korleis desse hev seg innanfor dei tri nemnde hovudflokkane når ein slær alle mylnor og kvernar i saman:

	Rette tal						
	Stat, fylke, kommune	Lutlag a/s	Sam- yrkelag	Fleire i hop (sameiga)	Ein- skild mann	Andre	I alt
A. Handelsmylnor	1	21	13	5	23	—	63
B. Bygdamylnor	51	70	26	156	696	4	1003
C. Gardskvernar	71	28	27	2059	7668	7	9860
I alt heile landet . . .	123	119	66	2220	8387	11	10926

	Samanlikningstal (%)						
	Stat, fylke, kommune	Lutlag a/s	Sam- yrkelag	Fleire i hop (sameiga)	Ein- skild mann	Andre	I alt
A. Handelsmylnor	1,6	33,3	20,6	8,0	36,5	—	100,0
B. Bygdamylnor	5,1	7,0	2,6	15,5	69,4	0,4	100,0
C. Gardskvernar	0,7	0,3	0,3	20,9	77,7	0,1	100,0
I alt, heile landet . . .	1,1	1,1	0,6	20,3	76,8	0,1	100,0


I alle flokkane er det einskildmannseiga som er vanlegast. Dinæst kjem millom bygdamylnor og gardskvernar sameigor (fleire eigarar i hop) og millom handelsmylnone lutлага. Det syner seg elles at det her finst store og sermerkte skilnader millom dei ymse slag mylnor og kvernar. Med lutlag (aktieselskap) eller samyrkelag til eigarar er prosenttalet høgst millom handelsmylnone, noko mindre millom bygdamylnone og minst — som venteleg er — millom gardskvernane. Men rekkja er snudd um når vi kjem til bruk der eigaren er ein einskildmann eller fleire ansvarlege parthavarar i hop (sameiga). Då stend prosenttalet høgst millom gardskvernane og lægst millom handelsmylnone samstundes som bygdamylnone



Bil. 33.
Sykkylven molle (Sunnmøre). Bygdamylna med lutlag som eigar. Bygd 1917.

her og hev ein millompllass. Ein kann fulla segja dette slik at det vert etter måten færre sjølvansvarlege eigarar med kvart når mylnone vert større og meir kostesame. Dei gjeng då meir yver til å verta lutlag — eller samyrkelagseiga. Av dei 11 bruk som er førde upp med „andre“ eigarar er det gjeve upp at sparebankar eig dei fleste. (Truleg hev dei teke dei yver som panthavarar i nedgangstida). Millom desse andre finst og ei mylna som hører til ein bygdaålmening, ei til legateigedom og tri til ymse slag lag og samskipnader utum dei ovan nemnde.

Um dei brukar som er sameigor eller hev fleire eigarar i lag kann det nemnast at her er tekne med alle slike tilfelle at fleire gardar eig ei




Bil. 34.
Krok mølle i Rødenes Østfold. Bygdamylna med fleire eigarar (sameiga).

gardskvern i hop. Dette er mykje vanlegt yver heile landet. Sume stader, — som det ser ut til mest på Vestlandet — kann det vera mesta ei heil grend som hev kverna i hop. Elles kan det vera mange ulike slag eige-domstilhøve som kjem med i denne rubrikken. Ikkje alle gardar hev kvernbekk eller plass til kvern — kvernstød dei kallar. Desse er då nøydde til å leiga hjå ein granne som hev slike plassar, og kann hava kverna i lag med han. Sume tider hev grannen teke seg rett til fri maling — fritt kvernlan — som betaling for kvernstødet, men dette er sjølv-sagt ikkje rekna for sameiga. I nokre fall er det slik at det ikkje er heile bruket dei eig i hop, men ein mann kann eiga kvernhuset og ein annan kverna eller det kann og vera so at kvar mann eig ei kvern i kvernhuset eller dersom det finst berre ei kvern, at kvar eig ein stein i

kverna. Sjølvे huset kann då vera anten vanleg sameiga eller det kann og vera skift soleis at kvar mann eig sin lut i det og held den istand. Det vert då mest som two eller fleire kvernhus er bygde isaman til eitt. Alle desse tilhøva er rekna som sameigor (fleire eigarar i hop). Elles er det mange stader ein gamal skikk at gardar som ikkje hev kvernbekk på eigedomen, eig serskilt kvernstød andre stader og denne kvernplassen kann i einstaka fall liggja heller langt frå garden.

Det er i alt 66 mylnor og kvernar som er førde upp i rubrikken samyrkelag. Til desse er rekna kooperative lag, felleskjøp og ymse sambruk som finst i bygdene, som innkjøpslag, reidskapslag, maskinlag og trøskelag.



Bil. 35.
Beitstad mølle (Nord-Trøndelag). Bygdamylna. Eigar: Samyrkelag.

Staten, fylka og kommunane eig og nokre mylnor og kvernar, i alt 123. Flestalla av desse er grøypekvernar som finst på jordbrukskular av ymse slag og på anstalter og asyl. Staten eig og som det vil vera kjent ei stor handelsmylna (Vaksdal), og eit par fylke eig bygdamylnor. Den største av desse fylkesmylnor er Lundamo Mølle i Horg i Sør-Trøndelag. I namnet er det A/S Lundemo Bruk, som eig mylna, men i røynda er det fylket som er eigar til heile bruket. Ho er difor i statistikken her førd upp som fylkeseigedom.

Talet på bruk som staten, fylke og kommunar åtte av dei ymse slag var:


	<i>Staten</i>	<i>Fylke</i>	<i>Kommunar</i>	<i>I alt</i>
Handelsmylnor . . .	1	—	—	1
Bygdamylnor . . .	—	2	49	51
Gardskvernar . . .	25	21	25	71
Ihoplagt	26	23	74	123

I tabelluppsætet nedan er det vist korleis eigedomstilhøva er når ein skil millom mylnor og kvernar etter *tekniske grenselinjer*:

	Stat, fylke, kommune	Lutlag a/s	Sam- yrkelag	Fleire i hop (sameiga)	Eins- kild- mann	Andre	T alt
Rette tal.							
Valsemylnor	22	47	12	25	123	1	230
Andre mylnor	20	30	13	42	232	3	340
Mylnor i alt . . .	42	77	25	67	355	4	570
Kallkvernar	20	9	1	1792	5111	1	6934
Grøypekvernar	60	30	35	318	2609	5	3057
Andre kvernar	1	3	5	43	312	1	365
Kvernar i alt . . .	81	42	41	2153	8032	7	10356
Mylnor og kvernar i alt	123	119	66	2220	8387	11	10926
Samanlikningstal (%)							
Valsemylnor	9,6	20,4	5,2	10,9	53,5	0,4	100,0
Andre mylnor	5,9	8,8	3,8	12,4	68,2	0,9	100,0
Mylnor i alt . . .	7,4	13,5	4,4	11,7	62,3	0,7	100,0
Kallkvernar	0,3	0,1	0,0	25,9	73,7	0,0	100,0
Grøypekvernar	2,0	1,0	1,1	10,4	85,3	0,2	100,0
Andre kvernar	0,3	0,8	1,4	11,8	85,4	0,3	100,0
Kvernar i alt . . .	0,8	0,4	0,4	20,8	77,5	0,1	100,0
Mylnor og kvernar i alt	1,1	1,1	0,6	20,3	76,8	0,1	100,0

Når ein tek undan at det etter måten er nokre fleire sameigor millom kallkvernane og ein høgare prosent kvernar i stats- og kommuneeiga millom grøypekvernane kan ein sjå at skilnaden miliom dei ymse kvernslag — rekna i prosenttal — ikkje er stor. Serskilt stort er samsvaret millom grøypekvernar og „andre kvernar“, som og rimelegt er, med di storparten av båe desse kvernslaga vert nytta på same måten, til å grøypa korn på gardane. Skilnaden er berre den at grøypekvernane er til å flytja og dei andre fastbygde.

Men held ein i hop dei ymse slag mylnor og jamfører mylnor med kvernar syner det seg at det er stor ulikskap. Tek ein valsemylnor, andre mylnor og kvernar i alt i den rekkja som er nemnd her, viser tabellen at stat og kommune, lutlag og samyrkelag hev dei høgste eigarprosentar millom valsemylnone og prosenttalet fell tolleg jamt ned til kvernane som hev dei lægste. Beint imot dette finn vi so millom kvernane den høgste prosenten av bruk som hev ein einskildmann til eigar eller er sameiga (fleire i hop) og den minste prosenten av slike bruk millom valsemylnone. Tabellen segjer soleis på ein annan måte det same som den fyrste tabellen vi hadde um dette spørsmålet.



Bil. 36.
Buttekvern mølle i Furnes (Hedmark) Einskildmannseiga.

Eigedomstilhøva millom bruka i dei ymse landsboltkane er vist her nedan :

Landsbolkar.	Stat, fylke, kommune	Lutlag a/s	Sam- yrkelag	Fleire i hop (sameiga)	Ein- skild mann	Andre	I alt
Rette tal.							
I. Austlandet	35	36	8	160	1163	2	1404
II. Upplanda	21	26	16	119	1026	—	1208
III. Sørlandet	17	29	8	28 ¹	1173	2	1504
IV. Vestlandet	14	16	13	1260	3322	3	4628
V. Trondelag	23	18	19	282	1240	2	1584
VI. Nordlanda	13	3	2	115	463	2	598
Heile landet . . .	123	119	66	2220	8387	11	10926
Samanlikningstal (%)							
I. Austlandet	2,5	2,6	0,6	11,4	82,8	0,1	100,0
II. Upplanda	1,7	2,2	1,3	9,9	84,9	—	100,0
III. Sørlandet	1,1	1,3	0,5	18,9	78,1	0,1	100,0
IV. Vestlandet	0,3	0,3	0,3	27,2	71,8	0,1	100,0
V. Trondelag	1,5	1,1	1,2	17,8	78,3	0,1	100,0
VI. Nordlanda	2,2	0,5	0,3	19,2	77,5	0,3	100,0
Heile landet . . .	1,1	1,1	0,6	20,3	76,8	0,1	100,0

Skilnaden er her ikkje so stor som i dei two fyrre tabelluppseta. Som nemnt framum hev Vestlandet etter måten mange bruk, mest kalkkvernar, som er sameigor. Serskilt lågt er prosentalet av slike kvernar på Upplanda. Prosenten av bruk med stat, kommune eller lutlag som eigrar er høgst på Austlandet og lægst på Vestlandet.

VIII. Mylnehus og kvernhus i 1927–29.

a. Bruk med og utan serskilt hus.

Næste deilda i tabellane gjeld husa som mylneverka eller kvernane er i. Som det er nemnt fyrr i utgreidinga her hev ikkje alle bruk serskilde hus til maleverket. Det er ikkje so fåe, mest av kvernane som hev hus i lag med sagbruk eller med verkstader av ymse slag og av gardsgrøypekvernane er jamvel dei aller fleste (91,8 pst.) utan serskilt kvernhus. Desse stend jamnast på låven, i vognbud, fjøs, på stabur eller i andre jordbrukskus.

Uppsetet nedanfor viser kva slag hus det er nyttia innum dei ulike flokkar av mylnor og kvernar.

	Rette tal				Samanlikningsta l (%)				I alt	
	Serskilt mylne-hus eller kvern-hus	Ikkje serskilt hus			I alt	Serskilt mylne- eller kvern-hus	Ikkje serskilt hus			
		Sag-bruk	Verk-stad, fabrikk, lager	Ymse jord-bruks-hus			Sag-bruk	Verk-stad, fabrikk, lager		
Handelsmylnor .	45	1	17	—	63	71,4	1,6	27,0	— 100,0	
Bygdamylnor .	867	92	18	26	1003	86,4	9,2	1,8	2,6 100,0	
Gardskvernar .	6922	301	55	2582	9860	70,2	3,0	0,6	26,2 100,0	
I alt . . .	7834	394	90	2608	10926	71,7	3,6	0,8	23,9 100,0	
Av desse var:										
Valsemylnor . .	222	5	3	—	230	96,5	2,2	1,3	— 100,0	
Andre mylnor . .	327	10	3	—	340	96,2	2,9	0,9	— 100,0	
Mylnor i alt	549	15	6	—	570	96,3	2,6	1,1	— 100,0	
Kallkvernar . .	6934	—	—	—	6934	100,0	—	—	— 100,0	
Grøypekvernar . .	271	233	60	2493	3057	8,9	7,6	2,0	81,5 100,0	
Andre kvernar . .	80	146	24	115	365	21,9	40,0	6,6	31,5 100,0	
Kvernar i alt	7285	379	84	2608	10356	70,3	3,7	0,8	25,2 100,0	

Når ein fer igjenom desse tala lyt ein og hugsa på det som er sagt framum um korleis det er skilt millom dei ymse mylne- og kvernslag. Som kallkvernar er berre rekna slike kvernar som er i serskilt kvernhus der kverna eller kvernane vert drivne med kall. I denne flokken kann det soleis ikkje verta tale um kvernar i sagbruk i verkstad eller i jordbrukskus. Fastbygde kvernar som er drivne med kall, og som ikkje stend i serskilt hus vert difor rekna til „andre kvernar“. Det finst nokre slike kvernar. Som tidast er dei i ein krok i saghuset eller i eit tilbygg til det.

Ser ein burt frå dette med kallkvernane syner tabellen ovanfor tydeleg at det er millom mylnone og helst dei største av dei, valsemylnone, at ein finn den høgste prosenten med serskilt mylnehus. Nokon sers skilnad millom valsemylnor og andre mylnor er det likevel ikkje, både hev millom 96 og 97 pst. med serskilt hus. Millom 2 og 3 prosent av mylnone er i lag med sagbruk og *ein* prosent på lag i verkstad, fabrikk, ljosverk, lager o. til. Når prosenten med serskilt mylnehus er vorten så låg millom handelsmylnone, kjem dette seg av at det i samanlikning med heile talet er heller mange handels-grøypekvernar og desse stend mestaparten i lagerhus og ymse andre forretningsbygnader.

Dersom ein vil sjå skilnaden millom landsfolkane får ein desse tala:

Landsfolkar.	Rette tal:					Samanlikningstal (%)				
	Serskilt mylne- eller kvern- hus	Ikkje serskilt hus			I alt	Serskilt mylne- eller kvern- hus	Ikkje serskilt hus			I alt
		Sag- bruk	Verk- stad, fabrikk, lager	Ymse jord- bruks- hus			Sag- bruk	Verk- stad, fabrikk, lager	Ymse jord- bruks- hus	
I. Austlandet .	271	41	11	1081	1404	19,3	2,9	0,8	77,0	100,0
II. Upplanda .	477	53	8	670	1208	39,5	4,4	0,7	55,4	100,0
III. Sørlandet .	1195	101	9	199	1504	79,5	6,7	0,6	13,2	100,0
IV. Vestlandet .	4345	59	30	194	4628	33,9	1,3	0,6	4,2	100,0
V. Trøndelag .	1001	111	28	444	1584	63,3	7,0	1,8	28,0	100,0
VI. Nordlanda .	545	29	4	20	598	91,2	4,8	0,7	3,3	100,0
Heile landet	7834	394	90	2608	10926	70,3	3,7	0,8	25,2	100,0


Det er sermerkte skilnader millom dei ymse landsfolkane, men dette heng mest ihop med det som er sagt fyrr um korleis kallkvernar og grøypekvernar er spreidde utsver landet. På Austlandet der det er fåe kallkvernar og mange grøypekvernar vert prosenten på bruk med serskilt kvernhus (og mylnehus) sjølvsgått låg, 19,3 pst. Herifrå stig prosenten til 93,9 på Vestlandet, der den er høgst av di der finst mest kallkvernar og heller lite med grøypekvernar. Frå Vestlandet og nordover fell prosenten til 63,2 i Trøndelag men stig å nyo til 91,2 i Nordlanda.

Bruk med mylna eller kverna i hus til anna verksemder hev då ei umsnudd prosentrekke som serskilt syner seg i rubrikken kvernar innsette i „ymse jordbruksbus“.

b. Byggjevyrke.

Etter det som er vist ovanfor var det i heile landet 7834 mylne- eller kvernhus med serskilt hus til mylna eller kverna. Av desse var 912 handelsmylnor eller bygdamylnor, og um dei er det og sagt ifrå kva slag byggjevyrke det er nytta til huset. Nokor slik melding er ikkje komen

um gardskvernane, men ein kan fulla gå ut frå at flestalle av deim er trehus. Men likevel ikkje alle. I sume strok på Vestlandet og Sørlandet der det er smått um trefang, er kvernhusa bygde av gråstein. Millom bygdamylnone finst det og eit og anna kvernhus og jamvel kallkvernhus, som er bygt av stein eller av både tre og stein. I siste fall er det van-




Bil. 37.
Fossan Andelsmølle i Våle (Vestfold). Bygdamylna av tre (frå 1921).

	Rette tal				Samanlikningstal (%)			
	Byggjevyrke			I alt bruk	Byggjevyrke			I alt bruk
	Tre	Både tre og stein	Stein		Tre	Både tre og stein	Stein	
Handelsmylnor	10	6	29	45	22,2	13,3	64,5	100,0
Bygdamylnor	653	146	68	867	75,3	16,8	7,9	100,0
I alt heile landet . .	663	152	97	912	72,7	16,7	10,6	100,0
Av desse var:								
Valsemylnor	79	64	76	219	36,1	29,2	34,7	100,0
Andre mylnor	218	67	13	298	73,1	22,5	4,4	100,0
I alt mylnor . . .	297	131	89	517	57,5	25,3	17,2	100,0
Kallkvernar	327	15	5	347	94,2	4,3	1,5	100,0
Groypekvernar	24	3	1	28	85,7	10,7	3,6	100,0
Andre kvernar	15	3	2	20	75,0	15,0	10,0	100,0
I alt kvernar . . .	366	21	8	395	92,7	5,3	2,0	100,0

legast at fyrste høgda er stein, og påbygget ovanfor av tre eller det kann og vera at kvernhuset hev eit serskilt tilbygg som er av stein helst då til turka.

I tabellen nedst på sida 61 er sett upp kor mange mylnehus og kvernhus det er millom handelsmylnone og bygdamylnone som er bygde av tre, av stein eller av både tre og stein.

Vi ser at handelsmylnone hev mest steinhus og bygdamylnone størsteparten trehus, men um båe gjeld det at dei beste og mest tidhøvelege brukta helst er bygde av stein og dei mindre og eldre av tre.



Bil. 38.
Gjerpen mølle, Skien. Bygdamylna av stein (frå 1917).

I dei ymse landsfolkane var talet på trehus og steinhus:

	Rette tal				Samanlikningstal (%)			
	Byggjevirke			I alt bruk	Byggjevirke			I alt bruk
	Tre	Både tre og stein	Stein		Tre	Både tre og stein	Stein	
I. Austlandet	88	36	40	164	53,7	22,0	24,3	100,0
II. Upplanda	101	34	23	158	63,9	21,5	14,6	100,0
III. Sorlandet	73	12	10	95	76,8	12,6	10,6	100,0
IV. Vestlandet	199	23	22	244	81,6	9,4	9,0	100,0
V. Trondelag	157	44	2	203	77,3	21,7	1,0	100,0
VI. Nordlanda	45	3	—	48	93,7	6,3	—	100,0
Heile landet	663	152	97	912	72,7	16,7	10,6	100,0

Med eit lite avvik i Trøndelag stig prosenten av trehus heller jamt med kvart ein kjem vest og nordover rekna frå Austlandet. Og i samsvar med dette gjeng prosenttalet med steinhus ned.



Bil. 39.
Kallkvern av stein i Åmdal på Lista (Vest-Agder).


c. Hustalet på bruks og høgder på mylne- og kvernhusa.

I grunntabellane yver handelsmylnor og bygdamylnor var det teke med oppgåvor um talet på hus som fanst på bruks og um høgdene på mylne- eller kvernhusa. Desse tal er ikkje prenta av di ein tykte dei vilde taka for mykje plass. Berre i tabellen som gjeld handelsmylnone er det sett inn nokre fåe tal som viser heile hustalet og kor mange av husa var til mylne- og reinskeverket og kor mange til korn og mjøllager med di det er av serskilt vekt å ha greida på desse tala, når ein skal nytta statistikken.

Ein tek likevel inn her eit samandrag skrive upp etter dei upphavlege tabellane. (Sjå øvst på næste sida).

Tilbygga vert jamnast nytta til turkehushus, men det er og nokre som hev kontor eller lager i tilbygg til mylnehuset. På kvernbruksa er det meir sjeldsynt at det er noko tilbygg. Turkone er her helst i serskilde hus. Sjølv sagt er det millom mylnone ikkje so fåe bruk der det finst *meir* enn two hus som høyrer til mylnehuset, men det er ikkje røkt serskilt etter kor mange bruk dette gjeld. Millom kvernbruksa er det *inkje* bruk med fleire hus til bruket enn two. Heile talet på husa, som høyrde til *handelsmylnor* — då berre medrekna husa på dei 45 bruk som hadde serskilde mylnehus (og kvernhus) — var som ein kann sjå av 4. tabellen 133. Av desse var 59 nytta til male- og reinskeverk og 69 til korn- og mjøllager. Dei 5 hus som vantar var kontorbygnader og turkehushus.

	Hustalet på bruka				Høgder på mylne- eller kvernhuset			
	Eitt hus	Eitt hus med tilbygg	Two hus	Two hus og fleire med tilbygg	Ei høgd	Two høgder	Tri høgder og fleire	I alt bruk
Handelsmylnor	13	4	3	25	2	4	39	45
Bygdamylnor	486	155	142	84	258	221	388	867
Ihoplagt	499	159	145	109	260	225	427	912
Av desse var:								
Valsemynor	39	57	43	80	—	9	210	219
Andre Mylnor	151	77	43	27	6	93	199	298
Mylnor i alt	190	134	86	107	6	102	409	517
Kallkvernar	267	21	57	2	232	99	16	347
Grøypekvernar	25	1	2	—	16	12	—	28
Andre kvernar	17	3	—	—	6	12	2	20
Kvernar i alt	309	25	59	2	254	123	18	395



Bil. 40.
Kallkvern (gardskvern) på Dalbakk i Aurskog (Romerike).

Um *høgdene* (etasjetal) på sjølve mylne- eller kvernhuset er det og sagt ifrå i same tabellen ovanfor. Høgdene er ikkje rekna beintfram etter det som ein kan sjå utanifrå, men etter som dei vert nytta i maleverksmeda. Dersom det fanst maleverk eller anna maskineri på eit golv er dette rekna som ei høgd jamvel um ein elles kann kalla det kjellar eller

loft. Eit mylnehus på tri høgder vil soleis i denne samanhengen segja at det finst noko slag mylneverk på tri golvhøgder i huset.

Tabellen syner klårt at det her er ein stor skilnad millom mylnor og kvernar. Av mylnone hev mestaparten 3 høgder eller meir, imillom kver-



Bil. 41.
Kalkvern (gardskvern) i Samnanger (Hordaland).



Bil. 42.
Kalkvern (gardskvern) i Vefsen (Nordland).

nane hev flestalle berre ei. Det finst mylnor med upp til 7 høgder, men største mengda hev 3. Kor mange mylnor det fell på kvar høgd frå 3 og uppyver er det ikkje røkt serskilt etter anna enn millom dei 17 brød-kornmylnone som er førde upp i handelsmylnetabellen. Desse 17 bruk hadde i alt 30 hus nytta til male- eller reinskeverk og av deim var:

	3	på	3	høgder	
	5	"	4	"	
	15	"	5	"	
	5	"	6	"	
	2	"	7	"	
i medeltal			5,0	"	på kvart huset.

d. Yverbygd grunn.

Yverbygd grunn (bebygget areal) er gjeve upp for handelsmylnor og bygdamylnor. I tabellane er tekne med uppgåvone berre frå bruk med serskilde mylnehus eller kvernhus. Dei andre brukna, der mylna eller kverna er i hus som og vert nytta til anna verksemd, hev ein tykt det var liten mun i å hava med. Dei viser inkje som det ligg lag på når det er tale um storleiken på mylnehusa. I bygdamylnetabellen er sett upp berre *medeltal* yverbygd grunn i m² for kvart *mylne-* eller *kvernhus*. Men i tabellen over handelsmylnor er og rekna ut den grunnflata som alle bruk med serskilde mylne- og kvernhus hev isamanlagt. I grunntabellane finst likevel dette talet rekna ihop frå bygdamylnone og. Etter desse tabellar er det skrive upp her nedan eit hovudsamandrag frå heile landet:

	Bruk	Yverbygd grunn i alt			
		Mylnehus og kvernhus m ²	Lagerhus, turkehus og andre hus m ²	Alt i alt yverbygd m ²	I medeltal på kvart bruk
Handelsmylnor	45	17 458	32 878 ¹⁾	50 336 ¹⁾	1 119
Bygdamylnor	867	79 529	16 511	96 040	111
I saman	912	96 987	49 389	146 376	160
Av dette fall på:					
Valsemylnor	219	50 421	43 168 ¹⁾	93 592 ¹⁾	427
Andre mylnor	298	34 508	5 374	39 882	134
Mylnor i alt	517	84 932	48 542	133 474	258
Kallkvernar	347	9 817	832	10 649	31
Groypekvernar	28	1 045	15	1 060	38
Andre kvernar	20	1 193	—	1 193	60
Kvernar i alt	395	12 055	847	12 902	33

¹⁾ Av dette var lagerhus 31 803 m².

Av heile den yverbygde grunnflata, som desse 912 handelsmylnone og bygdamylnone hev, fell det ikring tridjeparten på handelsmylnone og dei andre two partane på bygdamylnone. Men talet på handelsmylnor som her er komne med, er berre 45 imot 867 bygdamylnor og i medeltal på kvart bruket vert det då 1119 m^2 på handelsmylnone og 111 m^2 på bygdamylnone. Det syner seg soleis at handelsmylnone hev mykje større byggjeflata enn bygdamylnone. Ikkje so lite av denne yvervekta skriv seg frå dei store lagerhusa mange handelsmylnor hev til korn og mjøl. I alt fylte lagerhusa deira ut ei grunnflata på mesta 32 mål ($31\,808\text{ m}^2$). Skal ein hava eit mål som viser storleiken på husa millom dei ymse slag mylnor og kvernar er det likevel betre å taka grunnflata på sjølve mylne- eller kvernhuset og det er det som er gjort i bygdamylnetabellen der det er rekna ut medeltal yverbygd grunn innanfor alle flokkar bygdamylnone er skilde sund i, og likeins innum dei ymse landskap, fylke og landsbolkar. Det same er gjort i handelsmylnetabellen og, jamsides med uppgåvone yver heile grunnflata. Men handelsmylnone er ikkje skilde etter landskapa anna enn berre i two hopar, ein som gjeld alle bruk på Austlandet, Upplanda og Sørlandet og ein som tek med alle brukna på Vestlandet og i Trøndelag. I Nordlanda finst det inga handelsmylna.

Eit samandrag av uppgåvone frå heile landet er teke inn nedanfor:

	Mylnehus og kvernhus. Yverbygd grunn i medeltal		
	Handels- mylnor m^2	Bygda- mylnor m^2	I saman m^2
Valsemylnor	419	187	230
Andre mylnor	126	116	116
Mylnor i alt	412	142	164
Kallkvernar	12	28	28
Grøypekvernar	75	34	37
Andre kvernar	—	60	60
Kvernar i alt	54	30	31
Mylnor og kvernar i alt	388	92	106

Jamtyver hev handelsmylnone mylnehus og kvernhus som ikkje er so lite større enn dei som bygdamylnone nyttar. Det einaste undantaket er kallkvernar. Men her finst det berre ei einskild kvern millom handelsbruka og ho kann difor ikkje reknast med.

Det er millom bygdamylnone ein hev det største tilfanget å gjera med og her kann ein fulla segja at tala gjev ei heil og full sermerkjing. Dei syner at valsemylnone, som venteleg var, hev dei største husa

og kallkvernane dei minste, og mylnehusa er jamnast ikkje so lite større enn kvernhusa.

Storleiken på husa er mykje ulik og i dei ymse landsbolkar. Dette kann ein sjå av tabelluppsetet her som berre gjeld bygdamylnor:

Bygdamylnor	Mylnehus og kvernhus. Yverbygd grunn i medeltal					
	Aust- landet m ²	Upp- landa m ²	Sør- landet m ²	Vest- landet m ²	Trøn- delag m ²	Nord- landa m ²
Valsemylnor	193	192	145	172	189	173
Andre mylnor	124	131	103	83	119	112
Mylnor i alt . . .	176	148	117	106	121	115
Kallkvernar	33	33	36	24	32	21
Grøypekvernar	—	35	27	34	37	32
Andre kvernar	48	—	26	77	44	—
Kvernar i alt . . .	35	33	35	28	32	23
Mylnor og kvernar i alt . . .	168	129	76	50	66	54

Den yverbygde grunnflata vert jamt mindre og mindre når ein kjem vestover og nordover rekna frå Austlandet. Berre Trøndelag gjer eit lite avvik dersom ein segjer denne landsbolken ligg millom Vestlandet og Nordlanda, men ikkje når ein reknar han liggjande millom Nordlanda og Upplanda.

Det er mylnor og kallkvernar som ein helst kann jamföra frå den eine landsbolken til den andre. Serskilt kallkvernane er det ikkje so stor skilnad på. Dei største kvernhusa (millom kallkvernane) ser det ut til finst på Sørlandet. Men det skriv seg mest frå at Telemark fylke hev nokre kallkvernbruk som er uvanleg store og soleis dreg medeltalet i denne landsbolken uppyver.

e. Alderen på husa.

I dei skjemone korntyrgdkasserarane fylde ut i 1927—29 då talet vart teke upp på mylnor og kvernar som fanst i landet, var det spurt um alderen på kvernhusa (og mylnehusa), og dersom eigaren ikkje visste byggjeåret, skulde han setja upp alderen etter beste skyn. Under den etterrökjinga jordstyra sidan greidde med, vart jamvel desse aldersuppgavene saumfarne i alle tilfelle der dei frå fyrsten var ugreide eller beintfram vanta. No kunde ein tenkja at det vilde vera serskilde vanskar med å få greida på alderen på alle desse småhusa utsyver landet.

Men det er likevel ikkje so rådlaust som det ser ut til. I sume bygder hev det frå gamalt vore skikk å hogga inn på stokken yver dørkarmen årstallet då kvernhuset vart bygt. Men um ikkje dette er gjort, so finst det inni mest alle kvernhus skore inn ei mengd med årstal og dei som greidde med uppgåvone skulde då, dersom dei ikkje visste det betre, taka det talet som var eldst. Det er sjølv sagt ikkje heilt visst at ein på denne måten hev fenge dei rette alderstala. Det eldste årstalet som stend kann vera frå ei tid *etter* byggjeåret — og det er fulla det vanlegaste — eller det kan og vera at stokken som årstalet stend på, er teken frå eit eldre kvernhus som er rive ned. Men likevel lyt ein tru at alderstala i alle



Bil. 43.
Bekkimellom mølle i Snertingdal (Oppland fylke). (Bygdamylna, bygd ikring 1850).

høve når ein ser dei yver det heile er so nær dei rette som det er råd å koma. Den skilnaden som vi kann henda lyt rekna med er helst at alderen er vorten eit grand lægre enn den med retten skulde vera. Det er nokre mylnor og kvernar som det ikkje hev vore råd å få greida på alderen åt. Det kan vera grunn til å tru at dette gjeld mest um dei eldste kvernane.

Uppgåvor yver alderen er sanka ihop både um handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar og er tekne inn i tabellane som gjeld desse brukna. Alderen er rekna til 1. januar 1928.

Tala nedanfor er eit samandrag frå heile landet:

	Alder på mylnehus og kvernhus (rekna til 1928). (Gjeld berre bruk med serskilde mylne- eller kvernhus).							
	Under 10 år (Bygt etter 1918)	10—19 år (Bygt 1909— 1918)	20—49 år (Bygt 1879— 1908)	50—99 år (Bygt 1829— 1878)	100—199 år (Bygt 1729— 1828)	200 år og yver det (Bygt tyre 1729)	Alder ikkje uppgjeven	Medels- alder År
Handelsmylnor	14	9	12	8	1	—	1	26
Bygdamylnor	171	226	335	107	22	3	3	28
Gardskvernar	459	663	2224	2223	661	107	585	51
I alt . . .	644	898	2571	2338	684	110	589	48
Av dette fall på:								
Valsemylnor	41	53	95	29	3	—	1	28
Andre mylnor	72	90	124	35	5	—	1	26
Mylnor i alt . . .	113	143	219	64	8	—	2	27
Kalkvernar	454	698	2340	2269	676	110	387	51
Grøypekvernar	43	32	5	2	—	—	189	11
Andre kveruar	34	25	7	3	—	—	11	12
Kvernar i alt . . .	531	755	2352	2274	676	110	587	50

Medelsalderen er komen fram på den måten at alderen på alle husa er slegent isaman og summen er so kløyvd etter hustalet.

Største mengda finst i den flokken der ein hev samla alle hus med ein alder frå 20 til 49 år, både desse tal medrekna. Deretter kjem flokken med mylnehus og kvernhus i alderen frå 50 til 99 år. Tek ein serskilt gardskvernane, er desse two flokkane like store. Millom handelsmylnone er flokken med mylnehus under 10 år den største og imillom bygdamylnone er og både flokkane med alder under 20 år større enn den som femner um mylnehus med alder 50 til 99 år.

Dersom ein ser på den skiljinga som er gjort etter tekniske grunnar syner det seg at mylnor og kalkvernar hev største talet i same flokken (alder frå 20 til 49 år). Men grøypekvernar og „andre kvernar“ stend flestalle i hus bygde i det siste tiåret (fyre 1928), som det er rimeleg og, når ein ansar på at desse kvernane mest er komne i bruk etter krigstida. Elles lyt ein hugsa at det er på *huset* alderen er gjeven upp, ikkje sjølv bruket (mylna eller kverna). Det vil jamt vera so at huset er eldre enn mylna eller kverna som ho no er. Ein kann best sjå dette på valsemylnone der huset i mange fall er eldre enn bruket er som valsemylna. I alle valsemylnor med hus eldre enn 50 år er sjølvsagt vasselstolane sette inn etter at husa var bygde og sameleis er det truleg og med mestaparten av dei valsemylnor som hev hus 20 til 49 år gamle. Lik eins lyt ein tru at grøypekvernar og „andre kvernar“ i hus som er eldre enn 20 år på lag, er sette inn i hus upphavleg bygde til anna verksemد.



Bil. 44.
Sønstebo mølle, Uvdal i Buskerud. (Bygdamylna, 35 år gammal på lag).

Medelsalderen på husa som er rekna ut for dei ymse mylne- og kvernslaga, syner seg å vera lægst millom handelsmylnone, ein mun høgare millom bygdamylnone og høgst millom gardskvernane. Tek ein medelsalderen på mylnor og kvernar, skilde etter tekniske linor syner valsemylnone seg å vera eit grand eldre enn dei andre mylnone. Dette gjeld tala frå heile landet. Granskar ein medeltala som er rekna ut for dei ymse landsbolkar syner det seg at aldersrekka sume stader er snudd um og då helst der det er mange av både slag mylnor, t.d. på Austlandet der medelsalderen på valsemylnone er 28 og på dei andre mylnor 33.

Elles er det sjølvsagt kallkvernane som hev dei eldste hus. Medelsalderen er 51 år. Grøypekvernar og „andre kvernar“ hev mest nybygde hus jamtyver 10 til 12 år gamle.

Den skilnaden som er millom alderen på handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar syner seg å råda alljamt og gjeld jamvel når ein reknar ut medeltala serskilt på dei ymse mylne- og kvernslag innum desse hovudflokkane. Ein viser til fyrste tabel på næste sida.

Der tala stend i klober gjeld dei berre eit bruk og kann soleis ikkje reknast som medelstal. Alderen på valsemylnor og kallkvernar stig jamt frå handelsmylneflokken til gardskvernane og det er i røynda sameleis med dei „andre mylnone“ og. Millom handelsmylnone er det her berre eit bruk so dette talet er ikkje å nemna. Når ein kjem til grøypekvernane ser det ut til at rekkja vert snudd um. Her hev handelsmylnone dei eldste og gardskvernane dei nyaste husa. Millom dei „andre kvernane“

	Medelsalder på mylnehus og kvernhus		
	Handelsmylnor år	Bygda- mylnor år	Gards- kvernar år
Valsemylnor	27	28	29
Andre mylnor	(45)	25	35
Mylnor i alt . . .	27	26	34
Kallkvernar	(3)	33	52
Groypekvernar	17	12	10
Andre kvernar	—	12	12
Kvernar i alt . . .	12	31	51
Mylnor og kvernar i alt . . .	26	28	51

er alderen på husa den same både i bygdamylnene- og gardskvernflokkene. Det finst inga slik kvern med serskilt kvernhus millom handelsmylnone.

Alderens på husa skil seg ikkje so lite frå landsbolk til landsbolk og serskilt når det vert tale um kallkvernane (bekkekvernane) jamvel frå landskap til landskap. Ein tek inn her uppgåvone um mylnor (valse-

	Alderens på mylnehus og kvernhus (rekna til 1928)							
	Under 10 år (Bygt etter 1918)	10—19 år (Bygt 1909— 1918)	20—49 år (Bygt 1879— 1908)	50—99 år (Bygt 1829— 1878)	100—199 år (Bygt 1729— 1828)	200 år og yver det (Bygt føre 1729)	Alder ikkje upp- gjeven	I alt
Mylnor (berre bygda- mylnor)								
I. Austlandet	19	28	79	15	2	—	—	143
II. Upplanda	27	39	50	14	3	—	—	133
III. Sörlandet	8	13	13	11	1	—	—	46
IV. Vestlandet	17	16	21	8	—	—	—	62
V. Trøndelag	23	24	25	3	—	—	—	75
VI. Nordlanda	4	7	4	1	—	—	—	16
I alt . . .	98	127	192	52	6	—	—	475
Kallkvernar (berre gardskvernar)								
I. Austlandet	2	6	27	20	6	—	7	68
II. Upplanda	17	9	55	58	38	3	8	188
III. Sörlandet	80	89	295	386	106	39	86	1081
IV. Vestlandet	211	356	1445	1376	381	53	232	4054
V. Trøndelag	59	90	253	209	73	11	25	720
VI. Nordlanda	30	69	127	166	56	1	27	476
I alt . . .	399	619	2202	2215	660	107	385	6587

mylnor og andre mylnor rekna isaman) skrivne ut or bygdamylnetabellen, og um kallkvernar frå gardskverntabellen, kløyvde upp i aldersflokkar og serskilt for kvar landsbolt.

Tek ein fyrst *mylnone* so syner tabeluppsætet at dei som hev mylnehus bygde i tida frå 1879 til 1908 merkar seg ut som den største flokken på Austlandet og på Upplanda, og tala vert mindre til både sidor etter som mylnehusa er nyare eller eldre. I dei andre landsbolkane er dette ikkje so heilt klårt. Det er der ikkje so stor skilnad i talet millom dei tri fyrste flokkane og i Nordlanda er jamvel flokken med mylnehus bygde i tida frå 1909 til 1918 den største. Inga mylna hev hus som er meir enn 200 år gamalt.



Bil. 45.
Kallkvern (gardskvern) på Vognill i Opdal (Sør-Trøndelag). (Bygd 1794).

Kjem vi so til *gards-kallkvernane* so hev desse det høgste talet i rubrikken der kvernhus i alderen 50 til 99 år er førde upp. Men nett etter i tal kjem dei som er bygde i 1879 til 1908 (20—49 år gamle). Dette gjeld landet i det heile, men det er og noko likeins i dei tri landsbolkane Upplanda, Sørlandet og Nordlanda. På Austlandet, Vestlandet og i Trøndelag finn vi det høgste tal slike kvernar i den flokken som hev 20 til 49 år gamle kvernhus. Det fanst i 1927—29 i alt 107 gardskvernhus og likeins 3 av bygda-kallkvernane som var 200 år eller yver det, alt i alt soleis 110 kvernhus bygde fyre året 1729. Ingen andre mylnehus eller kvernhus var so gamle. I prosent av kallkvernar i landsbolken hev Sørlandet, og serskilt Setesdalen, mest slike ovgamle kvernhus, men høgst i talet elles kjem Vestlandet.

Det er røkt serskilt etter korleis desse kvernhusa skil seg i aldersflokkar når ein gjeng lenger attyver enn det er gjort i tabellverket.

Ein tek inn her eit uppset yver dette:

I alderen frå 200 til 299 år var 97 kvernhus

— „ —	300	„	399	„	„	11	„
— „ —	400	„	499	„	„	1	„
— „ —	500	år				1	,

I alt 110 kvernhus

Flestalle av desse — 88 pst. på lag — var soleis 200 til 300 år gamle og 12 pst. yver 300 år. Two av dei er gjevne upp å ha ein alder



Bil. 46.
Kallkvern i Bardu (Troms fylke). (Ikring 50 år gammal).

på meir enn 400 år og dei skulde soleis vera bygde i millomalderen. Når det er tale um so gamle hus er det sjølvsagt vandt å segja heilt visst kva tid dei kann vera frå. Og serskilt um kvernhus lyt ein ansa på at dei stend uti bekker, og vatnet vil då jamt gjera at stokkane rotnar. Det er mest dei nedste umfara det gjeng ut yver og det er vanleg å skifta desse ut med kvart. Dersom dette vert gjort i den mun det trengst, er det ikkje utruleg at det kann stå nokre slike utgamle bekkekvernar ein eller annan stad i landet og dei kann og vera fleire enn tala ovanfor syner, av di ein ikkje kjenner alderen på dei kvernhus som det vantar svar på dette spørsmålet frå. Men likevel er det fulla lite truleg at noko kvernhus skulde vera frå tida fyre reformasjonen, endå um det ikkje er heilt utenkjande. Det kann nemnast at det er skrive og spurt serskilt

um nokre av dei eldste av desse kvernhusa og det er då svara at oppgåvone skal vera rette. Av dei 13 kvernhus som er sagt å vera 300 år gamle eller meir fanst 6 i Sogn og Fjordane fylke, og millom desse dei two eldste. 4 i Aust-Ågder (Setesdal), 2 i Møre og eit i Rogaland.

Alderan på husa skifter ikkje so lite frå det eine landskapet til det andre, som vi kann sjå av tabellen nedanfor der medelsalderen i dei ymse landsbolkane er stelte i saman. Tala gjeld berre bygdamylnor og gardskvernar:

	Medelsalder på mylnehus og kvernhus				
	Mylnor År	Kallkvernar År	Grøype- kvernar År	Andre kvernar År	Alle mylnor og kvernar År
Bygdamylnor.					
I. Austlandet	29	57	—	5	30
II. Upplanda	27	40	5	—	28
III. Sørlandet	32	42	10	17	36
IV. Vestlandet	23	35	14	14	27
V. Trondelag	19	28	11	6	23
VI. Nordlanda	20	23	25	16	22
Heile landet . . .	26	33	12	12	28
Gardskvernar.					
I. Austlandet	44	48	7	9	45
II. Upplanda	49	62	10	8	55
III. Sørlandet	—	56	10	18	56
IV. Vestlandet	25	51	10	16	51
V. Trondelag	15	47	9	8	45
VI. Nordlanda	34	49	12	10	48
Heile landet . . .	34	52	10	12	51

Av denne samanstellinga kjem det fram at medelsalderen på husa både millom bygdamylnor og gardskvernar minkar jamt når ein fer frå sør til nord i landet. I tala frå bygdamylnetabellen er dette klårast, men vi kann fylgja den same gangen i oppgåvone frå gardskvernane og, der som vi ser berre på rubrikken som viser medelsalderen på *alle mylnor og kvernar*. Sørlandet hev då både millom bygdamylnor og gardskvernar dei eldste husa, og Nordlanda hev dei nyaste når ein serskilt tek yversyn yver tala i bygdamylnetabellen. Millom gardskvernane viser Austlandet og Trondelag dei lægste tal, men Nordlanda kjem ikkje langt etter. Granskars vi derimot dei einskilde mylne- og kvernslag i tabellen som gjeld gardskvernane, vert det meir uvisst um regelen der er den same. Alderen på mylnehus og kallkvernhus er som vi ser ikkje so lite høgare millom gardskvernane enn millom bygdamylnone. Grøypekvernhusa og hus til andre kvernar viser ikkje so stor skilnad. Men den som er, tyder mest på at bygdamylnone her hev dei eldste hus og gardskvernane hus som

er nyare. Men elles er talet på hus som det finst aldersuppgåvor um frå dei sistnemnde two kvernslaga so lite at det er vandt å få fram det regelrette.

Det er um kallkvernar vi hev det største tilfanget og flestalle aldersuppgåvor, og her er det soleis råd til å røkja etter meir grant korleis alderen på husa skifter frå strok til strok. Det er eit serdrag som vi stødt råkar på, at alderen på kvernhusa vert høgare di lenger upp ein fer i dalane. Det kjem seg av at husa held seg betre ved lag i den turre lufta inni landet enn i den våte sjølufta, som verkar til at dei rotnar ned og soleis lyt uppattnyast oftare. Ein kann få eit mål på denne aldersskilnaden, dersom ein reknar ut medelsalderen serskilt for sjøbygder, fjordbygder og dalbygder. Dette er gjort og, men det er då berre landskapa som er nytta i utrekninga, ikkje dei einskilde bygder av di det då vilde verta for mykje arbeid. Medelsalderen som ein hev fenge fram på denne måten, er for kvernhus i sjøbygdene 47 år, fjordbygdene 54 år, dalbygdene 63 år.

Talet stig som vi ser jamt med kvart når vi kjem frå sjøkanten og upp i dalane.

IX. Hopelag med andre verksemder i 1927—29.

Frå handelsmylnone og bygdamylnone er det sanka ihop uppgåvor um hopelaget som dei hev med andre verksemder, um bruket vart drive heilt sjølvstendigt eller um det var knytt til eller i lag med andre bruk. Um gardskvernane er det ikkje kome inn slike meldingar, men sjølvsagt er alle desse knytte ihop med anna verksemder, og mest alle, berre med nokre fåe undantak, er å rekna som ein lekk i gardsdrifta. Jamvel av bygdamylnone vert dei fleste bruk drivne attåt jordbruk eller, dersom det er fleire verksemder knytte i saman med mylna (eller kverna), er jordbruk jamnast ei av deim. Nokre av handelsmylnone er og i lag med jordbruk, men her hev ikkje dette hopelaget so stort rådvelde.


Heilt sjølvstendige mylnebruk (eller kvernbruk) utan noko hopehav med andre verksemder var på lag 15 pst. av bruken, men det var etter måten fleire sjølvstendige millom handelsmylnone (33,3 pst.) enn millom bygdamylnone, der prosenten av slike bruk var 13,8.

I samsvar med dette var prosenten av bruk drivne i hopelag med andre verksemder — alle hopelag tekne isaman — lægre millom handelsmylnone (66,7 pst.) enn millom bygdamylnone (86,2 pst.). Det største prosenttalet — 54 pst. av alle bruk — fall på hopelag med *ei* anna verksemder og so gjeng tala jamt nedryver med kvart det vert fleire og fleire andre verksemder knytte ihop med mylna. Det høgste talet er her

9 andre verksemder. Det er sume store lutlag som hev so mange slag ulike verksemder og helst høyrer då mylna til ein av dei eigedomane lutlaget hev. Prosenttalet av bruk i lag med jordbruk, som er det vanlegaste hopelaget, var 45,0 alle handels- og bygdamylnor slegne ihop. Mil-lom bygdamylnone var talet 47,2, men berre 11,1 millom handelsmylnone. I lag med både jordbruk og sagbruk var ikring 18 pst. av alle bruk og i lag med sagbruk 12 pst. på lag.

Hopelag med andre verksemder.

Heile landet	Handels-mylnor	Bygda-mylnor	Ihoplagt	Samanlikningstal %
Heilt sjølvstendig verksemd	20	138	158	14,8
Hopelag med 1 anna verksemd	27	549	576	54,0
—“— 2 andre verksemder	7	213	220	20,6
—“— 3 —“—	6	81	87	8,2
—“— 4 —“—	1	12	13	1,2
—“— 5 —“—	1	4	5	0,5
—“— 6 —“—	—	3	3	0,3
—“— 7 —“—	1	1	2	0,2
—“— 8 —“—	—	1	1	0,1
—“— 9 —“—	—	1	1	0,1
I alt . . .	63	1003	1066	100,0
Av desse var:				
I lag med jordbruk	7	473	480	45,0
—“— jordbruk og sagbruk	2	189	191	17,9
—“— sagbruk	—	127	127	11,9



Bil. 47.

V. Eldens Bruk, Svorkmo i Orkland (Sør-Trøndelag). Mylna med sag i same huset.

Ein lyt lesa desse sistnemnde tala soleis at dei berre hev umsyn til spursmålet um hopelag med jordbruk, jordbruk og sagbruk, eller sagbruk. Dersom det attåt jordbruket finst handel, kraftverk eller anna verksemder det likevel rekna som hopelag med jordbruk, men er det saman med alle desse verksemder sagbruk og, hev ein teke dei som hopelag med jordbruk og sagbruk.

Korleis hopelaga hev seg millom dei ymse slag mylnor og kvernar syner uppsetet her:

Heile landet (Handelsmylnor og bygdamylnor)	Heilt sjølv- ständig verk- semid	Hopelag med			Bruk i alt	Av desse var i lag med		
		1 anna verk- semid	2 andre verk- semider	3 andre verk- semider og fleire		Jord- bruk	Jord- bruk og sag- bruk	Sag- bruk
Rette tall:								
Valsemylnor	71	73	44	39	227	49	39	25
Andre mylnor	61	130	78	41	310	87	67	60
Mylnor i alt . . .	132	203	122	80	537	136	106	85
Kallkvernar	15	288	39	5	347	292	29	7
Grøypekvernar	6	56	29	11	102	36	25	14
Andre kvernar	5	29	30	16	80	16	31	21
Kvernar i alt . . .	26	373	98	32	529	344	85	42
Mylnor og kvernar alt i alt	158	576	220	112	1066	480	191	127
Samanlikningstal i pst.:								
Valsemylnor	31,3	32,1	19,4	17,2	100,0	21,6	17,2	11,0
Andre mylnor	19,7	42,0	25,1	13,2	100,0	28,1	21,6	19,4
Mylnor i alt . . .	24,6	37,8	22,7	14,9	100,0	25,3	19,7	15,8
Kallkvernar	4,3	83,0	11,2	1,5	100,0	84,2	8,4	2,0
Grøypekvernar	5,9	54,9	28,4	10,8	100,0	35,3	24,5	13,7
Andre kvernar	6,3	36,2	37,5	20,0	100,0	20,0	38,8	26,3
Kvernar i alt . . .	4,9	70,5	18,5	6,1	100,0	65,0	16,1	8,0
Mylnor og kvernar alt i alt	14,8	54,0	20,6	10,6	100,0	45,0	17,9	11,9

Det er sermerkte skilnader millom dei ulika slag mylnor og kvernar. Dersom vi held oss til prosenttala, kann vi sjå klårt at det er mange fleire sjølvständige bruk millom mylnebruka og då serskilt valsemylnone enn det er millom kvernane. Mylnebruka hev og tala meir spreidde yver dei ymse flokkar med hopelag som her er nemnde. Kvernbruken derimot er mest samla um hopelag med ei eller two andre verksemder og millom desse andre verksemder hev jordbruk ei større yvervekt enn millom mylnebruka. Allermest gjeld dette um kallkvernane.

Den skilnaden som finst mellom landsbolkane på dette umkvervet er vist nedan:

Berre bygdamylnor	Heilt sjølvstendig verksemnd	Hopelag med			Bruk i alt	Av desse var i lag med		
		1 anna verksemnd	2 andre verksemnder	3 andre verksemder og fleire		Jordbruks-	Jordbruk og sagbruks-	Sagbruks-
Rette tal:								
I. Austlandet	37	60	39	22	158	44	37	20
II. Upplanda	37	65	35	25	162	50	30	30
III. Sørlandet	14	66	32	10	122	42	30	27
IV. Vestlandet	25	178	41	12	256	159	27	27
V. Trondelag	19	145	50	31	245	144	55	15
VI. Nordlanda	6	35	16	3	60	34	10	8
Alle bygdamylnor . . .	138	549	213	103	1003	473	183	127
Samanlikningstal i pst.:								
I. Austlandet	23,4	38,0	24,7	13,9	100,0	27,9	23,4	12,7
II. Upplanda	22,9	40,1	21,6	15,4	100,0	30,9	18,5	18,5
III. Sørlandet	11,5	54,1	26,2	8,2	100,0	34,4	24,6	22,1
IV. Vestlandet	9,8	69,5	16,0	4,7	100,0	62,1	10,5	10,5
V. Trondelag	7,8	59,2	20,4	12,6	100,0	58,8	22,4	6,1
VI. Nordlanda	10,0	58,3	26,7	5,0	100,0	56,7	16,7	13,3
Alle bygdamylnor . . .	13,8	54,7	21,2	10,3	100,0	47,2	18,8	12,7



Bil. 48.
Brakadal mylna i Bremnes (Hordaland). (Mylna med ljosverk i tilbygg).

Landsboltkane kan vi her skilja i two flokkar likeins som i mange andre høve og. I den eine kjem Austlandet, Upplanda og Sørlandet. Likskapen millom desse er serskilt stor når vi reknar med dei prosentvise samanlikningstala. I den andre flokken fær vi Vestlandet, Trøndelag og Nordlanda som og likjest mykje seg imillom. Dei tri fyrstnemnde landsboltkane hev i jamføring med dei tri andre ein høgare prosent med heilt sjølvstendige bruk, og færre bruk knytte i hop med andre verksemder, serskilt kann vi sjå det i rubrikken *ei anna verksemde*. I samsvar med dette er hopelaget med jordbruk innum dei tri sistnemnde landsboltkane (Vestlandet, Trøndelag og Nordlanda) meir audsynt enn på Austlandet, Upplanda og Sørlandet.

X. Verdeuppgåvor frå 1927—29.

Um *bygdamylnone* vart uppgåvor yver verdesummar sende inn frå korntygdkasserarane i 1928 på serskilde skjemor. Det vart her gjeve upp kva tid huset er reist (um dei kjende til det) og kva det då kosta, um det var trygda mot brand og kor stor brandtakstsummen var, um skattakst og salsverde og attått dette melding um dei lån som fanst på bruken. Korntygdkasserarane, som mest alle stader var heradskasserar og, gav svar på spursmåla etter samråd med mylneigarane og i samsvar med likningslistene. Det kom inn skjemor frå mesta alle bygdamylnor. Berre 5 bruk finst det ikkje svar frå. Sjølvagt var ikkje svara på alle skjemor heilslege, men dette er det retta på med tilleggsspursmål sidan, og det er grunn til å tru at uppgåvone no er vortne so gode som det i det heile er råd å få dei. Meldingar um brandtrygding og um salsverde er det frå alle bruk utum dei 5 nemnde som det vantar svar frå. Uppgåvor yver låna er det nokre fleire som ikkje hev skrive upp på skjemone. Det var elles gjeve den fyresegna at summen for heile bruket skulde setjast upp der det var mylnor eller kvernar som vart drivne i hop med andre verksemder. Det er sidan prøvd å skilja ut verdesummene serskilt for mylnor eller kverna, dersom dei andre verksemder som var tekne med, hadde største verdet. Dette er lukkast i flestalle fall, då det galldt salsverde og brandtakst. Men låna var det vandare å få kløyvde, og uppgåvone um dei er difor meir uheile. Serskilt gjeld dette um kvernane. Det er heller ikkje lagt so stor vinn på å få dette greidd ut.

Brandtrygding:

Nedanfor stend talet på bruk som er trygda og trygdesummen i kronor i alt og i medeltal på kvart bruket. Likeins er sett til talet på mylnor og kvernar som ikkje er trygda og prosenten desse er av alle bruk. Etter fråsegnene som finst framum er samstundes teke uppatt talet

på brandar millom mylnor og kvernar i tiåret 1919—1929 og brandprosenten som der er rekna ut men prosenten her er rekna etter alle handelsmylnor og bygdamylnor (kvernane medtekne). Alt gjeld heile landet.

	Brandtrygding					Brandar i tida 1919— 1929 i alt	Prosent av bruks brunne upp i tida 1919—1929		
	Trygda bruk	Trygdesum		Ikkje trygda					
		I alt Kronor	I medeltal på kvart bruk som er trygda Kronor	Bruk	Prosent av alle bruk				
Handelsmylnor . . .	56	38 398 010	685 679	7	11,1	10	20,2		
Bygdamylnor . . .	660	17 186 852	26 041	338	33,9	46	4,5		
I alt . . .	716	55 584 862	77 632	345	32,5	56	5,3		
Av dette fall på:									
Valsemylnor . . .	217	48 607 592	223 998	8	3,6	{ } 46	8,5		
Andre mylnor . . .	266	5 865 205	22 050	43	13,9				
Mylnor i alt . . .	483	54 472 797	112 780	51	9,6	46	8,5		
Kallkvernar	122	431 490	3 537	225	64,8	3	0,8		
Grøypekvernar . . .	57	238 900	4 191	45	44,1	3	3,3		
Andre kvernar . . .	54	441 675	8 179	24	30,8	4	6,5		
Kvernar i alt . . .	233	1 112 065	4 773	294	55,8	10	1,9		

Av trygdesummen på handelsmylnone fall 2 249 610 kronor på dei 14 mylnebruk (alle brandtrygda) som dreiv leigemaling attåt handelsmalinga. 12 av desse var havregrynsmylnor (med trygdesum 1 955 100 kronor) og 2 maismylnor (trygdesum 294 510 kronor).

Burtimot tridjeparten av alle bruksa er ikkje trygda mot brand. Men det er stor skilnad millom dei ulike slag mylnor og kvernar. Av handelsmylnone er det berre 11 pst. som er utrygda, av bygdamylnone noko yver tridjeparten. Valsemylnone — og her er alle dei store handelsmylnone med — er alle so nær som 8 (3,6 pst.) brandtrygda og reknar ein alle *mylnor* under eitt er det mindre enn 10 pst. av talet som det vantar trygd på.

Mykke større er prosenttalet av bruk som er utrygda millom kvernane. Medeltalet er her 55,8 og av kallkvernane er det jamvel ikkje langt ifrå two parter av tri ($\frac{2}{3}$) som er utan brandtrygd.

Dersom ein held desse tal i hop med trygdesummen, rekna ut i medeltal på kvart bruket som er trygda, syner det seg at prosenten av bruk som det ikkje er trygd på, er lægst millom dei største og mest kostesame bruksa og prosenten aukar jamt med kvart bruk vert mindre og lite verdefulle. Det er samsvar heilt ut millom desse rekkjone. Og det same gjeld og når ein granskar prosenttalet av mylnor og kvernar som er brunne upp i tiåret frå 1919 til 1929. Samsvaret millom dei tri

rekjkjone er so stort at ein helst lyt rekna det logfast. Millom dei mest verdefulle mylnone — er som det er nemnt fyrr og — brandfåren størst, men av desse er berre ein liten prosent ikkje trygda mot brand. Dei minst kostesame bruка — kallkværnane — hev ein høg prosent med bruk som ikkje er brandtrygda, men samstundes ein sers låg brandprosent. Heile trygdesummen er for dei 716 bruка som er trygda, vel so $55\frac{1}{2}$ mill. kronor. Av dette fell yver $\frac{2}{3}$ på handelsmylnone og ikkje fullt $\frac{1}{3}$ på på bygdamylnone. Reknar ein etter dei ymse slag mylnor og kværnar syner det seg at valsemylnone tek upp meir enn 86 pst. av heile summen, men alle kværnane som i tal er nokre fleire berre 2 pst.



Bil. 49.
Tømmerås mølle i Grong i Nord-Trøndelag. (Kommune-mylna).

Tala for landsbolkane er sette opp her. Dei gjeld einast bygda-mylnone:

Bygdamylnor	Ikkje trygda		Trygda		Trygdesum prosent
	Bruk	Prosent av alle bruک	Bruk	Trygdesum kronor	
I. Austlandet	11	7,0	146	7 456 922	43,4
II. Upplanda	29	18,0	132	4 280 620	24,9
III. Sørlandet	47	38,5	75	1 357 720	7,9
IV. Vestlandet	129	50,8	125	1 722 555	10,0
V. Trøndelag	83	34,0	161	2 088 195	12,2
VI. Nordlanda	39	65,0	21	280 840	1,6
Heile landet . . .	338	33,9	660	17 186 852	100,0

Prosenten av bruk som ikkje er trygda stig jamt når ein fer igjenom tala frå Austlandet og vest- og nordetter. Den største trygdesummen fell på Austlandsbruka som hev yver 43 pst. av heile landssummen, so kjem Upplanda med 25 pst. på lag. Dei andre landsfolkane hev mindre prosentar, Nordlanda berre 1,6.

Salsverde og lån:

På skjemone til *bygdamylnone* var det spurt både um salsverdet og um skattetaksten som bruket vart likna etter. Ein kann sjå at desse verdetala jamnast fell isaman og i tabellane er difor nytta berre uppgåvone um salsverdet. I nokre einskilde fall då salsverdet ikkje var gjeve upp, er skattetakstsummen sett istaden.

Handelsmylnone var ikkje bedne um å skriva upp anna verde enn skattetaksten.

I det store og heile skulde då verdeuppgåvone frå desse two mylne-sлага svara godt i hop.

Lån på bruk finst det som sagt fyrr fråsegner um frå *bygdamylnone*, men ikkje frå handelsmylnone. Uppgåvone er ikkje heilslege og serskilt gjeld det um kvernane. Likevel hev ein grunn til å tru at det allermeste er kome med og dei summane som vantar er lite sætande. Det lyt leggjast til at ein hev rekna med dei uppgåvone der det beintfram er sagt ifrå at det ikkje finst lån på bruket. Lånesummen er då skriven upp som 0, men bruket er teke inn i talet på dei som hev gjeve fråsegn.

Elles er det ymse med uppgåvetalet. Frå valsemylnone er det sendt fråsegner um lån frå alle bruk og uppgåvor vantar berre 10 pst. av dei andre mylnone og, det er då helst dei minst verdefulle. Det er truleg at sume av desse ikkje hev noko lån heller.


Millom kvernane er tilhøvet noko annaleis. Her er talet på dei som hev sagt frå um lån mindre enn på dei det vantar slike fråsegner frå. Men vi lyt hugsa på at flestalle av kvernane høyrer til ein gard og heile garden med alt som ligg til den, stend sjølvsgatt i pant for lånet. Når det ikkje er gjeve upp noko um lån frå mange kvernar — det gjeld mest kallkvername — kann då grunnen anten vera den at det i det heile ikkje er lån på garden, og på Vestlandet er dette ikkje so uvanleg, eller at kvernhuset då taksten var talden ikkje er sett i noko sers verde. Alle

Salsverde eller skattetakstverde.

	Bruk	Skattetakstverde eller salsverde Kronor	Prosent av heile verdet (%)
Handelsmylnor	63	26 574 100	64,1
Bygdamylnor	998	14 889 655	35,9
I alt . . .	1061	41 463 755	100,0

stader der det finst lån og kverna hev eit verde som det kann reknast med, er fulla låna skrivne upp, med di det ikkje er truleg at eigarane hev havt serskilt imot å segja frå om desse.

Handelsmylnone og bygdamylnone hev som vi ser i alt eit salsverde på ikring $41\frac{1}{2}$ mill. kronor og av denne summen fell $26\frac{1}{2}$ mill. eller 64 prosent på handelsmylnone og burtimot 15 mill. (36 pct.) på bygdamylnone. Av verdesummen på handelsmylnone kom i 541 000 kronor på dei 14 brukta, som samstundes tok imot korn til leigemaling og difor i tida 1927—29 var godkjende som bygdamylnor og. Dette gjeld 12 havre- og



Bil. 50.
Bryne mølle i Time på Jæren. Havremylna og bygdamylna.
(Eigar: Rogaland Felleskjøp)

rismylnor med verdesum 1 263 000 kronor og 2 maismylnor som hadde eit verde på 278 000 kronor.

Men dette er likevel ikkje heile verdet på alle mylnor og kvernar som finst i landet. Gardskvernane er her ikkje komne med. Dersom ein skulde freista å rekna ut verdet på desse og, lyt ein ansa på at slike kvernar, serskilt når dei er fastbygde, sjeldan kann seljast åleine, men berre i hop med garden dei høyrer til. Verdet på kverna vil då jamt vera berre ein part av verdet på heile garden. Grøypekvernane som er til å flytja kann dei derimot skilja ifrå og selja og desse er det greidare å få fram verdet på. Det er likevel berre etter eit skyn verdesummen på gardskvernane kan reknast ut, og det er medelsverdet på bygdamylnone av same slaget som er teke til rettleiding. Med utjamna tal kann verdet

på alle gardskvernar (og -mylnor) setjast til $8\frac{1}{2}$ mill. kronor på lag og burtimot 50 mill. kronor skulde då vera kapitalverdet av alle mylnor og kvernar vi hev her i landet.

Handelsmylnor:

Som sagt ovanfor kjem mestaparten av verdesummen på handelsmylnone. I tabellane er desse mylnor skilte i ymse flokkar etter kornslaga som dei mel. Verdesummane som fell på dei ulike slag handelsmylnor er skrivne upp her i samandrag :

Handelsmylnor :	Bruk	Skattetakstverde Kronor	Prosent av heile verdet
Brødkornmylnor (kveite, rug- og byggmylnor)	17	23 067 100	86,8
Havre- og rismylnor	17	2 049 000	7,7
Maismylnor	29	1 458 000	5,5
Allle handelsmylnor . . .	63	26 574 100	100,0
Av dette fall på:			
Mylnor	45	26 472 100	99,6
Kvernar (berre til maismaling)	18	102 000	0,4

Dei store brødkornmylnone — dei som mel kveite, rug og bygg til matmjøl og som folk jamnast plar meina på når dei talar um handelsmylnor — tek upp åleine burtimot 87 pst. eller meir enn $\frac{6}{7}$ av heile verdesummen. Verdet, som desse 17 mylnone hev, er gjeve upp til 23 067 100 kronor i alt. Ikkje langt ifrå 8 pst. av verdesummen fell på havre- og rismylnone og millom 5 og 6 pst. på maismylnone. Millom maismylnone er det nokre kvernar og, 18 i talet, men dei hev ikkje større verde i saman enn 100 000 kronor på lag, og av heile summen vert dette ikkje so mykje som ein halv pst.

Bygdamylnor:

Um salsverde og lån på brukta, sjå tabellen på næste sida.

På valsemylnone som er dei mest kostesame brukta med medelsverde ikring 48 000 kronor kvar, kjem mesta $\frac{3}{5}$ (58,2 pst.) av salsverdet for alle bygdamylnor og på dei andre mylnone $\frac{1}{3}$ (33,0 pst.). Her er då ikkje tekne med dei 14 handelsmylnone som var bygdamylnor attat. Tala for desse (som alle var valsemylnor) er i tabellen settet til etter bygdamylnone. Ein tykte det kunde vera ynskjeleg å få dei med av di det finst uppgåvor um låna på desse.

Kvernane tek upp isaman snaudt 9 prosent av verdesummen. Lægste medelsverdet hev kallkvernane med 2 000 kronor på kvart bruket. Dette er likevel mykje meir enn ein kann rekna som medeltal på dei

Heile landet :	Salsverde			Lån			
	Bruk	Verdesum Kronor	Medels- verde for kvart bruk Kronor	Bruk	Prosent av alle bruk	Lånesum Kronor	Prosent av sals- verdet
Valsemylnor	181	8 664 650	47 871	181	100,0	6 033 670	69,6
Andre mylnor	308	4 906 700	15 931	276	89,6	3 063 703	62,4
Mylnor i alt	489	13 571 350	27 753	457	93,5	9 097 373	67,0
Kallkvernar	346	695 280	2 009	83	24,0	168 525	24,2
Grøypekvernar	87	178 350	2 050	37	42,5	85 245	47,9
Andre kvernar	76	444 675	5 851	55	72,4	249 476	56,1
Kvernar i alt	509	1 318 305	2 590	175	34,4	503 246	38,2
Bygdamylnor alt i alt .	998	14 889 655	14 920	632	63,3	9 600 619	64,5
Til dette kan leggjast dei handelsmylnor, som i 1927—29 var godkjende som bygdamylnor (alle desse var valsemylnor) .	14	1 541 000	110 071	10	71,6	1 027 667	65,7

vanlege gards-kallkvernane. Det finst millom bygdamylnone ikkje so fåe etter måten heller store kallkvernbruks med heilt upp til 7 kvernar i same huset og serskilde turkegreidor attåt. Desse dreg sjølv sagt medelsverdet uppyver. Men elles er i det heile bygdakallkvernane meir kostesame og tidhøvelege enn dei vanlege gardskvernane av same slaget. Og det same gjeld um grøypekvernar og andre kvernar og.

Den flokken som er kalla „andre kvernar“ hev som ein kann sjå ikkje so lite høgare medelsverde enn kallkvernar og grøypekvernar. Mange av dei kvernane som er rekna med her, vil koma langt upp imot mylnor (andre mylnor) når ein reknar etter kostnaden og den innreidinga dei hev.

Lånesummen på bygdamylnone er 9,6 mill. kronor. Men då er, som det er sagt framum, ikkje alle lån med. Det som vantar hev likevel ikkje stort å segja og kann ikkje skipla prosenttala noko sers. Av heile lånesummen tek mylnone 9,1 mill. på lag eller burtimot 95 pst. og kvernane vel 5 pst. Um valsemylnone er det gjeve upp at alle (100 pst.) hev lån og låna er jamtyver 70 pst. av salsverdet. Lånesummen på desse mylnone gjeng upp til meir enn 6 mill. kronor. Handelsmylnone som driv leigemaling attåt er ikkje med i dette tal. Av dei andre mylnone hev ikring 90 pst. gjeve upp at dei hev lån og med ein låneprosent på 62,4 av salsverdet. So gjeng låneprosenten og prosenten av bruk som hev lån nedyver med kvart medelsverdet på bruks vert lægre, heilt ned til 24 prosent millom kallkvernane (både låneprosent og prosent av bruk med lån).


Set ein desse prosentala i hop med dei som fyrr er tekne fram um brandtrygdinga, kann ein sjå grant at alle desse rekkjone gjeng jamsides. Dette er elles ikkje noko rart med di ein lyt tru at dei som gjev lån jamnast vil setja som vilkor at bruket skal vera brandtrygda.

Salsverde og lån var i dei ymse landsboltane:

Bygdamylnor :	Salsverde			Lån			
	Bruk	Verdesum Kronor	Medels- verde på kvart bruk Kronor	Bruk	Prosent av alle bruk	Lånesum Kronor	Prosent av sals- verdet
I. Austlandet							
Mylnor	147	6 393 100	43 490	147	100,0	4 132 929	64,6
Kvernar	10	27 200	2 720	1	10,0	0	0,0
I alt	157	6 420 300	40 894	148	94,3	4 132 929	64,4
II. Upplanda							
Mylnor	134	3 473 200	25 919	134	100,0	2 682 452	77,2
Kvernar	27	78 500	2 907	7	25,9	13 100	16,7
I alt	161	3 551 700	22 060	141	87,6	2 695 552	75,9
III. Sørlandet							
Mylnor	51	963 400	18 890	51	100,0	778 197	80,9
Kvernar	71	240 400	3 386	31	43,7	96 597	40,2
I alt	122	1 203 800	9 867	82	67,2	874 794	72,7
IV. Vestlandet							
Mylnor	65	1 117 300	17 189	57	87,7	564 313	50,5
Kvernar	189	503 155	2 662	75	39,7	240 289	47,8
I alt	254	1 620 455	6 380	132	52,0	804 602	49,7
V. Trøndelag							
Mylnor	76	1 416 850	18 643	57	75,0	801 767	56,6
Kvernar	168	409 950	2 440	49	29,2	125 800	36,8
I alt	244	1 826 800	7 487	106	43,4	927 567	50,8
VI. Nordlanda							
Mylnor	16	207 500	12 969	11	68,8	137 715	66,4
Kvernar	44	59 100	1 343	12	27,3	27 460	46,5
I alt	60	266 600	4 443	23	38,3	165 175	61,9

Ein stor part av verdesummen og likeins av låna fell på Austlandsbruka, millom 43 og 44 pst. av landssummen i både rubrikkar, Upplanda hev millom 20 og 30 pst. av landssummen dei andre landsboltane mindre.

Medelsverdet er rekna ut for alle mylnor lagde i saman og for alle kvernar i hop. Det syner seg at medelsverdet på mylnone er mykje høgare på Austlandet enn i nokon av dei andre landsboltane. Her hev vi soleis dei tidhøvelegste og mest kostesame bruka. Nærast etter kjem Upplanda. På Sørlandet, Vestlandet og i Trøndelag er medelsverdet noko



Bil. 51.
Thisteds mølle, Hønefoss. (Bygdamylna).

nær det same, millom 17 000 og 19 000 kronor og i Nordlanda der det er lægst, kostar kvar mylna 13 000 kronor på lag.

Millom kvernane er skilnaden ikkje so stor. Sørlandet hev her dei mest verdefulle og medelsverdet vert so mindre di lenger nordover vi kjem. Prosenttalet av bruk med lån ser det ut til er høgst på Austlandet og derifrå fell talet jamt i dei andre landsboltkane vest og nordetter i



Bil. 52.
Ulsaker mølle i Hemsedal. Bygdamylna („Anna kvern“) driven med elektrisk kraft.

den rekkja dei er sette opp i tabellane. I uppsetet ovan er det rekna ut at det på kvar bygdamylna kjem ein medels låneprosent på 64,5, når ein tek salsverdet til grunnlag. Dette medelstalet er på lag det same som brukta på Austlandet hev. På Upplanda er skulda høgare, jamtyver 76 prosent av verdesummen og likeins på Sørlandet ikring 73 pst. Vestlandet stend best, med ein lånesum som er under halvparten av verdesummen (49,7 pst.), men jamvel i Trøndelag er låneprosenten mesta like låg (50,8 pst.). I Nordlanda er prosenten nær uppåt den same som på Austlandet.

XI. Drivkraft i 1927—29.

Etter den stutte historiske utgreidinga som er gjeven framanfor, var det upphavleg berre vatn som vart nytta til drivkraft åt dei norske mylnone og kvernane. Og noko anna drivkraft var truleg ikkje kjend heller her i landet fyre 16-hundradtalet, då det vart gjort ein freistnad med vindmylnor.

Frå 1840-åra på lag og framryver til siste hundradårsskiftet fekk vi so nokre eimkraftmylnor, (dampmylnor), men det vart ikkje mange av desse. Folk heldt fram med å byggja fossekraft-bruk.

I dei seinaste 20—30 åra er det likevel vorte ikkje so lite umsnunad på dette umkvervet, sidan elektrisiteten og eksplosjonsmotoren kom til. Det er fulla endå so at stormengda av brukta vert drivne med vasskraft, men denne drivkrafta hev ikkje eit slikt yvertak no lenger at ein kann segja ho mesta er einrådig. Serskilt er elektrisiteten komen mykje i bruk og i sume landsbolkar råder denne drivkrafta endåtil fleirtalet millom mylne- og kvernbruksa.

Nokre bruk nyttar fleire slag drivkraft. Det er då anten laga til soleis at dei ulike partar av verket i mylna eller kverna vert drivne med kvar si serskilde drivkraft eller det kann og vera so at det eine kraftslaget er hovuddrivkraft og det andre hjelpekraft når hovudkrafta vert for lita eller når det trengst meir kraft enn til vanleg. I dei bruka som nyttar fleire slag drivkraft er det elles rekna med at den krafta som driv sjølv maleverket er hovuddrivkrafta. Er det fleire slag drivkraft jamvel til maleverket hev ein teke vasskrafta, dersom ho finst, som hovuddrivkraft og elles elektrisiteten.


Talet på bruk med ymse slag hovud-drivkraft og med hjelpekraft var. (Sjå tabellen næste sida):

Burtimot 70 pst. av alle bruk hev vasskraft som einaste drivkraft eller som hovuddrivkraft. So kjem elektrisitet med 27 pst. og eksplosjonskraft med 3 pst. Det er berre 29 bruk i alt (0,3 pct.) som hev anna slag drivkraft enn dei som her er nemnde. Flestalle av desse (20 i det heile)

	Rette tal				Samanlikningstal (%)			
	Handelsmylnor	Bygda-mylnor	Gardskvernar	Alle bruk	Handelsmylnor	Bygda-mylnor	Gardskvernar	Alle bruk
Hovuddrivkraft.								
Vasskraft	23	766	6793	7582	36,5	76,4	68,9	69,4
Elektrisitet	40	210	2707	2957	63,5	20,9	27,4	27,0
Eksplosjonskraft	--	22	336	358	--	2,2	3,4	3,3
Eimkraft	--	5	15	20	--	0,5	0,2	0,2
Anna	--	--	9	9	--	--	0,1	0,1
I alt . . .	63	1003	9860	10926	100,0	100,0	100,0	100,0
Av desse hadde hjelpekraft	14	61	22	97	22,2	6,1	0,2	0,9

nyttar eimkraft. Av dei 9 brukna som då stend att, og som alle er gardskvernar, vert 5 drivne med vindhjul og 4 med hestemakt.

Millom handelsmylnone er talet no større på dei som hev elektrisitet til drivkraft enn på dei som nyttar vasskraft. Bygdamylnone og gardskvernane hev derimot halde meir fast på vasskrafa og serskilt gjeld dette um bygdamylnone. Men vi lyt då hugsa på at det er ein mykje lægre prosent med grøypekvernar i bygdamylneflokken enn millom handelsmylnor og gardskvernar.



Bil. 53.
Eggum molle i Nes (Romerike).

Som venteleg var synet det seg at handelsmylnone hev det høgste prosentalet av bruk med hjelpekraft (22,2 pst.), gardskvernane det lægste (0,2 pst.). Imillom desse kjem bygdamylnone. I alt var det 97 bruk som hadde fleire enn eit slag drivkraft. 94 av desse hadde two slag drivkraft og 3 (ei handelsmylna og two bygdamylnor) tri slag, 2 vatn, elektrisitet

og eimkraft, (1 handelsmylna og 1 bygdamylna), 1 vatn, elektrisitet og ekspljosjonskraft (bygdamylna). Hovuddrivkrafa er her sett først.

Avgjørelsen om dei 94 som hev two slag drivkraft (13 handelsmylnor, 59 bygdamylnor og 22 gardskvernar) hadde mestaparten elektrisk kraft som hjelpekraft attåt vasskrafta. Dei hopelega som fanst var desse:

A. Bruk med *vasskraft* til hovuddrivkraft:

Hjelpekraft:	Elektrisitet	62 (10 handelsm., 50 bygdam., 2 gardskv.)
"	Ekspljosjonskraft	9 (7 bygdam., 2 gardskv.)
"	Eimkraft	2 (1 handelsm. og 1 gardskv.)
Ihoplagt		73

B. Bruk med *elektrisitet* til hovuddrivkraft:

Hjelpekraft:	Ekspljosjonskraft	12 (1 bygdam., 11 gardskv.)
"	Eimkraft	5 (1 bygdam., 4 gardskv.)
"	Vasskraft	3 (2 handelsm., 1 gardskv.)
Ihoplagt		20

C. Bruk med *ekspljosjonskraft* til hovuddrivkraft:

Hjelpekraft: Vasskraft 1 (gardskvern).

Reknar vi ut prosenttalet etter den hovuddrivkraft brukta hev, får vi denne rekka:

Hovuddrivkraft	Hjelpekraft	Prosent
Slag	Bruk	%
Vasskraft . . .	7 582	76
Elektrisitet . . .	2 957	20
Ekspljosjonskraft .	358	1

Det er soleis vasskraftbruka som mest treng hjelpekraft og grunnen til dette er sjølv sagt at vatnet i turketider kann vera burte eller gjeva for lita kraftmengd til full drift. Noko nær det same gjeld fulla elektrisiteten og. Den elektrisitetsmengda som er tinga frå verket kann verta for snaud til sume tider soleis at dei lyt skøyta på med anna kraft, og då mest ekspljosjonskraft.

Når vasskraft i nokre einstaka fall er sett opp som *hjelpekraft* lytt ein som sagt fyrr og, lesa dette soleis at vasskrafta her er for lita til å driva heile mylneverket eller kvernane. Ho vert då nytta til turkone eller reiniskeverket.


På næste sida er det vist kva slag drivkraft dei ymse slag mylnor og kvernar nyttar.

Dersom ein jämfører mylnone med kvernane — alle slag av desse lagde i hop — er det ikkje so stor skilnad på prosenttala. Det er ein lite høgare prosent av bruk drivne med vasskraft millom mylnone enn den som kvernane hev, og ein større prosent med anna drivkraft (enn vatn og elektrisitet) millom kvernane enn i mylneflokken, men elles er tala ikkje so heilt ulike. Men mykje større vert ulikskapen når ein gran-

Heile landet :	Rette tal				Samanlikningstal (%)			
	Vass-kraft	Elektri-sitet	Anna driv-kraft	I alt	Vass-kraft	Elektri-sitet	Anna driv-kraft	I alt
Valsemylnor	145	82	2	230	63,0	36,1	0,9	100,0
Andre mylnor	272	66	2	340	80,0	19,4	0,6	100,0
Mylnebruk i alt . . .	417	149	4	570	73,2	26,1	0,7	100,0
Kallkvernar	6934	—	—	6934	100,0	—	—	100,0
Grøypekvernar	98	2595	364	3057	3,2	84,9	11,9	100,0
Andre kvernar	133	213	19	365	36,4	58,4	5,2	100,0
Kvernbruk i alt . . .	7165	2808	383	10356	69,2	27,1	3,7	100,0
Aller bruk . . .	7582	2957	387	10926	69,4	27,0	3,6	100,0

skar prosenttala, som gjeld dei serskilde slag av mylnor og av kvernar. Kvernane er her mest ulike.

Av valsemylnone hev millom $\frac{3}{5}$ og $\frac{2}{3}$ av brukna vasskraft og noko yver $\frac{1}{8}$ elektrisk drivkraft. Millom „andre mylnor“ er det $\frac{4}{5}$ som er drivne med vatn og ikkje fullt $\frac{1}{5}$ med elektrisitet. Det er soleis dei mest tidhøvelege mylnone (valsemylnone) som hev det største talet med bruk tilskipa til elektrisk drift.



Bil. 54.
Njølnerød mølle, Idd i Østfold.

Um kvernane gjeld mykje det same. Dei gamle gards-kallkvernane er sjølvsgåt alle vassdrivne. Av dei moderne grøypekvernane er 85 pst. på lag ($\frac{6}{7}$) drivne elektrisk og ikring 12 prosent med „anna drivkraft“, det vil då her segja mesta berre eksplosjonskraft.

Den flokken som er kalla „andre kvernar“ stend på ein millomplass millom dei two nemnde kvernslagene, eller ein kann og segja dei stend imillem grøypekvernar og „andre mylnor“.

Korleis talet på bruk med hjelpekraft er imillom dei ulike mylne- og kvernslaga kann vi sjå her.

Heile landet :	Bruk i alt	Av desse hadde hjelpekraft	
		Bruk	Prosent
Valsemylnor	230	43	18,7
Andre mylnor	340	27	7,9
Mylnebruk i alt . . .	570	70	12,3
Kallkvernar	6 934	3	0,0
Grøypekvernar	3 057	19	0,6
Andre kvernar	365	5	1,4
Kvernbruk i alt . . .	10 356	27	0,3
Alle bruk . . .	10 926	97	0,9

Tala her måtar godt i hop med det som er nemnt framum. Mylnebruka og helst då dei største av deim, valsemylnone, er dei som nyttar hjelpekraft mest.

Millom kvernane kan ein sjå den vanlege rekka. Høgste prosenten med hjelpekraft hev „andre kvernar“. So kjem grøypekvernane og sist kallkvernane, som hev berre 3 bruk med hjelpekraft. Av dei 97 bruk med hjelpekraft fell 70 på mylnone og 27 på kvernbruka.

I dei store landsboltane var talet på bruk med ulike slag drivkraft. (Sjå tabellen næste sida).

Austlandet hev soleis det lægste talet med vasskraft-bruk og det gjeld både når ein ser på dei rette tala og samanlikningsprosentane. Mindre enn 15 pst. av brukna nyttar her vasskraft, og burtimot 78 pst. elektrisk kraft. Dette kjem seg fulla mykjegodt av at dei elektriske kraftlinene er so utgreina yver denne landsbolken at det er sers lagleg å få leiga kraft alle stader. Dessutan er det lite med gards-kallkvernar, men mange fleire grøypekvernar her enn i nokon av dei andre landsboltane og som det er vist ovanfor er det helst elektrisitet som vert nytt til dette sistnemnde kvernslaget. Talet på bruk drivne med eksplosjonskraft er og etter måten heller stort på Austlandet, større enn i nokon av dei andre landsboltane.

Gjeng vi so til Sørlandet, Vestlandet og Nordlanda er tala snudde heilt um. Her er det vasskrafta som råder grunnen og serskilt gjeld dette um Vestlandet der anna drivkraft enn vasskraft vert nytt berre i $6\frac{1}{2}$ prosent av alle brukna. Vasskrafta tek her upp $93\frac{1}{2}$ pst. på lag. I alt var det på Vestlandet 4 322 bruk med vatn til drivkraft og det er mykje

	Vass-kraft Bruk	Elektri-sitet Bruk	Eksplo-sjons- kraft Bruk	Anna driv- kraft Bruk	I alt Bruk	Av desse hadde hjelpekraft Bruk
Rette tal.						
I. Austlandet	205	1093	99	7	1 404	27
II. Upplanda	340	794	64	10	1 208	30
III. Sørlandet	1228	234	42	—	1 504	11
IV. Vestlandet	4322	277	28	1	4 628	15
V. Trøndelag	955	527	97	5	1 584	13
VI. Nordlanda	532	32	28	6	598	1
Heile landet . . .	7582	2957	358	29	10 926	97
Samanlikningstal (pst.).						
I. Austlandet	14,6	77,8	7,1	0,5	100,0	1,9
II. Upplanda	28,2	65,7	5,3	0,8	100,0	2,5
III. Sørlandet	81,6	15,6	2,8	—	100,0	0,7
IV. Vestlandet	93,4	6,0	0,6	0,0	100,0	0,3
V. Trøndelag	60,3	33,3	6,1	0,3	100,0	0,8
VI. Nordlanda	88,9	5,4	4,7	1,0	100,0	0,2
Heile landet . . .	69,4	27,0	3,3	0,3	100,0	0,9

yver halvparten (57 pst.) av alle vasskraftbruk i landet. Det er sjølv sagt alle dei gamle gardskalkverna som gjer at talet på vassdrivne bruk her kjem so høgt upp. I prosent er elles ikkje Nordlanda langt etter, men talet på mylne- og kvernbruksomstillingar i denne landsbolken er i det heile ikkje stort. Upplanda og Trøndelag stend imillom Austlandet og dei andre landsbolkane som er nemnde, Upplanda ser det ut til hev mest likskap med Austlandet, men Trøndelag med dei andre.

Av bruk med hjelpekraft hev Upplanda det største talet og jamvel den høgste prosenten og herifrå fell prosenten jamt når ein fer talrekka igjenom nord- eller sørretter. Den lægste prosenten hev Nordlanda, der det finst berre eitt bruk med fleire slag drivkraft.

XII. Drivverk i 1927–29.

Som vi veit er kallkverna det eldste maleverket med mekanisk drivkraft vi kjenner her i landet. Drivverket her er kvernkall.

Då mylna sidan kom inn frå vesterlanda — truleg med kristendomen eller kann henda alt i vikingtida — fekk vi eit nytt drivverk — vasshjulet.

I fyrste helvta av attanhundradtalet vart *turbinen* funnen opp (Francisturbinen er frå 1849). Men det tok tid fyrr denne fekk nokon framgang her i landet, og det er i røynda berre i dei siste 50 åra at turbinen hev fenge yvertaket og no hev slege mykje ut dei gamle vasshjula. Ikkje


lenger attende enn til 1909 var det slik at mylnone i tal hadde fleire vasshjul enn turbinar. No er dette snudd heilt um. Det er mange fleire turbinar enn vasshjul som vert nytta til kornmaling.

Det er nemnt fyrr, at vi hev havt nokre fåe vindmylnor, men desse er for lenge sidan komne burt.


Avg mylnor med eimkraftverk finst det att ei og anna. Flestalle av desse er grøypekvernar drivne med lokomobil.

Attåt dei drivverka som her er nemnde hev vi i dei siste 30—40 åra fenge ymse slag motorar til drivwerk både åt mylnor og kvernar. Desse motorane vert drivne anten med elektrisk kraft eller med eksplosjonskraft. Serskilt hev elektromotorane fenge stort råderom og dei trengjer seg meir og meir fram med kvart. I tabellane er det teke med uppgåvor yver alle dei ulike slag drivverk som no vert nytta til mylnone og kvernane i landet. Ein skal først gjeva ei stutt utgreiding um kvart slaget og vil der setja til nokre serskilde merknader um sume av dei:

1. *Kvernallen* er som nemnt det eldste drivverket vi hev til å driva kvernar. Den er i røynda ein primitiv turbin med loddbein ås (vanleg kalla stokk eller kjevle) som øvst uppe er fest til yversteinen på kverna og på den nedste enden hev påsett nokre skovlar (fjører, skjæker eller spjeld) som vatnet slær mot og dermed driv ikring. Kvernallen er vanleg av tre og heilt open (utan band kring fjørene). I seinare tid er det og laga opne kvernallar med fjører av jarn og nokre fåe endåtil med jarn både i stokk og fjører,



Bil. 55.
Gamal kvernall.
(Frå Borgund i Sogn).



Bil. 56.
Kvernall, den nedste lutten med spjelda (eller fjørene).




Bil. 57.
Kvernall med spjeld av jarn.
(Frå Volda, Sunnmøre).

turbinkallane og nokre av dei mest tidhøvelege skil seg lite frå turbinar. I tabellane er alle kallar med band kring fjørene rekna for turbinkall. Turbinkallen er endå so ny at han ikkje hev breidd seg yver heile landet. I Nordland — nordanfor Helgeland — og i Troms fylke er han ukjend. På Helgeland var det elles i 1927—29 berre ein einaste slik kall og han vart nytta til å driva ei grøypekvern. Ein kann difor fulla segja at han mesta er ukjend der og. Det er fleire av jordstyrta i Nordanlanda, som hev sagt frå um dette. I Trøndelag og sunnanfor er han derimot ikkje lite nytta og det ser ut som han breider seg meir og meir utsverder dei endå held kallkvernane uppe. Samstundes gjeng den opne trekallen attende som drivverk.

3. *Vasshjul.* Jamnast vert det rekna med tri slag vasshjul, y vervasshjul, undervasshjul og brystvasshjul. Brystvasshjula er her slegne ihop med undervasshjula, som ein helst kann rekna dei som ei grein av. Vasshjulet som er det upphavlege drivverket i dei brukta vi kallar *mylnor*, hev vassbein ås og krafta kann då ikkje gå beint yver på kvernsteinane soleis som ho gjer

men dei er ikkje mange. Stormengda er enno av tre. Det er berre opne kallar (av tre eller jarn) som er tekne med i tabellane som kvernall.

2. *Turbinkall.* Denne er ei millomform millom kvernall og turbin, som er komen til i dei siste 20—30 åra. Den opne kvernallen nytta lite ut vasskrafta. Verknaden er truleg jamt berre 15 høgst 20 pst. Folk hev då prøvd å betra dette på den måten at dei sette eit band kring fjørene på kvernallen. Sume hev samstundes laga fjørene av tunne jarnplåtor i staden for tre. Slike kallar nytta ut krafta mykje betre enn den vanlege opne trekallen. Dei vert no jamnast kalla for turbinkallar. Elles er det fleire ulike tillagingar av desse



Bil. 58.
Turbinkall (kvernall med „kring“).
Frå Volda, Sunnmøre.

når det vert nytta kvernkall eller turbinkall, men lyt skiftast um mest med kamhjul, soleis at ho kann verka på kverna som hev loddbein ås i desse mylnor og.




Bil. 59.
Yvervasshjull. (Frå den nedlagde Steinbekkmylna i Tune, Østfold).




Bil. 60.
Mylna driven med undervasshjul. (Botn mølle, Leiranger i Nordland).


4. *Turbin.* Alle turbinar er rekna isaman. Det er ikkje skilt millom sug- og trykkturbinar og ikkje millom dei ulike slag som finst av desse.



Bil. 61.
Francisturbin med snyrel (spiral).



Bil. 62.
Francisturbin, drivhjul.




Bil. 63
Peltonturbin.


Desse 4 slag drivverk er alle til vasskraftdrift.

Vi kjem so til dei drivverk som er til anna drivkraft og som iallefall her i landet er komne til i dei siste hundrad åra, og mestaparten jamvel etter siste hundradårskiftet.

5. *Elektromotor.* Denne motoren hev kome mykje i bruk i dei siste 20—30 åra, samstundes med at dei elektriske kraftlinone hev breidd seg ut yver bygdene. Serskilt mykje vert denne motoren nytt til grøypekvernar. Men det finst mange i dei andre mylne- og kvernbruka og.



Bil. 64.
Modern norsk elektromotor.




Bil. 65.
Vanleg elektromotor (med reimskiva påsett).

6. *Eksplosjonsmotor.* Det er ymse slag av desse motorar og dei vert oftast kalla etter brenslet dei nyttar, gasmotorar, bensinmotorar,


petroleumsmotorar, råoljemotorar. Det er ikkje gjeve upp at nokor kvern eller mylna her i landet hev gasmotor, men elles finst alle dei andre motorslag som er nemnde. Mestaparten av motorene nyttar bensin eller petroleum og mange både desse brenselslaga um einannan. Av råoljemotorar er talet ikkje stort.

7. *Eimverk.* Eimkrafa hev aldri vore



Bil. 67.
Lokomobil.

(Vert laga på ein maskinverkstad i Oslo).



Bil. 66.
Eksplosjonsmotor.
(Frå motorfabrikk i Oslo).

mykje nytta til norske mylnor eller kvernar og som det er vist framum er det no berre 20 bruk som hev eimkraft åleine eller dette kraftslaget til hovuddrift. Nokre fåe hev dessutan eimkraftverk til hjelp attåt anna

- drivkraft og drivverk. Største talet av eimkraftverka er lokomobilar. 8 og 9. *Vindhjul* og *hestevandring*. Nokre fåe gardskvernar vert drivne med slike drivverk. Til vanleg er dette då same drivverket som dei hev til treskeverket på garden.

I tabellen på næste sida er sett opp talet på drivverk i bruk med ulike slag maleverksemrd.

I alt var det 12 165 drivverk eller kraftmaskinor av ymse slag som i 1927—29 vart nytta til mylne- og kverndrift her i landet. 285 av dei fall på handelsmylnone, 1 694 på bygdamylnone og 10 186 på gardskvernane. Medeltalet av drivverk rekna ut på 100 bruk var:

I handelsmylnor	452
I bygdamylnor	169
I gardskvernar	103
og i alle bruk hoplagt	111

Gjer ein ei slik utrekning for dei ymse slag drivverk der det er høve til det, fær ein same rekkjefylgja, jamvel um ein so kjem til andre tal.

	Handels-mylnor		Bygdamylnor		Gardskvernar		Alle mylnor og kvernar	
	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk
Kvernkall	1	1	234	384	5751	5 915	5 986	6 300
Turbinkall	—	—	147	236	903	917	1 050	1 153
Vasshjul	3	6	114	161	186	190	303	357
Turbin	22	32	345	472	70	71	437	575
Vasskraft-verk i alt . .	25	39	766	1253	6795	7 093	7 586	8 385
Elektromotor	51	244	262	403	2710	2 715	3 023	3 362
Eksplosjonsmotor	—	—	31	31	349	349	380	380
Eimverk (dampmask.) . .	2	2	7	7	20	20	29	29
Andre drivverk	—	—	—	—	9	9	9	9
Drivverk i alt . . .	63	285	1003	1694	9860	10 186	10 926	12 165

Av dei ulike slag drivverk hadde kvernallen det største talet. Mesta 6 000 bruk (5 986) hadde anten berre kvernall eller kvernall i lag med anna drivverk med 6 300 kvernallar i alt. Av drivverk elles til vasskraft kjem turbinkallen nærest etter med 1 153 kallar i 1 050 bruk. Turbin hadde 437 bruk med i alt 575 turbinar. I turbintalet er ikkje tekne med turbinar til å laga elektrisk kraft, som vert nytta til å driva elektromotorar. Men sjølvsgart er då motorane tekne med. Av vasshjul fanst det 357 i 303 bruk. Talet på vasshjul i mylnone minkar snøggt frå år til år. Mange av vasshjula driv sag attåt mylna eller kverna og det ser ut til at vasshjula der held seg eit grand betre ved lag enn i dei brukta der dei berre er til mylne- eller kverndrift. Av vasshjula var:

	Yvervasshjul	Undervasshjul og brystvasshjul	I alt
Handelsmylmor	6	—	6
Bygdamylnor	123	38	161
Gardskvernar	152	38	190
Alt i alt	281	76	357


Ihoplagt var det 7 586 bruk som hadde vasskraft-verk av eit eller anna slag. Talet svarar ikkje med summen av dei som hev dei ymse slaga, av di ikkje so fåe bruk hev fleire slag drivverk. Av dei drivverka som ikkje er til vasskraft, kjem fyrst elektromotorar — 3 023 bruk med 3 362 motorar — og dinæst eksplosjonsmotorar, i alt 380 i like mange bruk. Inga mylna eller kvern hadde meir enn ein eksplosjonsmotor. Eimverk (dampmaskinar) hadde 29 bruk med same tal maskinar. Av andre drivverk enn dei som er nemnde her, fanst det 5 vindhjul og 4 hestevandringer.

Ser vi so etter um talet på drivverka i bruk med ymse slag maleverksemrd, syner det seg at handelsmylnone etter måten hev eit uvanleg

høgt tal med elektromotorar, 244 i alt på 51 bruk. Elles nyttar handelsmylnone mykje turbinar (22 bruk med i alt 32 turbinar), mest Francis-turbinar på Austlandet og Peltonturbinar på Vestlandet. Av andre slag drivverk hev handelsmylnone ikkje mange. Det finst berre ein kvernkall, 6 vasshjul og two eimverk, dei siste er båe hjelpekraftverk.

I mellom bygdamylnone fell største talet drivverk på turbinar, i alt 472 i 345 bruk. Av elektromotorar hev bygdamylnone 403 i 262 bruk. Kvernkallar fanst det 384 av (i 234 bruk) og av turbinkallar 236 i 147 bruk. Talet på vasshjul var 161 (114 bruk).

Gardskvernane hev mest kvernkall til drivverk (5 751 bruk med 5 915 kallar) og turbinkall (917 kallar i 903 bruk). Utum vasskraft-verka råder



Bil. 68.
Rogalandskvern med yvervasshjul til turka.
(M. Svhūs's kvern i Høyland)

elektromotorane (til grøypekvernar) største talet med 2 710 bruk og 2 715 motorar. Av eksplosjonsmotorar var det 349 til like mange bruk (mest grøypekvernar). Jamvel vasshjul og turbinar som drivverk hadde gardskvernane nokre av, i alt 71 turbinar (i 70 bruk) og 190 vasshjul (i 186 bruk). Dei vasshjula som fanst til gardskvernane er mest til turkone og serskilt mange er det av dei i Rogaland, 96 i alt (same tal bruk) og av desse 89 i kallkvernar. Det er sermerkt for kallkvernane i Rogaland dette at dei attåt kallen som driv kverna, hev eit lite yvervasshjul til rotaren i turka som då er ei vanleg plåteturka (rundturka). Slike kallkvernar finn ein yver heile Rogaland (mest i Dalane og på Jæren), men lite i dei andre strok i landet.

I dei ymse slag mylnor og kvernar som vi vanleg plar rekna med er talet på drivverka:

	Valsemynor		Andre mylnor		Mylnor i alt		Kallkvernar		Grøypekvernar		Andre kvernar		Kvernar i alt	
	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk
Yvervasshjul	15	33	61	88	76	121	110	111	21	21	27	28	158	160
Undervasshjul	2	3	12	12	14	15	32	32	14	14	15	15	61	61
Vasshjul i alt	17	36	70	100	87	136	140	143	35	35	41	43	216	221
Kvernkall	3	10	4	5	7	15	5931	6231	9	9	39	45	5 979	6 285
Turbinkall	2	5	6	10	8	15	1017	1113	7	7	18	18	1 042	1 138
Turbin	133	222	211	260	344	482	1	1	48	48	44	44	93	93
Elektromotor	121	402	87	134	208	536	2	3	2596	2600	217	223	2 815	2 826
Eksplosjonsmotor	5	5	5	5	10	10	1	1	356	356	13	13	370	370
Eimverk	2	2	4	4	6	6	—	—	19	19	4	4	23	23
Andre drivverk	—	—	—	—	—	—	—	—	7	7	2	2	9	9
I alt . . .	230	682	340	518	570	1200	6934	7492	3057	3081	365	392	10 356	10 965

Mylnor. Medeltalet på drivverk i kvart bruket er størst i valsemylnone og dinæst i andre mylnor. I det heile hev dei 570 mylnone 1 200 drivverk i alt. Det vert noko yver 2 drivverk på kvar mylna, mesta 3 på valsemylnone og vel so $1\frac{1}{2}$ på dei andre. Turbinen er her hovuddrivverket når ein reknar etter bruk. 133 valsemylnor og 211 av dei andre vert drivne med ihoplagt 482 turbinar. Reknar ein derimot etter drivverk, fell det største talet på elektromotorane som det er 536 av i 208 bruk. Vasshjul hadde 87 bruk (17 valsemylnor og 70 andre mylnor) med 136 hjul isaman. Det fanst eit par bruk som hadde valsestolar drivne med kvernall og turbinkall. Slike bruk er som nemnt framfor rekna til valsemylnor og ikkje til kallkvernar. Men elles er mestaparten av kvernallar og turbinkallar i mylnone, berre serskilde drivverk for tukone. Det same gjeld um nokre av vasshjula og, serskilt um undervasshjula.

Kjem vi so yver til *kvernane*, som ialt hadde 10 965 drivverk i 10 356 bruk, ser vi at kallkvernane attåt dei 7 344 kallane (6 231 kvernallar og 1 113 turbinkallar), hadde som drivverk 143 vasshjul og dessutan nokre motorar og ein turbin. Alle desse andre drivverka vart nytta til å driva korntukone, og dei er ikkje alle tider i same hus som kverna, men er sette inn i serskilde turkehus.

Grøypekvernane er som sagt fyrr mest drivne med motorar, stor mengda med elektromotorar, men nokre med eksplosjonmotorar og, 48 vart drivne med turbin og 35 med vasshjul, helst slike som stend i sagbrukshus eller i verkstad eller fabrikk, og krafta vert då jamnast førd yver til kverna med reimtrekk frå hovudturbinen som er til heile bruket.

Andre kvernar vert likeins mest drivne med elektromotor, men jamvel turbin og vasshjul er ikkje nytta so lite til desse brukna. Mange av dei er sette inn i sagbruk eller verkstad og vert drivne som eit sideyrke attåt hovudverksemda.

Dersom vi skil etter landsbolkar fær vi dei tala som er sette opp i tabellen på sida 104.

På Austlandet og på Upplanda tek elektromotoren upp største talet og dinæst kjem på Austlandet turbinen (116 bruk med 205 turbinar) og på Upplanda kvernall (199 bruk med 218 kellar). I dei andre landsfolkane er det kvernallen som råder fleirtalet millom dei ymse slag drivverk, men i Trøndelag er den elektriske motoren ikkje so langt undan i tal, og han stend i alle landsbolkar der han ikkje hev fleirtalet på andre plassen.

Medeltalet av drivverk rekna ut på 100 bruk er høgst på Austlandet med 119 drivverk og fell so med kvart ein fer igjenom landsfolkane vest- og nordetter til 104 i Nordlanda.

Mestaparten av brukna hev soleis berre eit drivverk. Men som nemnt framum gjeld dette i røynda berre um gardskvernane. I bygdamylnone og serskilt i handelsmylnone hev kvart bruket oftast fleire drivverk av same eller av ulike slag, og i handelsmylnone kann det vera heilt upp til 30 og fleire drivverk i same mylna. Det er røkt meir grant etter um

	Austlandet		Upplanda		Sørlandet		Vestlandet		Trøndelag		Nordlanda		Heile landet	
	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk	Bruk	Driv-verk
Yvervasshjul	16	33	32	58	27	28	139	142	13	13	7	7	234	281
Undervasshjul	3	3	4	4	19	20	22	22	19	19	8	8	75	76
Vasshjul i alt	17	36	35	62	45	48	159	164	32	32	15	15	303	357
Kvernkall	73	83	199	218	1088	1158	3492	3653	628	666	506	522	5 986	6 300
Turbinkall	9	12	12	15	63	71	735	767	230	287	1	1	1 050	1 153
Turbin	116	205	99	126	50	53	72	79	88	99	12	13	437	575
Elektromotor	1113	1223	814	839	242	303	287	406	535	558	32	33	3 023	3 362
Eksplosjonsmotor	103	103	73	73	44	44	29	29	102	102	29	29	380	380
Einverk	9	9	11	11	—	—	2	2	5	5	2	2	29	29
Andre drivverk	—	—	3	3	—	—	1	1	1	1	4	4	9	9
I alt . . .	1404	1671	1208	1347	1504	1677	4628	5101	1584	1750	598	619	10 926	12 165
Drivverk i medeltal på 100 bruk	119		111		112		110		110		104		111	

dette, og ein tek inn her nokre talrekjkjor som syner kor mange bruk det er som hev berre eitt eller hev fleire drivverk av *same slaget*. Det er ikkje teke noko med um dei hopeлага som finst med fleire *ulike* slag drivverk. Det vilde verta for umstendeleg og taka for mykje plass dersom ein skulde setja dette upp og. Men ein lyt likevel hugsa på det når ein fer yver tala, av di det vil vera sume bruk som er komne med i fleire rekjkjor. T. d. kann ei mylna som hev vasshjul til drivverk åt kvernane, ha kvernall til å driva turka eller eit bruk med turbindrift kann ha elektromotorar attåt til varadrivverk.

I rekjkjone er alle slag *kallar* slegne ihop til eitt, både kvernallar (trekkallar) og turbinkallar, og likeins er det gjort med alle slag vasshjul. Andre drivverk enn desse two slag og so turbinar og elektromotorar hev det ikkje vore turvande å taka med. Av ekspløsjonsmotorar, eimverk og andre er det *inkje* bruk som hev meir enn eitt drivverk.

Kvernallar, turbinkallar og vasshjul.

Talet på drivverk i kvart bruket:	Kvernallar og turbinkallar				Vasshjul			
	Alle bruk		Berre kall-kvernar		Alle bruk		Berre mylnor	
	Bruk	Kallar	Bruk	Kallar	Bruk	Hjul	Bruk	Hjul
1 drivverk	6680	6680	6604	6604	269	269	58	58
2 " "	284	568	277	554	20	40	15	30
3 " "	37	111	35	105	8	24	8	24
4 " "	14	56	12	48	6	24	6	24
5 " "	5	25	4	20	—	—	—	—
6 " "	1	6	1	6	—	—	—	—
7 " "	1	7	1	7	—	—	—	—
I alt . . .	7022	7453	6934	7344	303	357	87	136




Bil. 60.

Kvern med 7 kallar. (Brunes mølle i Høyland, Rogaland).

Det finst soleis kallkvernbruks med heilt opp til 7 kellar i same bruket, men flesteparten hev sjølvsagt berre ein kall. Det er serskilt bygdamylnone og då helst kallkvernane millom desse, som hev bruk med fleire kellarar. Imillom gardskalikvernane er det meir sjeldsynt at noko bruk hev meir enn ein eller i høgda two kellarar.

Det høgste talet på vasshjul i same bruket var 4. Det var i alt 6 bruk, ei handelsmylna og 5 bygdamylnor, som hadde eit slikt tal. Og 8 bruk hadde kvar 3 hjul.



Bil 70.

Mylne driven med yvervasshjul. (Rosendal bygdamylna, Kvinnherad i Hordaland).

Vi skal so sjå på dei meir tidhøvelege drivverka turbinar og elektromotorar. (Sjå tabellen næste sida).

Av turbinar var det 8 i ei mylna og elles var det nokre fåe bruk, — alle mylnor — som hadde 4, 5 og 6 turbinar kvar. Men det vanlege var her som elles at kvart bruket hadde berre eitt drivverk. Det var likevel vel so 20 pct. av alle brukta som hadde meir enn *ein* turbin, og reknar ein berre med mylnone vert det meir enn 25 pct. av alle. Av kvernane var det ikkje noko bruk som nytta meir enn *ein* turbin.

Elektromotorane hev ei talrekka som er noko annarleis enn den dei andre drivverka syner. Det er her 97 pct. av bruksa med berre ein motor, eit høgare procenttal med *eitt* drivverk enn i nokon av dei andre rekjkjone vi hev sett upp her. Det er sjølvsagt alle gardsgrøypekvernane som gjer at det første talet haugar seg opp på ein slik måte. Når vi kjem til bruksa med *two* motorar og uppyver fell tala jamnare og meir

Turbinar og elektromotorar.

Talet på drivverk i kvart bruket	Turbinar				Elektromotorar			
	Alle bruk		Berre mylnor		Alle bruk		Berre bygda- mylnor (og -kvernar)	
	Bruk	Tur- binar	Bruk	Tur- binar	Bruk	Motorar	Bruk	Motorar
1 drivverk	347	347	254	254	2919	2919	191	191
2 "	60	120	60	120	43	86	34	68
3 "	22	66	22	66	24	72	20	60
4 "	3	12	3	12	12	48	8	32
5 "	2	10	2	10	8	40	5	25
6 "	2	12	2	12	4	24	2	12
7 "	—	—	—	—	4	28	1	7
8 " og fleire	1	8	1	8	9	145	1	8
I alt . . .	437	575	344	482	3023	3362	262	403

smått nedetter enn i dei talrekjkjone som gjeld vasskraftverka. Dersom vi tek ut bygdamylnone serskilt vert rekkja mykje i samsvar med den vi hev under turbinar og helst den som der er sett opp um turbintalet i mylnone. Elektromotorane kjem elles høgare upp i talet på drivverk i kvart bruk, og grunnen til dette er det store tal elektromotorar som finst i sume handelsmylnor. Høgmålet var her 32 motorar i same mylna.

XIII. Hestekrafta i 1927–29.

Fråseigner um hestekrafttalet er komne inn frå alle handelsmylnor og bygdamylnor, men ikkje frå gardskvernane som elles ikkje var spurde um det heller. Tabellane syner den kraftmengda alle drivverka kan gjeva frå seg når dei vert nytta fullt ut, og alle drivverk som finst er tekne med, jamvel dei som berre er til hjelpeverk i hovudverket skulde stana.

Når det gjeld bygdamylnone gjer det likevel ikkje stor skilnaden anten ein tek hjelpeverka med eller ikkje. Hovudtala vert ikkje mykje brigda um ein rekna desse sistnemnde ifrå.

Noko annarleis er det med handelsmylnone. Sume av dei største brukna her hev heller store hjelpeverk som ikkje kann gå på same tida som hovudverket. Difor er det i tabellen yver handelsmylnone two rubrikkar med hestekraft ialt (for alle drivverka). Den eine syner den kraftmengda som drivverka kunde gjeva frå seg dersom dei var i full drift alle på ein gong. Den andre rubrikken viser kor mykje av krafta kann nyttast samstundes.

Um uppgåvone er det elles å segja at fråsegnene um hestekrafta når det gjeld turbinar og motorar, er heilslege og ser ut til å vera pålitande. Um vasshjula og kallane er ikkje uppgåvone fullt so gode, av di det

vantar melding um hestekrafttalet frå nokre av eigarane. Sume av desse hev og beintfram sagt ifrå at dei ikkje veit kor stor hestekrafta er.

Det er likevel berre eit fåtal vasshjul det her er tale um. Av kvernkal-
lar og turbinkallar vantar meldingar frå nokre fleire, endå um talet ikkje
er so serskilt stort her heller. Men det er grunn til å tru at flestalle av
dei som hev gjeve upp hestekraft på kallar og vasshjul hev teke talet
mykje på eit skyn, som likevel i det store og heile kann vera noko nær
rett. Det er elles truleg at hestekrafta, serskilt når det gjeld kallane er
sett opp på høgmålet etter den kraftmengda dei kann gjeva i flaumtider
då det er nøgda med vatn. Flestalle av kallkvernane er flaumkvernar og
gjeng helst medan det er flaum i bekkene, men meir sjeldan på andre
tider. Krafta på dei vasshjula og kallane som det vantar uppgåvor um,
er rekna ut etter medeltalet frå dei som hev gjeve fråsegner um hestekrafttalet,
og dette er gjort serskilt for kvart landskapet eller sume stader
for kvart fylket.

Endå um det er so at vi ikkje hev uppgåvor yver kraftmengda som
fell på *gardskvernane*, so let det seg likevel gjera å rekna ho ut på det
næraste, og i ein tilleggstabell attarst i tabellverket er det gjort ei slik
utrekning. Det er då gjenge ut frå medelskrafta på kvart drivverk av
same slaget i bygdamylnone, og utrekninga er teken serskilt for kvart
fylket eller — der som talet på brukar er lite — for kvar landsbolken.

No hev sjølvsgatt bygdamylnone jamnast drivverk som både er meir
tidhøvelege og gjev meir kraft enn dei som finst til gardskvernane og
ein kunde difor ikkje beintfram nyttar dei medeltal som stend i uppgåvone
um bygdamylnone til utrekninga. Ein laut gjera ein skilnad i tilfanget
soleis at medeltalet vart rekna etter dei bruk i bygdamylneflokken som
likjest mest på gardskvernane, slike bruk som i røynda er gardskvernar,
men er vortne godtekne som bygdamylnor av di dei hev mykje leigemål-
ling. På denne måten er hestekrafta rekna ut for kvernkal-
lar og vasshjul, som finst i gardskallkvernane. Og likeins med kallar og
vasshjul som driv grøypekvernar eller „andre kvernar“. Medeltalet er her
og teke ut frå bruk av same slaget i bygdamylnone.

Hestekrafttalet på turbinar og motorar er derimot rekna ut på eit
anna vis.

I skjemone frå gardskvernar med slike drivverk var det mange stader
sett til kor stor hestekrafta var på motoren eller tubinen, endå um det
ikkje var spurt um det, og desse uppgåvone er då nyttar til å taka ut ser-
skilde medeltal for kvar landsbolken. Dei medeltala som kom fram på
denne måten er so gonga ut (multiplisert) med talet på motorar og
turbinar i same landsbolken. Dette er gjort serskilt for ulike slag bruk.

Frå dei *mylnone* som finst i gardskvernflokkene var krafta for det
meste gjeven upp i skjemone og noko serskilt utrekning var soleis ikkje
turvande anna enn i einstaka fall og då etter medeltalet der uppgåvor
fanst. Ein lyt tru at hestekrafttalet på denne måten jamvel for gards-

kvernane er vorte so nær det rette som det er råd å få det, og det er ikkje rimeleg at uppgåvor frå eigarane — um dei vart sanka i hop — vilde syna nokon sers skilnad. Etter den utrekninga som her er nemnd er det teke med i tabellverket ein tilleggstabell yver kraftmengdene til gardskvernar i heile landet og i dei ulike landsboltane, men ikkje oppgåvor serskilt for fylke og landskap.

Legg vi no i hop all krafta som vert nytta til alle mylne- og kvernbruks i landet, fær vi dei tala som er sette opp i tabellane her nedan. Fyrste uppsetet syner kraftmengda som fell på dei ymse slag bruk:

Heile landet :	Handelsmylnor		Bygdamylnor		Gardskvernar		Alle bruk	
	Bruk	Hestekraft	Bruk	Hestekraft	Bruk	Hestekraft	Bruk	Hestekraft
Valsemylnor	44	15 977	183	12 987	3	105	230	29 069
Andre mylnor	1	75	309	12 711	30	498	340	13 284
Mylnor i alt	45	16 052	492	25 698	33	603	570	42 353
Kallkvernar	1	7	346	4 418	6 587	38 034	6 934	42 459
Grøypekvernar	15	149	87	1 221	2 955	25 301	3 057	26 671
Andre kvernar	2	62	78	1 634	285	2 854	365	4 550
Kvernar i alt	18	218	511	7 273	9 827	66 189	10 356	73 680
Mylnor og kvernar i alt	63	16 270	1 003	32 971	9 860	66 792	10 926	116 033

Heile hestekrafttalet som kjem frå drivverka i alle mylne- og kvernbruks i landet når desse gjeng med full drift, er soleis rekna i hop til 116 033. Av dette gjev drivverka i handelsmylnone 16 270, i bygdamylnone 32 971 og i gardskvernane 66 792. Det er då teke med heile krafta som alle drivverk kann yta på høgstemålet. Men som det er nemnt fyrr um handelsmylnone kann ikkje alle drivverka der gå samstundes. Det er nokre av dei som berre er til hjelp i tider då det vanlege drivverket ikkje kann nyttast. I tabellen yver handelsmylnone (4. tabellen) er det vist at heile kraftmengda som handelsmylnone evlar å nytta ut på ein gong berre kjem opp i 14 847 hk. i alt. Likevel hev ein tykt det var rettast å taka med ovanfor heile høgstetalet av di det då vert beste samsvaret med talet på drivverka som og er tekne med alle, jamvel dei som brukta berre hev til vare. Det som er sagt her gjeld og i nokon mun um bygdamylnone og eit grand um gardskvernane, men i desse two sistnemnde flokkane er dei drivverka som det er tale um so fåe at ein ikkje hev meint det er turvande å setja opp nokon serskild rubrikk til å syna skilnaden.

Av heile kraftmengda 116 033' hk. kjem 14 prosent på handelsmylnone, 28,4 pct. på bygdamylnone og 57,6 pct. på gardskvernane. Dersom ein mæler på ein annan måte kann ein segja at kraftmengda til bygda-

mylnone er på lag helvta (49 pst.) av den som fell på gardskvernane og handelsmylnone hev likeins ikring halvparten (49 pst) av den krafta bygdamylnone nyttar. Reknar ein derimot etter krafttalet på kvart bruket vert tilhøvet snudd heilt um, men dette kjem vi til sidan.

Avg dei ulike slag mylne- og kvernbruks tek kallkvernane, som og venteleg var, upp største hestekrafttalet med 42 459 hk. i alt. Det er serskilt millom gardskvernane at det er eit stort tal kallbruk og med det at eit høgt tal hestekraft fell på slike bruk. Burtimot 60 pst. av all hestekraft til gardskvernbruks kjem på kallbruk (kvernkall og turbinkall lagde i hop) og av landstalet kjem på slike bruk ikring 37 pst. Dinæst kjem, rekna med alle bruk, valsemylnone med 29 069 hk. og so grøype-



Bil. 71.
Mindra bygdamylna av det vanlege slaget frå dei siste åra.
(Valosen mølle i Bodin, Nordland).

kvernane med 26 671 hk. Mylnebruksa hev ikkje alle ihop fullt so mykje kraft som kallkvernane åleine, 42 353 hk. mot 42 459. Men so er og talet på mylnebruksa ikkje meir enn 8 pst. på lag av talet på kallkvernbruksa. Kvernane hev isaman yver 63 pst. av hestekrafta i heile landet og mylnone ikkje fullt 37 pst.

Dette var rekna etter *bruk*. Reknar ein etter *drivverk* vert tala som vist i tabellen øvst på næste sida.

Som ein kann sjå her er det av dei ulike slag drivverk, dei 3 362 elektromotorane som gjev største kraftmengda til mylne- og kverndrifta i landet, i alt 39 473 hk. Nærast etter kjem kvernkallane med 34 084, men reknar ein kvernkallar og turbinkallar i hop hev desse høgste krafttalet burtimot 43 000 hk. i saman. Dei 575 turbinane gjev i alt 26 161 hk. og kjem soleis på tridjeplassen når det gjeld landstalet. Ser ein serskilt på handels- og bygdamylnone, syner det seg at turbinkrafta i både desse flokkane hev fyrstepllassen, og på andre-plassen i både kjem elektromotorane.

	Handelsmylnor		Bygdamylnor		Gardskvernar		Alle bruk	
	Driv-verk	Hestekraft	Driv-verk	Hestekraft	Driv-verk	Hestekraft	Driv-verk	Hestekraft
Y vervasshjul	6	67	123	1795	152	898	281	2760
Undervasshjul	—	—	38	204	38	174	76	378
Vasshjul i alt	6	67	161	1999	190	1072	357	3138
Kvernkall	1	7	384	2531	5915	31546	6300	34084
Turbinkall	—	—	236	2169	917	6678	1153	8847
Turbin	32	8367	472	16367	71	1427	575	26161
Vasskraftdrivverk i alt	39	8441	1253	23066	7093	40723	8385	72230
Elektromotor	244	7079	463	9219	2715	23175	3362	39473
Eksplosjonsmotor	—	—	31	455	349	2600	380	3055
Einverk	2	750	7	231	20	275	29	1256
Andre drivverk	—	—	—	—	9	19	9	19
Allt i alt	285	16270	1694	32971	10186	66792	12165	116033

I dei ulike landsboltane var talet på hestekraft nytt til mylne- og kverndrift:

	Handels-mylnor HK	Bygda-mylnor HK	Gards-kvernar HK	Alle bruk HK
I. Austlandet	4 906	10 181	10 544	25 631
II. Upplanda	62	7 342	9 469	16 873
III. Sørlandet	2 038	3 528	8 357	13 923
IV. Vestlandet	7 600	4 218	24 954	36 772
V. Trøndelag	1 664	6 633	10 702	18 999
VI. Nordlanda	—	1 069	2 766	3 835
Heile landet	16 270	32 971	66 792	116 033


Når ein reknar med alle bruk, hev Vestlandet høgste krafttalet burtimot 37 000 hk. Det svarar til 32 pst. av heile kraftmengda. Som det er skrive fyrr kjem dette seg av at Vestlandet hev so mange store handelsmylnor og attåt dei ei mengd med små gards-kallkvernar. Den krafta som gjeng til bygdamylnone er mykje mindre på Vestlandet enn i dei store kornbygdane på Austlandet, på Upplanda og i Trøndelag. Næst etter Vestlandet hev Austlandet største krafta med 22 pst. på lag av heile landsmengda. Nordlanda hev minste talet 3 835 hk., vel 3 pct. av det heile.

